

Modernisering, etnisitet og emigrasjon

Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld til Nord- Amerika

1865 – 1925

av

Georg Åse

Hovudoppgåve i historie våren 2004
Institutt for Historie
Det samfunnsvitskaplege fakultet
Universitetet i Tromsø

INNHALD

1	INNLEIING	2
1.1	TEMA OG PROBLEMSTILLING.....	2
1.2	MODERNISERING OG UTVANDRING – EIN MODELL.....	5
1.3	FORSKINGSSTATUS	11
1.4	METODE, KJELDER OG KJELDEKRITIKK.....	16
1.5	ETNISITET; KVENSKE, SAMISKE OG NORSKE.....	21
1.6	UNDERSØKINGSOMRÅDET - BEFOLKNING OG BUSETTING	26
2	FORLØP, VOLUM OG STRUKTUR I UTVANDRINGA	32
2.1	UTVANDRINGA FRÅ DEI NORDLEGASTE LANDSDELANE.....	32
2.2	UTVANDRINGA FRÅ HAMMERFEST BY OG LANDSOKN.....	34
2.3	ALDER, KJØNN OG SIVILSTAND.....	38
2.4	ETNISITET.....	43
2.5	YRKE	47
2.6	REISEMÅL I NORD-AMERIKA OG PREPAID TICKET	50
2.7	SAMANDRAG	54
3	INTERN FLYTTING, FLYTTEKULTUR OG UTVANDRING	56
3.1	MIGRASJONSTYPOLOGI.....	56
3.2	FLYTTEKULTUR.....	60
3.3	NORDENS FRONTIER?.....	64
3.4	AVISER OG AGENTAR.....	70
3.5	SAMANDRAG	76
4	HANDELSKAPITALISME, FISKARBONDEØKONOMI OG UTVANDRING ...	77
4.1	BYDANNING OG FRIHANDEL.....	77
4.2	HANDEL, PRODUKSJON OG FISKE.....	81
4.3	MELLOM TRADISJON OG MODERNITET.....	85
4.4	POMORHANDELEN.....	89
4.5	HÅKJERRINGFISKET OG TRANPRODUKSJON	93
4.6	ISHAVSFANGST	96
4.7	SAMANDRAG	100
5	POLITIKK, RELIGION OG UTVANDRING	102
5.1	NORSK MINORITETSPOLITIKK I FINNMARK.....	102
5.2	HAMMERFEST UNDER FORNORSKINGSPOLITIKKEN.....	107
5.3	LÆSTADIANISMEN – RELIGIØS VEKKING OG ETNISK FELLESSKAP	112
5.4	LÆSTADIANISMEN - FRÅ HAMMERFEST TIL AMERIKA	115
5.5	SAMANDRAG	122
6	KONKLUSJON	124
6.1	TILBAKEBLIKK PÅ TEORI OG METODE	124
6.2	DRIVKREFTER OG UTVANDRINGSMOTIV	126
7	KJELDER OG LITTERATUR	134
8	TABELLAR OG FIGURAR - OVERSIKT	139

1 Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Då utvandringa til Nord-Amerika frå Nord-Noreg for alvor tok til på slutten av 1860-åra, hadde landsdelen lenge stått i mot amerikafeber som hadde spreidd seg i landet heilt sidan pionerane på sluppen "Restauration" segla ut frå Stavanger i 1825. I ei tid då nasjonen gradvis vart meir prega av industrialisering, urbanisering og demokratisering, auka folketalet til om lag det tredobbelte frå 1801 til omkring hundreårsskiftet, samstundes som utvandringa utover i andre halvdel av hundreåret fekk preg av masseutvandring. I hundreåret frå 1825 og fram til 1925, då folketalet steig frå om lag 1,05 mill. til om lag 2,70 mill., utvandra til saman om lag 810 000 nordmenn over Atlanteren.¹ Dei første 40 åra steig talet på utvandrarar langsamt og kom aldri over 4-5 promille per år, men frå 1866 auka intensiteten mot eit toppår i 1882, då om lag 29 000 menneske emigrerte, det vil seie 15 promille av gjennomsnittsbefolkninga.² I tiåret med den mest intensive utvandringa frå dei ulike skandinaviske landa emigrerte i gjennomsnitt fire av tusen innbyggjarar frå Danmark, sju av tusen frå Sverige og nesten ti av tusen frå Noreg. Noreg vart såleis blant dei landa i Europa med størst utvandring til Amerika i forhold til folketalet.³ Likevel var flokken av emigrantar frå Skandinavia liten samanlikna med utvandringsstraumen frå resten av dei europeiske landa, der folketalet var mykje høgre.

I Nord-Noreg, og særleg i Finnmark, vart folkeauken enda sterkare enn i landet under eitt, trass i at landsdelen stod tilbake i forhold til andre regionar når det gjaldt utvikling av teknologi og industri i den epoken som har fått namnet "det store hamskiftet" i norsk historie. Ikkje berre vart det født fleire barn nordpå, men i tillegg vart landsdelen eit tilflyttingsområde for folk sørfrå og for ein straum av innvandrarar frå nabolanda. For mange eigedomslause kom særleg Finnmark til å virke som eit alternativ til freistande tilbod om billig jord og lønsarbeid i Amerika. Særleg for fiskarar langs kysten som årvisst hadde for vane å søke nordover på sesongfiske, vart det neppe dramatisk å flytte nordover og etablere seg med hushald i eit område med høve til heilårsfiske og småbruk. Men heller ikkje for folk frå finske og svenske områder i Tornedalen, var det noko nytt i at ein drog til kysten av Nord-Noreg særleg i vanskelege tider når krig og uår gjorde det naudsynt.⁴ Mange av dei vart snart dyktige sjøfolk som ikkje berre tilpassa seg ressursane langs kysten, men faktisk vart

¹ NOS folketeljingar 1825-1930 (NSD), Backer 1965: 158

² Backer 1965: 157

³ Fuglerud 2001: 87

⁴ Niemi 2003-b: 128

ekspertar som fangstfolk langt innanfor iskanten i Arktisk. For desse vart såleis ikkje flytting og radikal næringstilpassing eit unnatak i livshistoria deira, kanskje snarare regelen.

Men då den amerikanske borgarkrigen var slutt i 1865, starta ein ny og langt meir intens fase i utvandringa frå Europa til Amerika. I den masseutvandringa som følgde vart også folk i hopetal frå Nord-Noreg, og ikkje minst frå Finnmark, rive med. Fylket fekk såleis ei utvandring som i visse periodar fram mot hundreårsskiftet oversteig gjennomsnittala for Troms og Nordland, men også for landet under eitt. Finnmark hadde faktisk i perioden 1866 til 1875 ei utvandring på 9,6 promille, mens tilsvarende tall for resten av riket låg på 6,8.⁵ Masseutvandringa i denne epoken representerer ein ny tendens i den transatlantiske emigrasjonen på 1800-talet. Den nordnorske utvandringa vart såleis ein del av den moderne utvandningsstraumen frå Europa som var motivert ut frå andre drivkrefter enn den tradisjonelle bondeutvandringa som prega utvandringa frå Noreg i første delen av hundreåret. No var det ikkje lenger emigrantane frå Sentral- og Nord-Europa på søken etter billig jord på den amerikanske prærien som dominerte, men heller sør- og austeuropearar som kjente seg freista av det urbane lønsarbeidet med pengeøkonomi og kapitalistisk produksjonstilhøve i den nye løfterike landet. I denne bølga kom også Finland med i masseutvandringa frå 1880-talet, som det siste av dei nordiske landa, om ein då ikkje tar med dei mange utvandrarane med finsk opphav som reiste ut frå Nord-Noreg allereie frå midten av hundreåret, etter eit visst opphald i landsdelen.⁶

På 1860-talet var Hammerfest på meir enn éin måte blitt ein by. Med eit folketal på om lag 1500, budde der like mange menneske på den smale landstripa under det bratte Salfjellet rundt hamna som i heile byen sitt landdistrikt elles. Noko meir konsentrert busetjing fanst der ikkje i Finnmark. Byen hadde eit aktivt handelsborgarskap som dreiv omfattande handel lokalt og internasjonalt, og blant befolkninga vart mange spesialiserte yrke representert som kjøpmenn, handverkarar, sjøfolk, fangstfolk og offentlege tenestemenn. Medan bysamfunnet på denne tida opplevde ei endringstakt så høg som aldri før, var truleg livet i landsoknet først og fremst prega av kontinuitet. Utviklinga i prestegjeldet må såleis ha synleggjort mange typar kontrastar mellom gammalt og nytt, både når det gjaldt økonomisk system og kultur.

På same måten som elles i den vestlege verda, verka byane som magnetar på det store folkeoverskotet som søkte ut frå den hardt pressa næringstilpassinga i mange jordbrukssamfunn. Også i Nord-Noreg var dette med på å skape urbanisering og sterk vekst i

⁵ Utvandringsstatistikk 1921: 29

⁶ Onnela 1977: 171-172

folketalet i byane. Det kan neppe vere tvil om at moderniseringa i byane med rask utvikling både når det gjaldt næringsliv, folketal og tenestetilbod, verka tiltrekkande på mange. På denne bakgrunnen kan det i utgangspunktet verke paradoksalt at nettopp byane - Vadsø, Vardø og Hammerfest - fekk den største utvandringa til Nord-Amerika då masseutvandringa sette inn i Finnmark. På den andre sida var det kanskje nettopp erfaringar og idear frå livet i dei nordnorske småbyane som skulle til for å få motivasjon til å legge ut på den lange reisa over Atlanterhavet. Samstundes som utvandringa frå byane steig, valde også stadig fleire av emigrantane å slå seg ned i urbane strok i Amerika.⁷

I ein artikkel av Einar Niemi om den kvenske innflyttinga til Nord-Noreg og utvandringa til Nord-Amerika, åtværer han mot å leggje for stor vekt på dei gamle og seigliva katastrofeteoriane som forklarar migrasjon først og fremst som flukt frå svelt, sjukdom og krig. Sjølv om slike årsaker i varierende grad var til stades i det nordfinske utvandringsområdet heilt fram til 1870-åra, ønskjer han ei sterkare fokusering på flytting som eit allment samfunnsfenomen, og større merksemd mot ”..demografiske trekk, som befolkningsvekst sett i forhold til økonomisk utvikling i utvandringsområdene, arbeidsmarkedsmekanismer, kjedemekanismer, nettverk og flyttekultur.”⁸ Om det ikkje var direkte naud som låg bak, men heller sjansen til betre levevilkår ved å velje eit nytt og kanskje meir attraktivt liv som motiverte til oppbrot, vert sjølvsagt dramatikken omkring utvandringa dempa. Eit interessant spørsmål blir då kva for risiko folk oppfatta ved å emigrere og slå seg ned i eit framandt land på andre sida av Atlanterhavet, og kvifor ikkje fleire frå Hammerfest drog same vegen som emigrantane.

Det er også nærliggande i ei emigrasjonsundersøking frå eit bysamfunn å spørje i kva grad sider ved det urbane livet verka inn på utvandringstrongen. På den eine sida kan ein lett tenkje seg at den raske folkeauken i byane skapte sosiale og økonomiske problem for dei som flytta inn og skulle etablere seg med hus og arbeid. Dei som kom sist vart ekstra sårbare for økonomisk konjunkturedgang, og såleis kanskje lettast å motivere til nytt oppbrot. Ettersom mange av innflyttarane var kvenar, vert det dessutan ei spørsmål i kva grad språklege, religiøse og kulturelle hindringar skapte problem når det gjaldt å etablere seg og verte integrert i bymiljøet. På den andre sida hadde byen fleire alternativ å freiste med for dei som berre hadde arbeidskrafta si å lite på. Dette gav fleire egedomsause sjansen til å slå seg ned med familie, men det skapte truleg også nye sosiale fellesskap med urbane vanar, haldningar og førestillingar som lett kunne mobiliserast til flytting og tilsvarande arbeid andre stader.

⁷ Fuglerud 2001: 97

⁸ Niemi 2003-b: 43

I undersøkinga av emigrasjonen frå Hammerfest vil eg ha urbaniseringa og utviklinga av næringslivet, økonomien og ressurstilpassinga som utgangspunkt når det gjeld å søke etter årsaker som kan forklare kvifor så mange valde å emigrere nettopp frå slike vekstsamfunn som byen representerte. Dette er i samsvar med korleis ein tradisjonelt innanfor historiefaget har søkt årsaksforklaringar på eit overordna, strukturelt samfunnsplan der økonomi og demografi har stått sentralt. Folk emigrerte anten fordi dei meir eller mindre var ”pressa” til det, eller dei drog fordi dei var ”lokka” til det. Ein slik modell ligg også til grunn for denne undersøkinga. Men skal ein slik *push-/pull*-modell vere fruktbar, må han så langt kjeldematerialet gjer det mogleg også ta omsyn til kulturelle og mentale forhold som kan forklare dei motiv og val som låg bak folk sine utvandringshandlingar.

Trass i at kjeldeomfanget er svært avgrensa når det gjeld til dømes amerikabrev eller andre typar kvalitative kjelder, vil likevel både religiøse, etnopolitiske og kulturelle forhold i det fleirkulturelle bysamfunnet bli aktivisert i drøftinga av årsaksforklaringane. Med bakgrunn og støtte i empiri frå eiga undersøking av utvandringa frå prestegjeldet, vil fokus bli retta mot *motiv* og *drivkrefter* bak utvandringa. Ei slik *hermeneutisk* tilnærming som legg meir vekt på tolking, innleving og forståing enn bevis og kausalforklaring, vert både fruktbar og nødvendig når det gjeld å forstå samansette handlingsmotiv. Denne metodiske og teoretiske posisjonen når det gjeld å forklare utvandringa, vil bli utdjupa og konkretisert i det vidare arbeidet.⁴ Ut frå dette som er skrive så langt, kan hovudproblemstillinga for oppgåva formulerast slik:

I kva grad kan moderniseringa av arbeids- og samfunnslivet i samtida verke til å forklare utvandringa til Nord-Amerika mellom 1865 og 1914 frå Hammerfest prestegjeld?

1.2 Modernisering og utvandring – ein modell

Når ein skal freiste å forklare den transatlantiske utvandringa frå Hammerfest frå 1860-talet i nær samanheng med den raske og omfattande økonomiske og sosiale utviklinga som gjekk føre seg i byen, er det ikkje urimeleg å gripe til omgrepet *modernisering*. Rett nok er omgrepet på mange måtar både mangtydig, rik på motsetjingar og hyppig brukt som eit reint normativt omgrep. Men samstundes rettar det fokus mot kvalitative endringsprosessar i utviklinga frå det gamle samfunnet til det nye, og har såleis fått ein sentral plass både i

⁴ Sjå avsnitta: 1.2, 1.4, 3.1 og 6.1

samfunnsvitskapane og i historiefaget. Bruken av omgrepet i historiefagleg samanheng er først og fremst knytt til studiar om omstillinga frå det tradisjonelle vesteuropeiske bondesamfunnet til industrisamfunnet. Særleg gjeld dette i arbeid med fokus på den industrielle revolusjonen og det "hamskiftet" som utviklinga av demokratiet, teknologien og den økonomiske liberalismen medførte i England og i fleire andre land, særleg frå slutten av 1700-talet. På denne måten har omgrepet ikkje berre vore nytta i analysar av utviklingsprosessar generelt, men mest knytt til ein bestemt historisk epoke med overgangen frå hushaldsøkonomi til kapitalisme, frå bondesamfunn til industrisamfunn i Vest-Europa. I så måte er omgrepet relevant å bruke i studiet av samfunnsutviklinga i Hammerfest frå midten av 1800-talet.

Derimot har den konvensjonelle bruken av moderniseringsomgrepet ofte vore tufta på eit eindimensjonalt og lineært utviklingsoptimistisk perspektiv. Med naturvitskapen som ideal vart modernisering så å seie sett på som ei lovmessig og naturleg utvikling for land i den vestlege industrialiserte verda. På liknande måte meinte ein av pionerane innanfor migrasjonsforskinga, demografen E. G. Ravenstein, at migrasjon kunne forståast, då han på 1880-talet presenterte sine arbeid om "Migrasjonens lover". Med utgangspunkt i studiar frå industrialiseringa i England kom han mellom anna fram til at det meste av flytting skjer over korte avstandar, at menn flyttar lengre enn kvinner og at migrasjon har samanheng med ujamn teknologisk utvikling i ulike område.⁵ Til grunn for slike nærmast lovmessige teoriar ligg ein føresetnad om at den einskilde emigrant handlar økonomisk rasjonelt etter forventa utbytte og kostnad ved å flytte. Ved å setje fokus på dei ulike faktorane i slike kalkylar, kunne ein forstå drivkreftene bak migrasjonen.

På 1960-talet var dette framleis ein grunnleggande ide i modellane hos dei neoklassiske moderniseringsøkonomane som på makronivå var opptekne av korleis mellom anna migrasjonen kunne medvirke til å spreie den europeiske moderniseringa til underutvikla land, og dermed utjamne ulikskapen mellom industrialiserte og ikkje-industrialiserte land. At samfunn vart modernisert i utakt, skapte grunnlag for flytting frå land til by, frå periferi til sentrum, og emigrasjon frå fattige til rike land. Migrasjonsstraumen ville også føre til ein motstraum, slik at flytting ville gå begge vegar alt etter konjunkturane innafor området. Den einskilde emigrant vart såleis ikkje berre ein som braut ny veg, men også ein formidlar av kunnskapen om den nye tida tilbake til heimstaden slik at utvikling fekk grobotn i periferien.

⁵ Fuglerud 2001: 20-21

I eit slikt perspektiv var det ikkje rart at Nord-Noreg blei oppfatta som ein underutvikla og problematisk utkant i nasjonal samanheng. Trass i at landsdelen gjennom fleire hundreår hadde vore del av den internasjonale handelen med fisk, og etterkvart ved hjelp av eigne handelsfolk i byar som Hammerfest stadig sterkare vart integrert i den internasjonale økonomien, bestemte likevel i stor grad lokale ressursar, økonomiske, politiske og kulturelle forhold viktige rammer for utviklinga. Landsdelen vart hengande etter då den moderne industrialiseringa i landet elles skaut fart mot eit ”take-off” inn i det europeiske industrisamfunnet. I Hammerfest vart såleis utviklinga i stor grad prega av ein kontinuerleg prosess av mot- og medgang som elles i landsdelen, og moderniseringa må ein truleg nytte eit anna perspektiv for å fange opp.

Ikkje minst har Ottar Brox i fleire av bøkene og artiklane sine sett kritisk lys på det allmenne moderniseringsomgrepet som vart brukt i samband med den statlege og kapitalistiske moderniseringa av Nord-Noreg i etterkrigstida, då eit nytt politisk og økonomisk regime braut med *bygdemodellen* og gjekk inn for *industrimodellen* i moderniseringa av fiskerinæringa. Tap av allmenningsretten til fiskeressursane blei ein viktig konsekvens for fiskarane, medan staten og den einskilde hushaldet langt på veg måtte betale for dei strukturelle og næringsøkonomiske konsekvensane dette skapte.

På den andre sida har han argumentert for at det faktisk gjekk føre seg ei allmenn og regional modernisering i Nord-Noreg fram til den andre verdskrigen. Denne moderniseringa var tufta på den bærekrafta som fanst i landsdelen så lenge kystfolket sjølve hadde kontroll over fiskeressursane, og tok til takke med eit liv innanfor ramma av den tradisjonelle hushaldsøkonomien med yrkeskombinasjon og småskalaproduksjon. Ettersom vøreigarane og handelsborarskapet i byane aldri fekk kontroll over sjølve fangstleddet, men kanskje mest så seg tente med å drive kjøp og sal, kunne det tradisjonelle fiskebondesystemet halde fram og ekspandere med stor grad av livskraft. Dette var ei utvikling som etter forfattaren si utsegn ”var betre egna for dårlege enn for gode tider”, og som nådde sitt optimale utviklingsnivå med gjennomføringa av Råfisklova i 1938.⁶ Då vart det brott slutt på den gamle ordninga at lokalk marknaden - det vil seie sørnorske handelsborgarar og lokale fiskekjøparar - kunne bestemme prisen på fisken.

Å snu medaljen og skildre baksida av moderniseringa, har kanskje i enda større grad vore eit hovudprosjekt for postmodernistane som gjennom dei siste tiåra har sett kritisk søkelys på eit optimistiske og forenkla modernitetsomgrepet. I eit slikt perspektiv kjem fleire

⁶ Brox 1984: 44

pessimistiske og negative sider, som framandgjerung, anonymisering av individet, og tendensane til oppløysing og tap av tradisjonelle økonomiske, kulturelle og sosiale strukturar i forgrunnen når den historiske utviklinga skal forklarast. Men det tvitydige og ambivalente synet på kva som vert vunne og kva som går tapt med modernisering, er slett ikkje nytt.

Med utgangspunkt i dei klassiske sosiologiske moderniseringsmodellane som vart utvikla på 1800-talet med bidrag frå samfunnsteoretikarar som Herbert Spencer, E. Durkheim, Max Weber og Karl Marx, peikar historiografen Peter Burke på to ulike retningar i desse modellane, den *evolusjonistiske* og den *revolusjonære*.⁷ Den første såg på moderniseringa som ei samanhengande sosial endring i små, kumulative steg der ein fase førte til den neste på ein organisk måte. Først og fremst vart utviklinga bestemt av indre krefter i eit land eller eit folk, som ein *endogen* prosess. Men framskrittet gjaldt ikkje berre samfunnet i økonomisk og sosial forstand, også folkeslag og nasjonar følgde ei utvikling frå steg til steg på den kulturelle rangstigen - frå primitive til siviliserte og moderne - sett ut frå ein etnosentrisk vesteuropeisk synsvinkel. I land med fleire kulturelle minoritetar kunne ein såleis ut frå den evolusjonistiske tenkjemåten vurdere dei ulike folkeslaga etter kva for eit utviklingsstrinn dei stod på i forhold til det nasjonsbyggjande storsamfunnet.

I Finnmark betydde dette at opplysningsarbeidet i område med samisk og kvensk kultur fekk prioritet. Men etterkvart vart biologiske faktorar i sterkare grad teke i bruk for å forklare kvifor utviklingsarbeidet ikkje bar frukt. Det vart vanleg å førestille seg at minoritetsfolk frå naturen si side og gjennom arv, hadde kulturelle kjenneteikn som gjorde at dei ikkje frivillige let seg integrere i det moderne, nasjonale prosjektet. Særleg gjaldt dette samane, men truleg også kvenane som ofte søkte saman og lenge heldt fast på kvensk språk og kultur der dei slo seg ned. Dette førte mellom anna gradvis til ein ny minoritetspolitikk i Nordområda frå midten av hundreåret ”.. der assimilasjon på majoritetssamfunnets premisser var det uttrykte målet; en minoritetspolitikk som for øvrig var felles for en rekke vestlige land fra om lag midten av 1800-tallet.”⁸

I marxistisk moderniseringsteori vert det i større grad lagt vekt på ”the mechanics of social change”, skriv Bruke.⁹ Med utgangspunkt i ein konfliktmodell blir den sosiale endringa forstått som ein dialektisk prosess der klassekampen vert sjølve drivkrafta. ”Menneskje lagar historie, men ikkje under vilkår dei sjølve har vald”, skal visst Marx ha uttalt. Den kapitalistiske økonomien basert på kapitaloppopping, utbyting av lønsarbeid og

⁷ Burke 1992: 132-133

⁸ Hansen og Niemi 2001: 354

⁹ Bruke 1992: 141-142

konkurransen virka på den eine sida til å rasjonalisere og utvikle produksjonen i samfunnet til eit høgre nivå. Samstundes gav han opphav til ein ny arbeidarklasse som vart mobil og kunne frigjere politiske og organisatoriske krefter som ville gje proletariatet kontroll over produksjonsmidla, styrte systemet og såleis skape eit kvalitativt betre samfunn.

Moderniseringa vart ikkje berre reservert til økonomien, men hadde ein viktig føresetnad i utviklinga av ein arbeidarklasse lausrive frå eigedomsforholda i bondesamfunnet, og med kulturelle kjenneteikn som til dømes klassemedvit, solidaritet, mobilitet. I dei nordnorske fiskarbondesamfunna på 1800-talet, er det truleg først og fremst blant dei eigedomsause innvandrarane til byane og gruveindustriisamfunna at ein finn fortroppane til ein slik moderne arbeidarklasse. Det er blant desse gruppene vi også finn dei første utvandrarane frå Nord-Noreg til Amerika.

Same kva for tilnærming ein søkjer, handlar moderniseringsomgrepet på det økonomiske området om ei utvikling i retning av rasjonalisering av produksjonslivet gjennom mekanisering, spesialisering og urbanisering, som mellom anna kravde at den menneskelege arbeidskrafta vart kopla laus frå massesystemet i den tradisjonelle sjølvbergingsøkonomien for å inngå i meir formaliserte og upersonlege relasjonar i lønsarbeidet. Etterkvart som organiseringa av produksjonen stadig sterkare vart styrt av marknad og kapital, vart det gamle sjølvbergingssystemet gradvis avløyst av ulike formar for prekapitalistiske overgangsformer, som til dømes det handelskapitalistiske systemet vi kjenner frå Nord-Noreg på 1800-talet. Dette systemet hadde mange fellestrekk med den protoindustrielle økonomien som Medick skriv om frå England på 1700-talet.¹⁰ Mellom anna har det vore peika på korleis det gradvis gjekk føre seg ei kulturell og økonomisk endring av hushalda etterkvart som hushaldsøkonomien vart meir marknadsretta. Det vaks fram ein ny mentalitet hos produsentane som peika fram mot industriisamfunnet. Lønsarbeidet førte ikkje berre til at folk vart integrert i pengeøkonomien og vart aktør på varemarknaden, det førte også til større grad av geografisk og sosial mobilitet, individuelle val, større varekonsum, upersonleg marknad og raskare sosial endring. Vilja til omstilling, flytting og innordning i faste og formelle organisasjonsformer fekk såleis meir å seie for det moderne menneskje, enn evna til å tilpasse seg mangfaldet i naturressursane og livet i det integrerte fiskarbondesamfunnet, til dømes. Slik omfatta moderniseringa også det kulturelle området av samfunnet, med endring av sosiale normer og kulturelle verdiar i retning av meir kollektive sjølvmedvit og individuell handlingsevne.

¹⁰ Medick 1981: kap. 2

Max Weber, som særleg framheva sekularisering og byråkratisering som to fundamentale prosessar i det vesteuropeiske moderniseringsprosjektet, interesserte seg særleg for samanhengen mellom økonomisk endring og mentalitet. Medan menneskje i det tradisjonelle samfunnet fekk sin sosiale plassering ved fødselen, vart sosial status i det moderne samfunnet meir og meir knytt til yrke og formell posisjon. Når produksjonslivet meir og meir vart innretta mot vareproduksjon styrt av vitenskapleg kunnskap, avansert teknikk og kapitalistisk marknadsøkonomi, vart menneskje meir konsumorientert, sjølvoppteke og materialistisk. Religion, mystikk og tradisjon måtte stadig vike for vitenskap og erfaringskunnskap.¹¹ Men sekulariseringa betydde ikkje nødvendigvis at folk vart mindre religiøse. Prosessen medførte først og fremst at religion fekk endra rolle i det moderne og verdsleggjorte samfunnet. Frå å vere samfunnet sitt verdbilete og einaste kjelde til kunnskap og kultur, vart religionen i det sekulariserte samfunnet meir oppfatta som eit personleg og eksistensielt fenomen, det vil seie som personleg tru.¹² Religiøse folkelege rørsler under "det store hamskiftet" i norsk historie - som til dømes haugianismen i sør og læstadianismen i nord - vert såleis interessant å studere i samanheng med den generelle moderniseringsprosessen i samfunnet, eller som religiøse svar på samfunnsendringar. Sjølv om slike vekkingsrørsler hadde sterkt feste i tradisjonell gudstru, var dei likevel faneberarar for det personlege, religiøse valet og såleis eit viktig element i moderniseringsprosessen – både den sosiale, religiøse, økonomiske, men framfor alt den mentale moderniseringa.¹³

I følgje Ferdinand Tönnies virka modernisering og sekularisering av samfunnslivet til å løyse opp det religiøse kittet i den tradisjonelle universelle verdsoppfatninga der religion, økonomi, politikk og samfunnslivet elles hang i hop - eit samfunn basert på "Gemeinschaft". Samstundes var det nødvendig for folk å søke motivasjon, identitet og mening i tilværet på andre område. Dei tradisjonelle normene og relasjonane virka ikkje lenger på same måte til å regulere og binde individet til fødestad, bygde- og familiefellesskap. Det einskilte menneskje vart gradvis lausrive frå tradisjonelle normstrukturar, og overlate til nye formar for rasjonalitet der likskap, sjølvrealisering og personlege val styrt av eigenytte fekk meir å seie - ei utvikling i retning av "Gesellschaft".¹⁴ Ein slik utviklingsprosess senka truleg terskelen for flytting og emigrasjon idet moderne samfunnet.

Ut frå drøftinga så langt, kan moderniseringa identifiserast på ulike områder av samfunnslivet; prosessar knytt til økonomi, politikk, kultur og mentalitet. Ikkje ei utvikling

¹¹ Weber 1920/1979: 113

¹² Sanders 1995: 16-18

¹³ Langhelle 2002: 15-18

¹⁴ Burke 1992: 132-133

etter universelle reglar og lovar, men utviklingsprosessar som også reflekterar lokale føresetnader og påverknad. Som Erik Oddvar Eriksen viser i sin moderniseringsmodell, er det viktig å skilje mellom moderniseringsprosessane på ulike samfunnsområde, ettersom dei vert styrt etter sin eigen rasjonalitet, og såleis må evaluerast med utgangspunkt i ulike verdiar og kriterium.¹⁵ I økonomien er effektivitet den dominerande norm, medan likskap og demokrati kanskje er den viktigaste målestokken i politikken og i sosiale relasjonar. I kulturen er det overordna prinsippet sjølvrealisering og stadfesting av eigenverdet, skriv han.

I undersøkinga av utvandringa frå Hammerfest til Amerika sett i forhold til den komplekse og samansette økonomiske og kulturelle moderniseringa i lokalsamfunnet på slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet, er dette truleg ein fruktbar moderniseringsmodell. For det første opnar han for eit perspektiv som fangar inn både lokale særdrag og faktorar utanfrå når det gjeld å forklare utvandringa som del av moderniseringsprosessen. For det andre bidrar modellen til forklaringspluralisme ved å rette fokus både mot materielle, kulturelle, politiske og mentale forklaringsmåtar. Men framfor alt set ei slik oppfatning søkelys på samanheng og konflikt mellom dei ulike og til dels uforeinelege dimensjonane av moderniseringsprosessen, som også migrasjonsforskinga har aktivisert i studiet av utvandringa frå Nord-Noreg.

1.3 Forskingsstatus

Den historiefaglege interessa for studiet av den transatlantiske utvandring frå Nord-Noreg har fram til det siste vore relativt liten. Dette har truleg samanheng med at den nordlegaste landsdelen vart lite fokusert på av pionerane i norsk migrasjonsforsking, etter som landsdelen først og fremst vart oppfatta som eit innvandringsområde med relativt liten utvandring. Denne tendensen kjem også til syne i den offisielle lokalhistoria for Hammerfest som omfattar tre band; *Hammerfest 1789-1914* frå 1973, *Krise, utslettelse og nytt liv, Hammerfest etter 1914* frå 1989, og *Sørøysund Lokalhistorie* frå 1983. I desse verka er utvandringa til Amerika knapt nemnd med eit ord, og fullstendig fråverande som tema. Det same kan ein seie om *Bygdebok for Kvalsunds folk og forhold*, som kom ut i 1989. Spørsmål knytt til dei samiske og kvenske minoritetane er langt på veg avgrensa til avsnitt om folketalsutvikling i desse verka. At byen vaks fram med ei multietnisk befolkning, og fekk ei utvandring i periodar som i forhold til folketalet var høgare enn mange andre byar i landet, kjem såleis i skuggen av skildringa av den norske tilflyttinga av fiskarar og handelsfolk frå sør. Dette er neppe spesielt

¹⁵ Eriksen 1996: 33-37

for historieframstillinga av Hammerfest, men heller tidstypisk når det gjeld lokalhistoriske arbeid frå Nord-Noreg inntil ganske nyleg.¹⁶ Det gjev likevel ein god grunn til å ta opp temaet i ei hovudfagsoppgåve i historie, og har vore ei motivasjonskjelde i arbeidet.

I fleire andre lokalhistoriske verk frå landsdelen - særleg i by- og bygdebøker - finn vi likevel gode døme på handsaming av tema knytt til emigrasjonen til USA på 1800-talet. Spesielt må nemnast Jens Petter Nielsen sitt arbeid med Altas historie, der utvandringa først og fremst vert sett i samanheng med utviklinga av koparverket i Kåfjord. Mange av dei finske innvandrarar som slo seg ned der etter oppstarten i 1827, vart først rekruttert av omreisande representantar frå det engelske mineralselskapet som eigde koparverket. Desse vart seinare saman med norske arbeidskameratar pionerar i den nordnorske utvandringa til amerikanske gruvesamfunn.¹⁷ Då var det amerikanske gruveselskap som stod bak når agentar kunne freiste med førehandsbetalte billetter og gunstige arbeidskontraktar for dei som straks ville gje seg i veg. Mange reiste beinveges når det vart nedgang å spore i drifta i Kåfjord, andre busette seg mellombels andre stadar i Finnmark - særleg i Hammerfest - før dei sette kursen mot Amerika. Også i byhistoria frå Tromsø er det særleg vilkåra på arbeidsmarknaden og dei nye sjansane i USA for folk flest som lokka. Fleire familiar og einslege frå ishavsbyen Tromsø, drog også til Australia og New Zealand, skriv historikaren Astri Andresen.¹⁸ Også i bygdeboka for Balsfjord og Malangen av Anders Ole Hauglid, er kvenar og dølar fokusert som dei med mest vandrelust.¹⁹ Dei som sist flytta inn, hadde ein tendens til først å utvandre når forholda i bygda vart trongare. Det var dei med "emigrasjonen i blodet" som først valde å dra, konstanterte lokalhistorikar Emil Hansen i bygdeboka for Skjervøy.²⁰

Trass i at norsk emigrasjonsforskning frå starten hadde mest fokus på Sør-Noreg, peika likevel Ingrid Semmingsen på fleire sentrale problemstillingar med døme frå nordnorsk utvandring i storverket sitt *Veien mot Vest*, som kom ut i to band i 1941 og 1950.²¹ Med utgangspunkt i samtidas empirisk-positivistisk forskartradisjon med vekt på studiar av demografisk materiale og økonomiske strukturar, vart det først og fremst *push*-faktorane som stod i sentrum for interessa. I Nord-Noreg vart såleis veksten i fiskerinæringa frå midten av hundreåret ein viktig faktor, både når det gjaldt å forklare den sterke innvandringa og dei svake tendensane til utvandring som lenge rådde. Men det vart også peika på andre interessante drag ved utvandringa nordpå. Blant anna var den sterke tilflyttinga til Nord-

¹⁶ Sandal 1985: 213-218

¹⁷ Nielsen 1995: 343-347

¹⁸ Andresen 1994: 306

¹⁹ Hauglid 1991: 223

²⁰ Hansen 1957: 218

²¹ Semmingsen 1950: 78 og 199 f

Noreg av dølar og kvenar sett i samanheng med den sterke utvandringa nettopp blant desse gruppene, noko som kunne aktualisere både kulturelle og politiske forklaringsfaktorar i ei tid då nasjonsbygging var eit overordna politisk mål. På denne måten vart det innleia til ei problematisering av nordnorsk emigrasjon som seinare har sett skarpere fokus, ikkje berre på den nordnorske næringsstilpassinga, men også på kulturelle variablar knytt til dei tre folkegruppene i området og *pull*-faktorar som verka gjennom kontakten over Atlanterhavet. Ikkje minst har samanhengen mellom innvandring og utvandring med utgangspunkt i modellar knytt til omgrep som etappemigrasjon, kjdemigrasjon blitt sentrale perspektiv i mykje av den nordnorske emigrasjonslitteraturen.

I Einar Niemi si hovudoppgåve i historie *Oppbrudd og tilpassing* som vart utgjeve som bok i 1977, vert den kvenske innvandringa til Vadsø i perioden 1845-1885 undersøkt. Mellom anna aktualiserer og grunnleggjeforfattaren at denne intense innvandringa til Vadsø, kunne dels vere motivert av finsk Amerikafeber, og at småbyane i Finnmark mest tente som mellomstasjon i denne flytteprosessen.²² Finske kyrkjebøker viste at mange meldte frå til presten at dei hadde Amerika som mål, sjølv om kursen vart sett mot Vadsø. Også andre nordiske forskarar har engasjert seg med ulike perspektiv i spørsmålet om den nordnorske utvandringa. På det Nordiske historikarmøtet i 1971 der temaet var nordisk emigrasjon fram til den 1. verdskrigen, vart det argumentert for at masseemigrasjonen hadde ei viktig årsak i den demografiske utviklinga i Norden som førte til ein sterk auke i talet på fattige og ledige lausarbeidarar. Det var likevel grunn til å stille spørsmål til ein slik forklaring ettersom både produktiviteten og levevilkåra vart betra i perioden, og at den typiske emigranten slett ikkje var blant dei fattigaste. Kanskje var det heller slik at den økonomiske omstillinga og moderniseringa verka til å stimulere ønsket om forandring og ambisjonane om eit betre liv. Opplevinga om ei ny tid kan ha gjort folk mentalt førebudd på å forlate heimstaden. Den svenske migrasjonsteoretikaren Sune Åkerman, etterlyste derfor forskning som kunne virke til å fremme teoretiske rammer for å analysere og forstå den nye flyttinga frå landsbygda til urbane industristrok på midten av 1800-talet.²³ Denne flyttinga representerte noko nytt i forhold til tradisjonell sesong- og arbeidsvandringar, hevda han, ettersom ho medførte strukturelle samfunnsendingar både i økonomien og i busetjingsmønster. Ikkje minst var det viktig å sjå denne interne flytteprosessen i samanheng med emigrasjonen frå ein stad.

Det er eit faktum at mange finskspråklege reiste til Amerika frå Finnmark. Dette har ikkje minst fleire hovudfagsoppgåver i form av lokale case-undersøkingar vist. Men kor

²² Niemi 1977: 114-116

²³ Åkerman 1971: 88-91

mange av desse som var fastbuande norske kvenar, kvenar født i Finland med bustad i Noreg, eller finske emigrantar som kom til landet for å emigrere frå norske hamner, er vanskeleg å fastslå sikkert. Finske kjelder er særskild mangelfulle på dette området, og heller ikkje registreringar i Amerika fortel klart i kva grad finlendingane kom over Nord-Noreg. Men problemet er reist i lokale undersøkingar både frå Vadsø og Vardø. I følgje den finske forskaren Samuli Onnela, er det truleg berre lokale nordnorske kjeldestudier som kan gje svar på dette spørsmålet.²⁴ Seinare har Einar Niemi i ei rekke migrasjonshistoriske arbeid - mellom anna i det store verket *Norsk innvandringshistorie* - skrive om utvandringa frå Nord-Noreg, der både den minoritetspolitiske og religiøse dimensjonen har vore fokusert.²⁵ Han har også delteke som prosjektleiar for Universitetet i Tromsø si satsing på utvandrarhistoria frå Nordkalotten. På denne måten har han fått ei sentral rolle som inspirator, forskar og rettleiar for ei rekke hovudfagsoppgåver og doktoravhandlingar med tema knytt til emigrasjon. Mellom anna har dei nordnorske byane Tromsø, Vardø og Vadsø fått sine eigne lokale undersøkingar i form av hovudfagsoppgåver i historie. Det same gjeld Skjervøy prestegjeld. Blant ishavsbyane i nord er det berre Hammerfest som har stått att.

Den oppgåva som først tok opp utvandringa til Amerika som temaet, med empiri frå eit nordnorsk lokalsamfunn, var Kjell E. Skaaren (1971) si undersøking frå Brønnøy og Vik i perioden 1867 –1899 frå 1971. I dette hovudfagsarbeidet vart det med stor vekt på kvantitativ metode peika på samanheng mellom svingingar i det lokale næringslivet og emigrasjonsfrekvensen. Dårlege forhold heime fungerte som *push*-faktor på emigrantane, i alle fall i første fase av masseutvandringa. Håpet om betre levevilkår i Amerika var såleis ei viktig drivkraft. Tilsvarande samanheng vart påvist i undersøkinga frå Tromsø, der Thorleif Svendsen (1997) undersøkte samanhengen mellom dei lokale konjunkturane i fiskerinæringa og utvandringa frå byen. Men også her vart det peika på at andre forklaringsfaktorar fekk stadig meir å seie etter hundreårsskiftet. I Vibeke Flå (1995) si undersøking frå Vardø er det samanhengen mellom intern flytting og utvandring som er tema. I denne hovudfagsoppgåva i historie frå 1995, viser ho at finske innflyttarar i periodar dominerte utvandringa frå byen på 1880- og 1890-talet, og etappevandrarar var i fleirtal. Men korkje desse eller dei norske utvandrarane emigrerte eintydig avhengige av konjunkturane i fiskerinæringa. Mellom anna viser ho at utvandringsintensiteten var ulik mellom dei etniske gruppene i ulike fasar, og at dei responderte ulikt på ulike utvandringsfaktorar. Mange var etappevandrarar som berre nytta Vardø som ein mellomstasjon på vegen til Amerika. I undersøkinga frå Vadsø tek

²⁴ Onnela 1971: 174

²⁵ Niemi 2003: kap. 3, 79-105

Marianne Neerland Soleim (1998) i si hovudfagsoppgåve fatt i problemstillinga som også Niemi var oppteke av, nemleg i kva grad utvandringa frå Vadsø var ein sjølvstendig prosess, eller først og fremst ein del av den finske utvandringa. I konklusjonen kjem det fram at fleire prosessar verka inn på emigrasjonen, særleg sosiale og religiøse nettverk med kontakt til Amerika virka til å stimulere til utvandring i det kvenske miljøet i byen.

Når det gjeld å sjå på kulturelle faktorar som forklaring på utvandring har særleg Nils Olav Østrem vektlagt dette perspektivet i si doktoravhandling frå 2002 med tittelen *Utvandrarkultur – Ei migrasjonshistorisk undersøkjing av Skjold prestegjeld 1837 – 1914*. I dette arbeidet legg forfattere i tråd med perspektiva frå den nye kulturhistoria vekt på kvalitative kjelder, mentalitet og motivforklaringar. Ved å setje sterkare fokus på einskildindividet, kulturelle og psykologiske faktorar, ønsker han å føre strukturelle og individuelle perspektiv saman. Ei slik tilnærming gjer at sosiale og religiøse nettverk trer fram som viktige element i den flyttekulturen som vert analysert.

I eit minneskrift om Ingrid Semmingsen frå 1998, der Einar Niemi gjer ei historiografisk oppsummering av nyare emigrasjonsforskning og peikar på vegen vidare, vert det etterlyst både fleire urbane case-studiar, aktivisering av fleire kvalitative kjelder og nye val av perspektiv, der fokus i større grad vert sett på det einskilde individ i relasjon til kultur og mentalitet.²⁶ Ei slik tilnærming aktualiserer også religionen som forklaringsfaktor når det gjaldt utvandringa frå Nord-Noreg.

Fleire undersøkingar har peika på samanhengen mellom religion, etnisitet og utvandring i det området i den nordlegaste landsdelen der læstadianismen vart utbreidd frå midten av 1800-talet, men kjeldetilfaget er svært avgrensa.²⁷ Dette gjeld i stor grad kvalitative kjelder generelt. Korkje amerikabrev eller liknande kjelder som ein ofte finn aktivisert i store arbeid med kultur- og mentalitetshistorisk tilnærming, fins i særleg omfang for området i Finnmark. Dette set sjølvstøtt grense for ei slik tilnærming. Men det utelukkar ikkje at ein også kan stille slike spørsmål til dei kjeldene ein har. Eit slikt spørsmål kan mellom anna vere i kva grad religion verka som drivkraft for emigrasjonen. At mange som utvandra til Amerika frå Finnmark var vakte læstadianarar med god kontakt over Atlanteren, vart særleg påpeika av Dagmar Sivertsen i hennes klassiske hovudverk *Læstadianismen i Noreg* frå 1955.²⁸ Også doktoravhandlinga til den nederlandske sosialantropologen Nellejet Zorgdrager, som i bokutgåva har fått tittelen *De rettferdiges strid, Kautokeino 1852*, gjev eit

²⁶ Niemi 1998: 18 og 26

²⁷ Lunde 2000: 100-102

²⁸ Sivertsen 1955: 146

grundig og interessant bilete mellom anna av korleis norske styresmakter reagerte og freista demme opp mot den læstadianske rørsla i Vest-Finnmark etter Kautokeino-opprøret i 1852.²⁹ I boka *Fjordfolket i Kvænangen* av Ivar Bjørklund, kjem læstadianismen som politisk og kulturell drivkraft enda klarare fram i analysen av korleis fjordfolket organiserte seg og markerte motstand mot fornorskinga frå storsamfunnet.³⁰ På den måten fekk den religiøse lekmannsrørsla ei viktig politisk rolle før partia og fagrørsla tok over. Men det er særleg May Lunde (1983) si hovudfagsoppgåve om etableringa og utviklinga av læstadianismen i Calumet i Michigan, som direkte har sett søkelys på den religiøse kontakten mellom Nordkalotten og dei nordnorske og kvenske emigrasjonsmiljøa i USA. Mellom anna drøftar ho spørsmålet i kva grad læstadianarane vart pressa til emigrasjon av religiøse eller verdslege styresmakter i samband med fornorskingsprosessen, som stadig ramma dei kvenske og samiske minoritetane. Når eg særleg nemner desse forskarane og enkelte av deira verk og forskingsfelt spesielt, er det sjølv sagt fordi dei har stor relevans for det temaet oppgåva tar opp, men også fordi dei i enda større grad enn fotnotane viser har vore sentrale sekundærkjelder i arbeidet.

1.4 Metode, kjelder og kjeldekritikk

I undersøkinga av emigrasjonen frå Hammerfest prestegjeld har eg tatt i bruk både ei kvantitativ og ei kvalitativ tilnærming. I arbeidet med det kvantitative empiriske materialet ligg utfordringa mest i å samle inn og registrere tilstrekkeleg sikre spor etter emigrantane frå ulike offisielle og lokale kjelder. Deretter gjeld det å systematisere, klassifisere og framstille materialet i statistisk form på ein mest mogleg analysevenleg måte. Dette er naturlegvis kjelder med både feil og manglar, men ved å ta i bruk fleire kjelder er håpet å auke validiteten på materialet.

Men historiske kjelder taler som kjent ikkje av seg sjølve. Verdien av dei må ein først og fremst sjå i samanheng med kva for spørsmål som vert stilt og kva for historisk fenomen ein skal tolke og forklare. I kjølvatnet av den historiefaglege debatten knytt til den *nye kulturhistoria* og den *språklege vendinga* har interessa for kvardagsliv, kultur, mentalitet og mytar til vanlege folk fått stadig større betydning i historiefaglege arbeid. Samstundes har det gått føre seg ei styring av interessa for intensjonale forklaringar til fordel for kausale, og søkelyset har vorte retta meir mot aktørar enn mot struktur.³¹ Med større vekt på

²⁹ Zorgdrager 1997: kap. 10, 333-358

³⁰ Bjørklund 1985: kap. 11, 291-322

³¹ Kaldal 2002: 30

tekstanalyse og kjelder lese som "tekst" i vidare meining, vert det også sterkare fokus på den materiell og immateriell konteksten når ein skal lese spora frå fortida og forklare folks tankar og handlingar. Med utgangspunkt i ein slik teoretisk og metodisk posisjon vert den historiske analysen ikkje først og fremst å rekonstruere, men heller aktiv tolking, innleving og refleksjon gjennom sjølve historieforteljinga. "Ut frå dette har ein også retta nye søkelys mot korleis de vilkåra folk har levd under, har fått meiningsinnhald som erfaringar, interesser og identitetar gjennom kulturelle prosessar", skriv Ingar Kaldal.³² Inspirert av eit slikt hermenautisk perspektiv har eg i undersøkinga og forklaringa av emigrasjonen frå Hammerfest lagt vekt på å utforske samanhengar mellom materiell kultur, økonomiske strukturar og historiske tenkjemåtar i arbeidet med å forklare emigrasjonen frå Hammerfest.

Med utgangspunkt i eit moderiseringsomgrep som famnar både økonomiske, politiske og kulturelle dimensjonar vert det også behov for å aktivisere kvalitative kjelder - som til dømes aviser, amerikabrev, amtmannsmeldingar osv - for å få auge på motiv og drivkrefter som kan medverke til å forklare emigrasjonen. Kva for faktorar som verka inn på dei vala emigrantane gjorde før dei reiste, var i mange fall sær samansette og kompliserte. Sjølv om økonomiske konjunkturar og ulike formar for informasjon påverka utvandringstrongen, reagerte ikkje folk likt ettersom mange let vere å emigrere. Mentalitet, etnisk identitet, religiøs tru og lokal tilhøyrighet - som neppe lar seg kvantifisere og stadig var i endring blant dei einskilde - var med på å gjere folk ulikt disponert for emigrasjon. Slike faktorar lar seg også vanskeleg registrere eksakt på ein meiningsfull måte. Kva som vart registrert i kjeldene stemte ikkje alltid med kva den einskilde kjende og oppfatta som religiøs, kulturell og etnisk identitet til ei kvar tid. Å streve etter å setje saman slike ulike faktorar i forklaringa av historiske fenomen vert i metodelæra kalla å syntetisere. Dette vil vere ein grunnleggjande metodisk ambisjon i det vidare arbeidet med å forklare utvandringa frå Hammerfest.

Til grunn for det empiriske materialet i undersøkinga har eg oppretta ein eigen database ved hjelp av databaseprogrammet Access, med mest mogleg informasjon frå tre ulike kjeldekategoriar, nemleg utflyttarlistene i kyrkje- og kløkkarbøker, utvandringsprotokollar og folketeljingar. Opplysningar på individnivå frå kvar av dei tre kjeldetypane vart lagt inn i kvar sin tabell, som så vart relatert til kvarandre.³³ På denne måten fekk eg kontrollert og samordna data for kvar emigrant frå fleire uavhengige kjelder som kunne komplettere biletet og gje tilstrekkeleg kvantitativ informasjon om det einskilde

³² Kaldal 2002: 106

³³ Thorvaldsen 1999: 119-127

individ. Desse opplysningane vart så samla i ein fjerde tabell, der arbeidet gjekk ut på å klassifisere dei data som eg valde å ta med i denne hovudtabellen. Dernest vart materialet koda og overført til eit statistikkprogram for vidare analyse. Ettersom korkje materialet eller oppgåva er innretta på ein omfattande kvantitativ analyse, har eg presentert datamaterialet i enkle figurar og tabellar basert på frekvens- og tovegsanalysar.

Hovudtabellen fekk til slutt tjueto variablar som kan delast i tre grupper. Den første gjev informasjon om sjølve emigranten: fornamn, etternamn, kjønn, etnisitet, fødselsår, alder, sivilstand, fødestad, yrke, familiestilling, om ein kom frå byen eller landet. Den andre fortel mest om korleis emigrasjonen gjekk føre seg: utreiseår, -månad, -hamn, destinasjon, korleis billetten vart betalt, om ein reiste aleine eller saman med nokon, om ein vart registrert som hovudperson. Dei siste variablane gjev informasjon om i kva grad ein kan finne emigranten registrert i folketeljingane 1865, 1875 og 1900, og i utflyttingslistene og kyrkjebøkene sin dåpslister frå Hammerfest, informasjon som kan fortelje om emigranten var etablert i lokalsamfunnet før utvandringa eller berre nytta byen som utreisestad.

Kjeldesituasjonen når det gjeld utvandringa frå Hammerfest er i stor grad prega av dei store brannane byen vart utsett for i 1890 og i 1944. Det finst ikkje, så vidt eg veit, samlingar av private amerikabrev eller liknande levningar som kan nyttast som kvalitative kjelder og gje innsikt i motiv og tenkjemåtar hos til dømes emigrantane, bortsett frå offentlege dokument og amerikabrev referert i aviser. I 1866 vart den første avisa i Hammerfest etablert. Fram til 1886 kom denne avisa, Finmarkposten, ut som ei firesiders vekeavis, men fekk konkurranse av ei ny avis, Nordkap, i 1885, og auka deretter til to utgåver i veka. Begge desse avisene har eg hatt tilgang til på mikrofilm for undersøkingsperioden. Særleg har eg nytta Finmarkposten på jakt etter informasjon om kva avisene i samtidas valde å melde om utvandringa, emigrantane og tilhøva i Amerika, men også som ei kjelde på kva for økonomiske, sosiale og kulturelle vilkår emigrantane hadde på fråreisestaden.

Av offentlege dokument har eg elles nytta visitasprotokollar for Hammerfest fogderi, amtmannen sine femårige meldingar om den økonomiske tilstanden i amtet for heile undersøkingsperioden og medisinalmeldingane frå Hammerfest frå 1893 til 1924. Statsarkivet i Tromsø har ei privatsamling etter lokalhistorikar og sokneprest Jørgen Sivertsen frå Hammerfest. Privatarkivet inneheld mellom anna avskrifter av offentlege dokument, skøyte og andre dokument om kommunale eigedomar, som seinare gjekk tapt då byen vart totalt utsletta som følgje av okkupasjonsmakta sin bruk av "den brente jords taktikk" i 1944. I den grad eg har nytta dokument frå dette arkivet, har det mest vore for å stadfeste opplysningar frå andre kjelder.

Dei aller fleste emigrantane som melde Hammerfest som bustad då dei let seg registrere i utvandrarprotokollane, valde å reise ut frå Trondheim. Å føre kontroll med innflytting, utflytting og emigrasjon hadde heilt sidan 1812 vore ei av dei mange verdslege embetsoppgåvene presten hadde i lokalsamfunnet. Men sjølv om det låg føre ein intensjon om å holde reie på folk, hadde Noreg eit av dei mest liberale regima i Europa på dette området.³⁴ Dette kjem mellom anna kjem til uttrykk i passlova frå 1860, som oppheva passtvangen og dermed opna for fri ferdsel både over landegrensene og innanfor riket. Men frå 1867 vart likevel kontrollen med utvandringa ei lovpålagt oppgåve som politiet tok seg av ved å registrere alle som emigrerte frå dei største utskipingshamnene.

Dei offentleg tilgjengelege kyrkje- og klokkarbøkene for Hammerfest by og landsokn er langt på veg komplette for undersøkingsperioden, det vil seie frå 1860 til hundreårsskiftet. Men det er ikkje vanskeleg å sjå av dette materialet at presten sine registreringar langt frå gav eit korrekt bilete av den lokale utvandringa. At mange emigrantar ikkje fins registrert i kyrkjebøkene sine utflyttingslister, kan ha samanheng med at somme kunne ha attest frå tidlegare bustader, eller dei let vere å søke attest før dei strengt tatt fekk bruk for han. Presten skulle dessutan ha pengar for tenesta. Han var kanskje heller ikkje så nøye når det gjaldt slikt arbeid som ikkje var knytt til kyrkjelege handlingar. Namn vart samla opp og bokført lenge etter at folk drog. Sjølv i periodar med stor utvandring kan det sjå ut som presten i Hammerfest la større vekt på å registrere dei som kom enn dei som forlet prestegjeldet. Likevel er det neppe grunn til å tru at prestane i Hammerfest gjorde jobben dårlegare enn kollegane andre stader. Undersøkingar frå Vadsø, Vardø og Skjervøy viser at heller ikkje der vart meir enn om lag halvparten av emigrantane registrerte lokalt i kyrkjebøkene. Flyttelistene i kyrkjebøkene er såleis heilt ubrukbare aleine i studiet av flytting og emigrasjon.

Derimot er det større grunn til å feste lit til utvandningsprotokollane, særleg etter at lova om politikontroll med emigrasjonen i utskipingshamnene vart skjerpa i 1869. Men dei første protokollane manglar for Bergen, og opplysningane i dei varierer noko frå hamn til hamn. Mellom anna vart verken fødestad eller nasjonalt opphav registrert i Trondheim, som var den aller viktigaste hamna for emigrasjonen frå Nord-Noreg. Dette gjer det vanskeleg om ein vil undersøke etnisitet og etappemigrasjon for å stadfeste i kva grad utvandringa frå Hammerfest var eit lokalt fenomen. Om heimplassen var i byen eller i landsoknet, får ein heller ikkje vite her. Også opplysningar om alder, namn og yrke kunne avvike frå kva som

³⁴ Myhre 2003: 195

vart registrert i kyrkjebøker og folketeljingar lokalt. Nokre få utvandrarar frå Hammerfest vart også registrert fleire gongar, anten fordi dei reiste i transitt over ei anna hamn og såleis vart bokført i to hamner same året, eller fordi dei returnerte for så å emigrere att seinare.

Arbeidet med databasen har vore omfattande, men det har vore til stor hjelp at RHD og Digitalarkivet har lagt til rette slik at ein kan søkje historiske data om befolkninga i Hammerfest i undersøkingsperioden frå alle dei tre hovudkjeldene på internett. Berre når det gjaldt utflyttingslistene frå kyrkjebøkene var eg heilt avhengig av å tolke originalmaterialet på mikrofilm.³⁵ Folketeljingane har først og fremst vore nytta til å supplere opplysningane frå dei to andre kjeldetypane når det gjeld etnisitet og fødestad. Men i tillegg har det vore viktig å få identifisert så mange som mogleg av utvandrarane med namn, alder, yrke, fødestad og familierelasjon for å styrke validiteten i talmaterialet. Dessutan kan ein ved å følgje personar og familiar gjennom dei tre folketeljingane frå 1865, 1875 og 1900, få auge på sentrale samfunnsprosessar, som til dømes intern migrasjon og kulturell assimilasjon. Til dømes vert etappeflytting først mogleg å få auge på når vi kjenner fødestaden til innflyttarane og emigrantane.

Mange av emigrantane frå Hammerfest var vel etablerte i prestegjeldet før dei drog til Amerika, det kan gjentekne registreringar i folketeljingane og kyrkjebøkene sine dåpslister fortelje om. Særleg kan det vere vanskeleg å identifisere dei ungdomane som reiste ut like før hundreårsskiftet eller rundt den første verdskrigen, og som kanskje ikkje vart født tidleg nok til å verte ført i folketeljingsprotokollane i 1875 og 1900. I slike tilfeller er det mest berre namnet som til ein viss grad kan fortelje om dette var norske eller kvenske utvandrarar. Sjølv om folketeljingane kan gje viktige opplysningar om dei kulturelle røtene til mange av dei minoritetskulturelle utvandrarane, må ein ta mange av desse med ei klype salt. Om dette fortel om fornorsking og assimilasjon av kvenar og samar eller har andre forklaringar, skal drøftast seinare i oppgåva i samanheng med det empiriske materialet frå undersøkinga.

Nettopp fordi det er ulike manglar ved alle dei tre kjeldetypane, vert det viktig å nytte dei saman for å komplimentere og korrigere talmaterialet. Ved å setje opplysningane frå emigrasjonsprotokollane opp mot opplysningane frå kyrkjebøker og folketeljingar når det gjeld persondata som alder, yrke, familienamn, viser det seg at mykje av registreringa var upresis og ukorrekt. Mange nytta nok høve til å endra litt på både namn og alder då dei drog. Det var ikkje uvanleg å oppgje runde år for vaksne og gjerne fuske litt på barnas alder for å oppnå barnerabatt på reisa.³⁶ Ikkje minst kan ein sjå at kvenske namn vart fornorska og at

³⁵ www.digitalarkivet.no og www.rhd.uit.no

³⁶ Thorvaldsen 1996: 117

patronymikon meir og meir vart bytta ut med gardsnamn eller faren sitt etternamnet. Også yrkesnemninga som vart opplyst frå emigrantane vart truleg farga av det dei rekna med at arbeidsmarknaden i Amerika etterspurte. Mange som rekna seg som sjøfolk i folketeljingane, vart til dømes registrerte som arbeidarar i emigrasjonsprotokollane.

1.5 Etnisitet; kvensk, samisk og norsk

Ei særleg interessant side ved den transatlantiske emigrasjonen frå Finnmark i siste halvdel av 1800-talet har samanheng med dei fleirkulturelle samfunna emigrantane kom frå. Særleg innanfor nyare nordnorsk historiefagleg litteratur har det så å seie vore obligatorisk å problematisere ”de tre stammers møte”, særleg når det gjeld forskning med kulturhistorisk perspektiv knytt til tema som demografi, emigrasjon og regional utvikling. Med fokus på sosiale, kulturelle og politiske spenningane som gjekk føre i fleiretniske samfunn av kvenar, samar og nordmenn i skuggen av den sterke nasjonalbygginga på 1800-talet, har denne forskinga gjeve både interessante perspektiv og forklaringar som kan kome til nytte også i undersøkingar som denne. Men både omgrepet etnisitet og den praktiske nytten av dette, når det gjeld å inndele ei historisk lokalbefolkning etter etniske skiljeliner, byr på både kjeldekritiske og praktiske problem. Mellom anna kan det i denne samanhengen vere behov for å klargjere bruken av omgrepa kven og finnlendar i det vidare teksten.

Allereie i den berømte teksten frå slutten av 800-talet der norrønahøvdingen Ottar gjev ei skildring av Nord-Noreg til kong Alfred i England, kan vi lese om kvenane som eige folkegruppe i tillegg til samar og nordmenn i nord. Kvenane skulle ha sitt historiske opphavsområde i dei nordlegaste områda i Bottenvika, men frå 1500-talet vart også folk frå store delar av Lappmarkene og på finsk-svensk område omtala som kvenar. Frå tida omkring den *Store nordiske krig* på byrjinga på 1700-talet, starta ei langvarig finsk innvandring til Nord-Noreg, særleg til fjordbotnane i Nord-Troms og Vest-Finnmark. Mange eigedomslause kom i periodar då krig, uår og mangel på dyrkingsjord gjorde det vanskeleg for ei stadig aukande befolkning å brødfø seg som frie bønder i dei nordfinske bygdene. Seinare har kvenomgrepet vore brukt frå norsk side meir generelt om folk med finskkulturell bakgrunn som slo seg ned i Nord-Noreg. Finsktalande innflyttarar og deira etterkommarar vart til kvenar i Nord-Noreg, same om dei kom som jordbrukarar, sommarfiskarar eller arbeidarar. Frå 1845 til 1891 var dette den folkegruppa som auka sterkest i Finnmark i følgje offisielle registreringar. Medan det samiske folket gjekk attende frå 51,4 til 31,6 prosent av

befolkninga, auka kvenane sin del frå 13,3 til 23,2 prosent. Sjølv ikkje veksten blant den norske majoritetsbefolkninga frå 35,3 til 45,2 prosent var så sterk.³⁷

Lenge vart kvenane mest omtala med respekt som eit positivt innslag i det nordnorske samfunnet. Ikkje minst Niels Stockfleth var kjent som ein stor kvenvenn, men også verksdirektørane i Kåfjord og ulike embetsmenn gav kvenske bønder og arbeidarar godt skulsmål.³⁸ Til dømes skreiv amtmannen i Finnmark i 1865 : ”Af de forskjellige Nasjonaliteter i Finmarken siges Kvænerne, som befatter seg med Jordbrug og Kvæghold, at være de, som steller sine Kreaturer bedst og har mest Nytte av dem.”³⁹ Men etterkvart som masseinnflyttinga av kvenar tok til - særleg omkring midt på 1800-talet - og fornorsking, etnisk stigmatisering og politisering av dei nordnorske minoritetane sette sitt preg på den norske oppfatninga av kvenane, fekk kven-etnonymet ei meir negativ verdiladning både blant nordmenn og kvener.

I den seinare tid har kven-etnonymet fått tilbake statusen sin som meir eller mindre verdinøytral nemning på den delen av den nordnorske befolkninga som har identitet og røter knytt til finsk språk og kultur. Samstundes har den kvenske identiteten fått mykje vitskapleg merksemd og blitt drøfta og definert i doktoravhandlingar både i etnologi og folkloristikk.⁴⁰ Særleg etter at organisasjonen *Norske kveners forbund* vart danna i 1987, har omgrepet etterkvart ekspandert og festa seg til den offisielle språkbruken. Både den kvenske minoriteten og forskarar med tilknytning til kvensk historie, språk og kultur har så å seie tatt attende omgrepet. Det er såleis naturleg å ta i bruk kven-etnonymet også i dette arbeidet om folk som flytta til Nord-Noreg frå finskspråklege områder på Nordkalotten, ikkje minst når det er snakk om desse som ei etnisk gruppe. Finlendar vil derfor berre bli brukt når det gjeld å understreke nasjonal og statsborgeleg tilknytning til Finland.

Etnisitet er i følgje Thomas Hylland Eriksen eit relativt nytt ord frå midten av det tjuande hundreåret, som langt på veg har avløyst ord som rase, heidning og nasjon når det gjeld å skildre kontakt og konflikt mellom ulike folkeslag.⁴¹ I dag blir omgrepet mest nytta om opplevde kulturforskjellar som vert gjort relevant i samhandling mellom folk. Etnisitet vert såleis ein sosial kategori der det handlar om subjektive og erklærte forskjellar mellom grupper, meir enn objektiv og synleg ulikskap. Eit slikt syn på etnisk identitet som noko konstruert og førestilt, skil seg frå den meir *essensialistiske* oppfatninga - ”kvenane har alltid

³⁷ Balsvik og Drake 1994: 100

³⁸ Moberg 1968: 79-80

³⁹ Amtmannsmeldinga 1860-64: 4

⁴⁰ Anttonen 2001: 32

⁴¹ Hylland Eriksen og Arntsen Sørheim 1999: 36 og 50

vore kvenar”- som ein kan finne, til dømes blant einskilde kven-aktivistar med kvensk oppvakning på programmet.⁴²

Kva som skal til for å skape etniske identitet er det derfor uråd å gje ei eintydig oppskrift på. Den britiske sosiologen Anthony D. Smith understrekar betydninga av felles nemning, kollektive mytar om felles opphav og territorialt heimland, delt historisk minne, ein viss kulturelt fellesskap og solidaritet, i det minste blant eliten..⁴³ Korkje hudfarge, religion, språk, statsborgarskap eller andre etniske markørar gjev automatisk etnisk identitet. På den andre sida kan kvar og ein av desse og andre langt mindre konkrete kulturelle forskjellar basert på til dømes myter om eksklusiv historisk opphav, skape etniske grenser mellom folk dersom dei får verke på gruppeidentiteten over tid. Etniske grupper vert altså først og fremst definert innanfrå av dei som er involverte i etiske relasjonar, ved at ulike kombinasjonar av kulturelle forskjellar kontinuerleg vert fokuserte og framheva på ein slik måte at dei verkar til å skape solidaritet innover i gruppa, og grenser mot andre grupper. Dette betyr likevel ikkje at etnisk identitet og gruppekjennele nødvendigvis vert viktigare jo større dei kulturelle forskjellane er. Heller har det vist seg at etniske grenser og konflikthar hatt mest å seie i forhold mellom grupper som har meir eller mindre same kultur, og ein viss kontakt og samhandling seg i mellom. Derfor er det slett ikkje innlysande at etniske aspekt ved politikk, identitet og samhandling forsvinn sjølv om kulturforskjellar vert mindre i samfunnet.⁴⁴ Det er naturlegvis først i møte med andre folkegrupper at etnisk medvit og identitet har relevans for det einskilde individ. På same måte er både kulturkonfliktar, diskriminering og rasisme slik vi kjenner det frå fleiretniske samfunn, først og fremst mogleg å forstå som relasjonelle problem, ikkje som særdrag ved einskilde folkegrupper.

Når til dømes ei rekkje embetsmenn i Finnmark på 1800-talet ofte gjekk i spissen for å karakterisere kvenar og samar ved hjelp av nedlatande etniske stereotypiar, kan dette naturlegvis sjåast på som uttrykk for dåtidas diskurs og kunnskapsnivå, men også som ein meir eller mindre bevisst strategi i å styrke det norsk kulturelle hegemoniet i landsdelen. Slik etnosentrisme, der kulturelle eigenskapar hos ei gruppe vert nedvurdert og målt etter storsamfunnet sine verdimål, må derfor undersøkast ut frå konteksten. I den offisielle rangering av dei tre folkegruppene var norsk verdsett over dei andre gruppene, medan kvensk i dei fleste samanhengar rangerte over samisk på alle verdibarometer. Med utgangspunkt i ei slik forståing av omgrepet etnisitet, vert det grunn til å sjå nærare på kva som vart lagt til

⁴² Ryymän 2001: 52

⁴³ Smith 2001: 19

⁴⁴ Hylland Eriksen og Arntsen Sørheim 1999: 36 og 50

grunn for inndelinga av folkegrupper i kyrkjebøker og folketeljingar i undersøkingsperioden. Spørsmålet blir i kva grad statistikk frå 1800-talet med opplysningar om etnisitet frå Finnmark fanga opp etnisk identitet og dei kulturelle rammene som omgav folks samhandling i kvardagslivet. I vår samanheng blir dette interessant når det gjeld å undersøke i kva grad etnisitet og kultur spela ei rolle når det gjaldt strukturen og volumet i utvandringa frå Hammerfest.

På 1800-talet la ein meir vekt på ytre kjenneteikn når ein skulle skilje mellom same kven og nordmann. Særleg i folketeljingane vart det viktig for styresmaktene å kome fram til føremålstenlege kriterium teljepersonalet kunne legge til grunn. Det faktum at desse kriteria vart forandra og praktisert ulikt frå folketeljing til folketeljing, fortel kanskje at det ikkje var lett å fange opp kulturell identitet ved hjelp av eit avgrensa sett faste og formelle kjenneteikn. Men framfor alt kan det vere interessant å sjå utviklinga av den etniske registreringa i folketeljingane i samanheng med staten sine politiske intensjonar knytt til tryggingsspolitikk og nasjonsbygging i Finnmark i denne perioden.

I den nominelle folketeljinga frå 1865, vart etnisitet registret systematisk. Folk vart såleis inndelt i tre kategoriar, kvenar, samar og nordmenn i hovudsak etter språk. Men ettersom instruksjonen ikkje var eintydig og kriteria uklare, må ein rekne med at registreringane langt på veg vart gjort ut frå teljepersonalet sin kjennskap til befolkninga og den lokale kulturen på same måte som presten gjorde når han av og til registrerte opplysningar om etnisitet i kyrkjebøkene i samband med innflytting, dåp og giftemål. Undersøkingar har vist at folketeljarane jamt over hadde god innsikt og gjorde ein god jobb på dette området.

Problem med blanda ekteskap og folk med opphav i fleire folkegrupper vart truleg ikkje noko stort problem så lenge det var den faktiske sosiale plasseringa etter språk og synlege kjenneteikn som vart lagt til grunn for teljinga. Dette problemet kom først til syne i folketeljingane frå 1875. No vart det lagt stor vekt på avstamming og slektsforhold, slik at opptil 16 ulike kombinasjonar av etniske røter kunne framkomme. Markeringssystemet synleggjorde også den etniske bakgrunnen til foreldra. Mykje tydar på at lokalsamfunnet hadde god kunnskap og var bevisst sine etniske røter, noko som gjorde det mogleg for folketeljarane å gjere relativt pålitelege registrering om genealogisk etnisk samband fleire ledd bakover i tida. På den måten kunne folk verte registrert som blanda sjølv om både språk og andre etniske kjenneteikn tilsa at dei var same eller kven. Instruksjonen medførte sjølvstilt gruppa med blanda opphav auka sterkt. Men i teljinga frå 1900 vart det innført nye kriterium som truleg fekk folketeljarane til å legge meir vekt på språk enn slektskap i merkinga av etnisitet. Etniske kombinasjonar vart ikkje like interessant lenger. Samstundes fekk

registreringsskjemaet språk som eigen kategori. At språket no var det dominerande etnisk kriterium, viser også den nye praksisen at Statistisk Sentralbyrå korrigerer dei innkomne data, slik at hovudspråket folk hadde oppgitt vart meir vektlagt i stadfestinga av etnisitet.

Som vi ser er det god grunn til å vere kritisk til tal og tabellar i denne perioden, som syner demografiske strukturar og endringstendensar inndelt etter samisk, kvensk og norsk. Kjeldene er sparsame med opplysningar som kan røpe kulturell identitet og reell sosial plassering i det fleirkulturelle lokalsamfunnet. Dessutan vart kriteria endra slik at personar kunne framstå med ulik etnisitet frå teljing til teljing. Dette gjev mellom anna materialet frå Hammerfest mange døme på. Barn født av samiske eller kvenske foreldre finn ein ikkje sjeldan att som norske i folketeljinga frå 1900. Spørsmålet er om auken i talet på personar med blanda eller norsk opphav syner faktiske endringar i samansetjinga av dei tre folkeslaga i perioden, eller om tala heller gjenspeglar resultat frå ein medviten og statleg assimileringsspolitikk, slik Ivar Bjørklund skriv om i *Fjordfolket frå Kvenangen*.⁴⁵

I ei undersøking som Lars Ivar Hansen gjorde av kjeldemateriale frå Astafjord prestegjeld, set han mellom anna fokus på auken i kategorien personar som vart innført i teljingane som etnisk blanda.⁴⁶ Her følgjer han den etniske registreringa av eit utval samar gjennom tre folketeljingar - 1875, 1891 og 1900 - og slår fast at det synes å ha gått føre seg ei oppløysing av dei etablerte etniske kategoriane i folketeljingane fram mot hundreårsskiftet. Rett nok viser undersøkinga at giftemål mellom samar, kvenar og nordmenn var ei viktig årsak. I følgje Hansen er det ikkje urimeleg å tenkje seg at talet på slike blanda giftemål var tilstrekkeleg høgt mange stader til å forklare auken i talet på barn med etnisk blanda opphav. Likevel viser undersøkinga at det god grunn til å stille spørsmål om ikkje dei etniske kriteria som vart nytta, og den måten registreringa gjekk føre seg på medverka til å skjule samisk og kvensk identitet. Om lag halvparten av dei som vart registrerte som blanda i dei ulike folketeljingane, hadde foreldre med ulik etnisk opphav. Dei andre kom frå heimar som i kyrkjebøkene vart karakterisert som samiske. Etter kvart som fleire frå minoritetsgruppene lærte seg norsk, vart språk eit viktigare kriterium enn faktiske genealogiske realitetar og andre etniske kjenneteikn. Samstundes vart fleire med samisk bakgrunn registrert som norsk, og i folketalsstatistikken synte den samiske delen av befolkninga å stagnere. Det er vanskeleg å stadfeste om dette var uttrykk for faktisk assimilasjon, registreringsteknisk press, eller kanskje ein strategi hos delar av minoritetane, der ein ved å framstå som mest mogleg norsk i folketeljingane, kunne få tilgang på verdiar og ressursar i storsamfunnet.

⁴⁵ Bjørklund 1985: 403-404

⁴⁶ Hansen 1994: 102-129

1.6 Undersøkingsområdet - befolkning og busetting

Frå 1789 til 1867 omfatta Finnmarken amt i tillegg til *det eigentlege Finnmark* både Senja og Tromsø fogderi. Etter dette blei Finnmark eige amt med fem fogderi, frå Loppa i sør til Grense Jacobselv i aust. Den nye amtmannen Jens Holmboe, som hadde vore fut og sorenskrivar i Hammerfest frå 1856, fekk sete i byen. Hammerfest vart såleis amtmannsresidens fram til 1886, då embetet vart flytta til Vadsø for å danne ein meir framskote posisjon mot nabolanda i aust.⁴⁷ Vest-Finnmark var delt i dei to fogderia Alta og Hammerfest.

Prestegjeld er ei gamal nemning på det området soknepresten hadde kyrkjeleg ansvar for og viser såleis tilbake på den tradisjonelle organiseringa av lokalsamfunna. Etter kvart tok verdslege nemningar over, samstundes som nye eininga og forvaltningsnivå vart innført. Hammerfest prestegjeld omfatta Hammerfest by, Hammerfest landsokn og Kvalsund landsokn, men også Måsøy fram til 1857, då Måsøy vart utskilt som eige prestegjeld.

Hammerfest prestegjeld



Kjelde: digitalarkivet

⁴⁷ Bottolfsen 1990: 170

Då formannskapsloven i 1837 vart vedteke, danna Hammerfest by og landsoknet felles politisk styre. Men etterkvart som byen vaks og utgiftene steig blei det endra slik av byen og landsoknet frå 1852 vart styrt av kvar sitt formannskap. I 1869 vart Kvalsund skilt ut frå Hammerfest landsokn som eigen kommune, og det gamle prestegjeldet bestod deretter av to landkommunar og ein bykommune. Hammerfest landsokn omfatta då det området som i 1920 blei Sørøysund kommune.⁴⁸ Det er altså desse tre kommunane som ligg til grunn for undersøkinga.


I H. H. Lillienkjold sitt kjente verk *Speculum borale* frå 1698 vert Hammerfest omtala som kyrkje-, ting- og handelsstad alt frå byrjinga av 1600-talet. I 1691 vart staden gjort til ein av dei sju handelsplassane som kongen oppretta i Finnmark, og ei sentral hamn for monopolhandelen som prega Finnmark det neste hundreåret. Då Peder Harboe på 1720-talet var prest i Hammerfest, gav han ei skildring av dei plassane som hørte til prestegjeldet.⁴⁹ I forteljinga hans får vi vite at soknet omfatta indre og nordvestlige del av Sørøya (6 mil), Seiland (5 mil), heile Kvaløya og 6 mil på fastlandet innanfor Kvaløya. Frå gamalt av heldt den norske busettinga meste til på vestsida av Sørøya, så nært fiskefelta som mogleg. Prestegjeldet hadde 8 fiskevær og til saman 38 familiar av norske opphav i 1725, av desse var 22 menn og 16 kvinner født utanfor Finnmark. Men kvar vår då fiskarar frå sør strøyma til fiskefelta i området, vart det norske folketalet mangedobla. Den samiske busettinga, som mest var lokalisert til fastlandet og indre fjordstrok i Repparfjord, Kvalsund og Klubben, utgjorde om lag ein like stor del av befolkninga i prestegjelda på denne tida, men vart meir enn dobbel så talrik som den norske på slutten av hundreåret.

Då Hammerfest fekk status som kjøpsstad i 1789, var det særleg den naturskapte hamna og området si plassering som norsk utpost i skipsleia til Arktisk og Nordvest-Russland, som fekk kongen til å velje å gje fulle handelsrettar til nettopp denne plassen, i tillegg til Vardø same år og seinare i 1794, Tromsø. Nærleiken til dei store marine naturressursane langs Finnmarkkysten gav elles gode vilkår for eit handelsborgarskap som hadde tilgang på kapital og ein stort marknad for produkta sine. Byetableringa i Nord-Noreg var eit ledd i einevaldskongens økonomiske liberalisering på slutten av 1700-talet, og såleis ei modernisering av den dansk-norske politikken i nordområda. Styresmaktene i København ønska på denne måten å auke folketalet og styrke busettinga i dei nordlegaste provinsane, mellom anna ved å stimulere til innflytting og leggje forholda best mogleg til rette for handel og næringsliv basert på dei rike naturressursane i landsdelen.

⁴⁸ Bottolfsen 1990: 469

⁴⁹ Peder Harboes beretning, stensilert kopi, Hammerfest Historielag: 16-21

Hammerfest by 1837



Kjelde: utlånt frå Gjenreisningsmuseet for Finnmark og Nord-Troms

I 1851 fekk kjøpstaden sin første reguleringsplan som viser at byen fekk eit svært avgrensa område til disposisjon. Området som i dag vert rekna som sentrum i Hammerfest, strakte seg frå Hammerfest-neset rundt den inste delen av vågen, og langs foten av fjellet Salen til Svartelva i vest. I tillegg vart Fuglenes på nordsida av vågen eigen bydel, men skilt frå sjølve byen av plassen Molla, eit lite område mellom Storelva og Svartelva som hørte til landsoknet. Alt tjue år seinare var det klart at auka folketal og veksten i næringslivet hadde skapt behov for meir plass, og bystyret søkte derfor om å få grensene utvida slik at dei to bydelane vart kopla saman og eit større område nordaust for Storvannet vart regulert til byføremål.

Tabell 1. Befolkningsutviklinga i Hammerfest prestegjeld 1815-1920, absolutte tal.

	1815	1825	1835	1845	1855	1865	1875	1890	1900	1910	1920
Bysokn	63	341	391	927	1125	1547	2103	2163	2274	2677	3301
Landsokn	485	588	627	626	751	901	896	1033	1103	1391	1726
Kvalsund	294	356	379	378	454	545	655	761	876	1065	1227
Sum	842	1285	1397	1931	2330	2993	3654	3957	4253	5133	6254

Kjelde: NOS folketeljingar 1769-1940 (NSD)

Som tabell 1 syner, hadde Hammerfest by ikkje meir enn 63 innbyggjarar i 1815, om lag 10 hushald knytt til handel, kyrkje og nokre offentlege tenester. I landsoknet var det ei liten nedgang i folketalet frå 816 i 1801 til 779 i 1815. Det er først i dei neste tiåra fram til midten av hundreåret at Hammerfest får eit visst preg av å vere by. Viktige årsaker til denne utviklinga må ein søkje i den sterke folketalsauken, migrasjonen og næringsutviklinga som kom til å prege prestegjeldet utover hundreåret.

Etter napoleonskrigane sank mortaliteten kraftig i heile landet, samstundes som fertiliteten held fram som før. Dette skapte folkeoverskot og jordmangel på bygdene, og førte til at mange måtte flytte til byane for å finne arbeid og levebrød. Samstundes auka utvandringa til Amerika. Midt på 1860-talet - før den store masseutvandringa tok til - hadde om lag 78 000 nordmenn emigrert til Amerika.⁵⁰ I Nord-Noreg var fødselsoverskotet enno sterkare, samstundes som landsdelen fekk ei sterk innflytting. Mange kom for å rydde jord, slik vi kjenner det frå døleinnvandringa til Bardu og Målselv frå slutten av 1700-talet. Andre kom for å søke arbeid i bergverksindustrien, som til dømes i kopparverket i Kåfjord etter at det starta opp i 1826. Men dei fleste drog nordover for å livberge seg av fiske. For byar og tettstader i Troms og Finnmark vart denne innvandringa viktigaste årsaka til folketalsauken.

I Finnmark gjekk det så å seie føre seg ein folketalseksplasjon, sterkare dess lenger nord og aust ein kom i fylket. Mange fiskarar som hadde deltatt fleire år som sesongemigrantar under dei store fiskeria, slo seg ned og etablerte hushald i amtet. Ikkje minst kom mange frå Finland på denne måten for å søke arbeid i gruveindustri og fiske. I 1875 var dei komne opp i 24,2 prosent av folketalet i fylket. Innflytting og fødselsoverskot førte såleis til at folketalet i Finnmark vaks med 245 prosent frå 1815 til 1875, det vil seie ei 31/2-dobling på 60 år samanlikna med ei dobling i resten av riket.


I Hammerfest steig folketalet raskt til 341 i 1825, og etter ein tiårig stagnasjonsperiode vidare til 925 i 1845. Dette var ein vekst som få byar elles i landet kunne vise make til,

⁵⁰ Backer 1965:158

faktisk berre Ålesund og Lillehammer.⁵¹ Samansetninga av folket viser at det først var unge menn som kom til byen å drive handel eller finne seg arbeid som handverkarar, sjøfolk og fangstmenn. Seinare kom kvinnene, og deretter kvenane. Folketalsveksten heldt fram, og på det mest intensive i perioden 1865 til 1870 auka folketalet med 33,6 prosent, og nådde eit tal på 2000. Fertiliteten var høg i den unge befolkninga, men også talet på innflyttarar steig. Det var mest folk sørfrå som flytta nordover på denne tida, særleg frå Trøndelag og Helgeland og Tromsø, men også kvenar frå fjernt og nært. Dette skjedde samstundes som vi kan registrere den første bølge av utvandrarane frå Hammerfest med kurs for Nord-Amerika.

I landsoknet der det sjøsamiske folket utgjorde fleirtalet, hadde det budd kvenar frå tidleg på 1800-talet. Desse hadde slått seg ned på dei gamle sameryddingane i Repparfjord og dreiv kombinasjonsbruk med godt resultat. I 1806 hadde ti kvenske familiar slått seg ned der. Seinare på 1830-talet kom fleire til, slik at talet på kvenar kom opp i om lag 70.⁵²

Figur 1. Befolkningsutviklinga i Hammerfest 1845-1900, etnisk, faktiske tal



Kjelde: Folketeljingar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkarbøker, amtmannsmeldingar 1861-1875

Etter at Kåfjordverket starta opp i 1826, stagnerte folketalsveksten i Hammerfest by ein periode, men då verket vart ramma av nedgangskonjunkturar på 1840 talet, kom det mange derfrå som hadde arbeid ei stund som gruvearbeidarar. Mange frå dei nære landdistrikta flytta også inn til byen, men eit stort innslag av innflyttarane var født sørpå eller i nabolanda på Nordkalotten. I den neste tjueårsperioden vaks folketalet i prestegjeldet med 62 prosent fram til 1865. Folketeljinga for 1845 viser at det budde 154 personar med finsk opphav i

⁵¹ Sivertsen 1973: 71

⁵² Haukedal 1980: 30

byen, 100 menn og 54 kvinner. Det er først no ein kan seie at Hammerfest by har fått eit kvensk innslag i befolkninga. Tjue år seinare utgjorde dei 20 prosent av folketalet i byen, og byfuten kunne meddele at om lag halvparten av innflyttarane det siste året hadde vore ”finnlendarar”.⁵³ Til saman budde det då 496 kvenar i heile prestegjeldet. Mange av dei valde etterkvart å flytte til byen, slik at talet på kvenar steig der samstundes som det gjekk tilbake i landsoknet. Hammerfest by blei i stadig sterkare grad fleirkulturell.

Som det går fram frå utgreiinga om folketalsutvikling og folketalsstrukturen i undersøkingsområdet, var Hammerfest prestegjeld slett ikkje prega av stabilitet og kontinuitet på desse områda. Derimot var samfunnet både i landsoknet og i byen prega av sterk folketalsvekst, fleirkulturelle forhold og migrasjon av ulik slag. I forhold til elles langs kysten var migrasjonen størst nordpå, og mange flytta over lengre avstandar, mest nordover. Derfor fekk Finnmark, særleg byane Hammerfest og Vardø, den største innflyttinga.

⁵³ Sivertsen 1973: 73

2 Forløp, volum og struktur i utvandringa

2.1 Utvandringa frå dei nordlegaste landsdelane

Utvandringa til Amerika kom seint i gong i Nord-Noreg i forhold til resten av landet. Før den store masseutvandringa sette inn midt på 1860-talet, var talet på registrerte emigrantar frå landsdelen svært lågt. I Nordland emigrerte årleg éin pr 10 000, og i Finnmark éin pr 2000 i perioden 1836-65. Også om ein ser masseutvandringa i perioden 1865-1915 under eitt, var utvandringsintensiteten i Nord-Noreg mindre enn gjennomsnittet for heile riket, årleg 3.1 promille i Troms 4,0 promille i Nordland og 4,5 promille i Finnmark. Knappt 43 000 personar emigrerte frå landsdelen i denne perioden, noko som ikkje utgjer meir enn om lag 6 prosent av alle utvandrarane frå Noreg i same tidsrom.⁵⁴ Likevel vart den nordlegaste landsdelen, særleg Finnmark blant dei fylka som vart sterkast ramma i dei første tiåra etter at amerikafebereren for alvor slo inn over landet. Finnmark gjekk i denne 50-årige perioden frå å vere blant dei fylka i landet med størst utvandringslyst til å vere blant dei med absolutt minst utvandringsintensitet utover 1900-talet. Frå offentleg statistikk kan vi lese at utvandringa over alt i landet var størst frå landsokna i denne tidlege fasen. Dette er i grunnen ikkje så rart ettersom landet var lite urbanisert og folk mest budde på landsbygda. Men frå byrjinga av 1870-talet auka straumen av emigrantar frå byane slik at byfolk i forhold til folketalet fekk ein betydeleg større utvandringsfrekvens enn landbefolkninga, med unntak frå eit kort tidsrom på slutten av 1890-åra. Samstundes skjedde det ei betydeleg urbanisering. Mens bybefolkninga i 1865 berre utgjorde om lag 15 prosent av landets samla befolkning, utgjorde ho heile 30 prosent i 1915.⁵⁵

Slik gjekk det også i Finnmark der utvandringa frå byane raskt utgjorde meir enn dobbelt så mange som dei frå landsokna. Denne fordelinga heldt seg slik heilt fram til 1905, slik tabell 2 viser.

Tabell 2. Utvandringa frå Finnmark 1866-1915, by/land, absolutte tal, femårsbolkar

År	1866-70	1871-75	1876-80	1881-85	1886-90	1891-95	1896-00	1901-05	1906-10	1911-15	Sum
By	206	884	332	793	705	400	186	431	213	92	4242
Land	429	623	186	361	166	205	67	214	249	82	2582
Total	635	1507	518	1154	871	605	253	645	462	174	6824

Kjelde : Utvandringsstatistikk 1921: utdrag frå tabell II

⁵⁴ Utvandringsstatistikk 1921:27

⁵⁵ Utvandringsstatistikk 1921: 36-37

I tillegg leverte byane i Finnmark nesten dobbelt så mange utvandrara som byane til saman i dei to nabofylka, medan utvandringa frå landsokna utgjorde mindre enn ein tidel av den samla utvandringa frå Nord-Noreg.⁵⁶ Slike særdrag ved utvandringa frå Finnmark er viktig å få med både i eit regionalt og lokalt perspektiv på den nordnorske masseutvandringa.

Før den store utvandringa sette inn midt på 1860-talet, var det totale talet på registrerte emigrantar frå Finnmark til Nord Amerika om lag 730 personar. Dei aller fleste av desse hadde reist ut etter 1850.⁵⁷ I amtmannsmeldinga frå femårsperioden 1860-64, rekna amtmannen med at om lag 400-500 hadde emigrert frå amtet i denne perioden. Utvandarane var ikkje berre nordmenn, men også kvener og nokre få samar. Trass i den gunstige økonomiske utviklinga i amtet, med rikeleg høve til fortjeneste og god lønsutvikling som han elles kunne rapportere frå amtet, måtte amtmannen med undring konstatere at "Utvandringslysten har fundet alvorlig Indgang også her, saa at i ethvert av Periodens år Flere ere afreise til Amerika for der at søge sig et nyt Hjem." Frå april og mai i 1864 skriv også Tromsø Stiftstidende om amerikafebera som prega byen denne våren då menneske i hopetal kom til byen for å emigrere til Amerika.⁵⁸ Ikkje lenge etter vart det rapportert at seglskipa "Norge" og "Ægir" forlet Tromsø med meir enn 500 passasjerar om bord på veg til Øvre Michigan via Canada. Nøyaktig kor emigrantane kom frå i det store området frå Kvæfjord til Sør-Varanger hadde han ikkje full oversikt over, men kunne rapportere at 110 reiste frå Varanger, at Alta hadde 20 medan Hammerfest fogderi berre hadde 2 emigrantar i denne femårsperioden.⁵⁹ Men organisert masseutvandring i slik målestokk frå nordnorske hamner var nok ikkje vanleg på denne tida. I amtmannen si melding går det fram at dette mest var å rekne som ei enkelståande hending, og at Bergen var den mest brukte utreisehamna dei andre åra i femårsperioden.

Dei aller fleste utvandarane frå Nord-Noreg etter 1867 finn ein dokumentert i emigrasjonsprotokollane frå Trondheim. Somme nytta også Bergen og Kristiania som utskipingshamn. I fleire annonsar frå avisene lokka agentar dessutan med båtskyss både frå Tromsø, Bodø og Namsos. Semmingsen skriv om fregattar som vart sende nordover frå Bergen til Bodø for å hente utvandrara.⁶⁰ Det er på det reine at skip med over 400 emigrantar segla frå Bodø i 1866, og at fleire drog direkte frå Namsos til England for så å verte frakta derfrå til New York eller Quebeck. Blant pionerane i utvandringa frå Nord-Noreg

⁵⁶ Utvandringsstatistikk 1921: 35

⁵⁷ Utvandringsstatistikk 1921: 27

⁵⁸ Tromsø stiftstidene 7.4 og 8.5 1864

⁵⁹ Amtmannsmeldinga 1860-64: 17, sjå også og Andresen 1994:302

⁶⁰ Semmingsen 1950: 45

finn vi særleg tilflytta døler til Målselv og Bardu, men også innvandrarak frå Finland og Sverige.

Tabell 3. Utvandringa frå Nord-Noreg 1866-1925, årleg utvandring i promille av middelfolkemengda.

Fylke	1866 - 75	1876 - 90	1891 - 00	1901 - 10	1911 - 15	1916 - 20	1921 - 25
Nordland	2,9	4,0	2,5	6,5	3,3	0,7	2,7
Troms	2,9	3,3	2,0	4,6	2,1	0,5	1,5
Finnmark	9,6	6,4	2,8	3,1	0,9	0,3	0,6
Riket i alt	6,8	7,9	4,5	8,2	3,6	1,3	3,3

Kjelde: Backer 1965

I Nord-Noreg starta utvandringa i Finmarken amt og fekk også først preg av masseemigrasjon der, før ho gradvis spreidde seg sørover. Som tabell 3 ovanfor viser, var det først ved hundreårsskiftet at dei to nabofylka tok over leiinga som utvandringsfylke i nord, men utvandringa derfrå nådde ikkje opp til gjennomsnittstala for heile landet. Ser ein utvandringa i forhold til folketalet, kom aldri emigranttala frå Nordland og Troms i nærleiken av dei høge tala frå Finnmark i tiårsperioden rundt 1870, då fylket hadde 9,8 emigrantar per 1000 innbyggjarar. På denne tida var Finnmark blant dei fylka i landet med størst utvandring i forhold til folketalet. Dette skjedde samstundes med at byane vart dei største utreiseområda, dampskipa tok over emigranttrafikken frå seglskipa og straumen av emigrantar vart kanalisert mot dei største utskipingshamnene. Utvandringa frå Noreg til Amerika gjennomgjekk såleis ei endring både kvantitativt og kvalitativt på denne tida.

2.2 Utvandringa frå Hammerfest by og landsokn

I kva grad folk frå Hammerfest emigrerte i tiåret før 1865, er vanskeleg å fastslå nøyaktig. Passasjerlister frå utreiseskipa fins ikkje, og kyrkjebøkene sine utflyttingslister røper ikkje anna enn at eit ektepar i 30-årsalderen, Isak og Brita Olsdatter, meldte flytting til Tromsø 29 september 1863, truleg med Amerika som mål. I alle fall noterte presten *Amerika* i parentes som reisemål.⁶¹ Det kan vel også tenkjast at ein og annan sjømann i utanriksfart kunne emigrere utan å melde frå om det, men elles er det lite i dei kjeldene eg har undersøkt som tilseier noko vesentleg utvandring frå Hammerfest før 1865. Byen kom såleis relativt seint med i utvandringa. Talet på emigrantar kom ikkje høgre enn 39 i løpet av 1860-talet. Dette er

⁶¹ Kyrkjeboka for Hammerfest, utflyttingslista 1863, NM 17

klart færre enn det ein finn i dei andre store utflyttingsområda i fylket i denne fasen, både i Tromsø, Alta, Vardø og Vadsø.⁶²

Skikkeleg fart i utvandringa frå Hammerfest vart det ikkje før i 1869, då talet på utvandrarar berre på eitt år kom opp i 25 personar, noko som var meir enn den totale registrerte utvandringa fram til då. Til saman i den 60 år lange perioden frå 1865 til 1925 har eg funne at det emigrerte 1012 personar frå Hammerfest prestegjeld til Nord-Amerika. Dette talet omfattar alle som er registrert med siste bustad i Hammerfest prestegjeld i utvandrarprotokollane, og elles dei som vart utskrive som utvandarar i kyrkje og klokkarbøkene. Eg har også tatt med dei som vart registrerte med Hammerfest som fødestad i protokollane frå Bergen. Dei aller fleste som emigrerte frå Hammerfest la turen over Trondheim, og 841 personar vart bokført der. Eller drog 44 personar frå Oslo, 36 frå Bergen og 2 frå Ålesund.

Dei første utvandarane frå Hammerfest prestegjeld i undersøkningsperioden finn vi registrert både i utflyttarlista i kyrkjeboka og i emigrasjonslistene. Det var den kvenske snekaren Johan Gustav Kilangi med kone og to barn. Denne familien var fastbuande i byen, og dei einaste registrerte utvandarane i 1865. Minst 13 av utvandarane frå Hammerfest er registrert i materialet to gongar med ulike data både når det gjeld tidspunkt for utreise, sivilstatus, destinasjon og liknande. Dei var heimvendte emigrantar som reiste ut att etter eit kortare eller lengre opphald i gamallandet. Av praktiske grunnar er kvar utvandring rekna som ein utvandar i undersøkinga.

Tabell 4. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, absolutte tal.

År	Emigr.	År	Emigr.	År	Emigr.	År	Emigr.	År	Emigr.	År	Emigr.
1865	4	1875	7	1885	12	1895	5	1905	18	1915	4
1866	0	1876	4	1886	16	1896	8	1906	26	1916	6
1867	7	1877	13	1887	59	1897	2	1907	24	1917	0
1868	3	1878	1	1888	27	1898	6	1908	8	1918	0
1869	25	1879	9	1889	15	1899	10	1909	11	1919	1
1870	24	1880	48	1890	12	1900	11	1910	11	1920	11
1871	32	1881	58	1891	24	1901	10	1911	11	1921	9
1872	95	1882	55	1892	31	1902	16	1912	4	1922	1
1873	56	1883	35	1893	22	1903	31	1913	4	1923	10
1874	6	1884	13	1894	1	1904	25	1914	9	1924	6
SUM	252		243		219		124		126		48
											1012


Kjelde: kyrkje- og klokkarbøker, utvandringsprotokollar Trondheim, Bergen, Oslo, Ålesund

⁶² NOS Folkemengdens bevegelse 1866-1910 (NSD)

Som vi kan sjå frå tabell 4 ovanfor, varierte intensiteten i utvandringa sterkt frå 95 personar i toppåret 1872 til 0 i 1866 og i krigsåra 1917 og 1918. Av dei 1012 registrerte utvandrarane frå Hammerfest, fann eg 427 registrert i kyrkjebøkene, altså om lag 42 prosent. Dei fleste som presten registrerte var å finne att i utvandringsprotokollane, men ikkje alle. 96 av dei som meldte seg som emigrantar lokalt var det uråd å finne att i dei tilgjengelege emigrasjonsprotokollane frå Trondheim, Bergen og Ålesund, altså om lag 9 prosent. Vi veit ikkje kva for hamn dei drog frå, og kan dermed ikkje seie sikkert at dei emigrerte i det heile tatt. Ei forklaring kan naturlegvis vere at somme ombestemte seg og vart buande i området nær utskipingshamna, eller slo seg ned andre stader. Andre kunne ha nytta utanlandske eller mindre hamner, og dermed unngått registrering. Når det gjeld etappevandrarar hadde dei dessutan ofte fleire alternativ når dei skulle svare på kva for bustad dei kom frå, ettersom det ikkje var der dei var født. Dei trengte ikkje å la seg registrere som utvandrarar frå Hammerfest, sjølv om dei hadde budd der ei stund.

På same måten som elles i landet fekk utvandringa frå Hammerfest preg av bølger. Mellom kvar bølgetopp kom talet fleire gongar ned i ein eller to personar pr år. Toppene finn ein først og fremst i åra 1872, 1881 og 1887. Etter det gjekk utvandringa attende med gradvis lågare toppar i 1892, 1903, 1906, 1910 og 1920.

Figur 2. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, faktiske tal, femårsbolkar



Kjelde: kyrkje- og klokkarbøker, utvandringsprotokollar Trondheim, Bergen, Oslo, Ålesund

Ser ein utvandringstala i femårsbolkar slik figur 2 syner, kjem det klart fram at utvandringsintensiteten varierte sterkt, og var sterkast i byrjinga av 1870- og 1880-talet, då meir enn 200 personar emigrerte i kvar femårsperiode. I desse to periodane var utvandringa frå Hammerfest by så stor at ho i einskilde år utgjorde ei årleg promillerate på mellom 30 og 45. Samanlikna med andre byar både i Nord-Noreg og i landet elles, er dette talet høgt. Men også siste halvdel av åttitalet viser sterk utvandring, før talet tar til å falle utover 1890-talet.

Tabell 5. Årleg utvandringa frå Hammerfest by 1869-1920, promille av folketalet

Utvandring	1865-69	1870-74	1875-79	1880-84	1885-89	1890-94	1895-99	1900-04	1905-09	1910-14	1915-19	1920-24
tal	39	215	33	192	119	90	30	86	82	38	11	36
promille	4,6	20,4	3,1	18,2	11,3	8,4	2,7	7,5	6,8	2,8	0,8	2,2

Kjelde: NOS Folkemengdens bevegelse 1866-1910 (NSD), kyrkje- og klokkarbøker, utvandringsprotokollar

Fram mot hundreårskiftet er det likevel to femårsperiodar som avvik med relativt lågt utvandrartal, nemleg 1875-79 og 1895-89. I desse periodane var den gjennomsnittlege årlege utvandringa frå prestegjeldet berre 2-3 pr tusen. Desse nedgangsperiodane finn ein også att i tal frå andre lokale undersøkingar både frå Troms og Finnmark, likedan i regionale og ikkje minst i landsomfattande statistikkar om den transatlantiske emigrasjonen. Etersom desse periodane fell saman med kraftig konjunkturedgang i amerikansk næringsliv, er det derfor ei allmenn oppfatning at desse bølgedalane først og fremst skuldast negative signal frå USA. Frå hundreårsskiftet held utvandringa fram med noko lågare intensitet fram mot den første verdskrigen. Med ein relativ jamn straum på over 20 utvandrarakar pr år fram til 1908, fall talet til under det halve i resten av perioden. Etter krigen tok naturlegvis utvandringa seg opp eit hakk samanlikna med nedgangen under krigen, men det kan sjå ut som om botnen var nådd då amerikanarane innførte lover som sette kvote for innvandring i 1924. I gjennomsnitt nytta berre om lag 2 for kvar tusen personar frå Hammerfest prestegjeld årleg høvet til å emigrere i den siste femårsbolken av undersøkingsperioden

Korkje utvandringsprotokollane eller kyrkjebøkene er særleg pålitelege kjelder når ein skal stadfeste kor i prestegjeldet emigrantane kom frå. Berre om lag 1, 5 prosent av dei vart registrert som heimhøyrande i landsoknet. Oftast vart Hammerfest oppgjeve som siste bustad, sjølv om næraste folketeljing syner at personen - i alle fall på det tidspunktet - hadde heimstaden sin i landsoknet. Mange av dei som budde i byen var født i Kvalsund eller i Sørøysund, ettersom det gjekk føre seg ei sterk flytting mellom land og by i heile undersøkingsperioden, særleg frå landsoknet til Hammerfest by. Det vert såleis uråd i mange

tilfelle å stadfeste sikkert om utvandrarane kom frå landsoknet eller frå byen. Med basis i registreringane om fødestad og bustad i folketeljingane og med støtte frå opplysningane i dåpslistene, har eg likevel med stor varsemd registrert 53 av dei 1012 emigrantane som folk frå landsoknet. Dette er langt fleire enn dei 15 som er bokførte med landsoknet som siste bustad i utvandrarprotokollane. Tar ein føre seg heile denne gruppa, kan ein sjå at ingen av dei reiste før 1870, og dei fleste i hovudsak fell inn i under den seinare fasen av utvandringa som gjekk føre seg på 1900-talet. Med få unntak var dette emigrantar som neppe hadde bustad i byen før dei valde å emigrere, men somme av dei budde relativt nært det vi i dag reknar til bykjerna, til dømes på Meland og sørover til Repparfjord. Utvandringa frå Hammerfest var såleis først og fremst eit byfenomen.

2.3 Alder, kjønn og sivilstand

For landet under eitt var det dei unge vaksne i aldersgruppa 15-29 år som stod for den vesentlegaste delen av utvandringa i undersøkingsperioden. Med sterk overvekt av menn frå starten av gjorde denne gruppa seg stadig sterkare gjeldane fram mot den første verdskrigen, då over 70 prosent av utvandrarpopulasjonen i Noreg var mellom 15 og 29 år. Også blant dei kvinnelege emigrantane var denne aldersgruppa klart størst, men kvinnene dominerte sterkast i dei eldre aldersgruppene.⁶³

Tabell 6. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, alder/kjønn

Alder	Mann	Kvinner	N=
1-14	110 (50,7%)	107 (49,3%)	217
15-29	304 (56,7%)	232 (43,3%)	536
30-44	102 (59,0%)	71 (41,0%)	173
45-59	31 (45,6%)	37 (54,4%)	68
60-70	9 (50,0%)	9 (50,0%)	18
Sum	556 (54,9%)	456 (45,1%)	1012


Kjelde: Folketeljingar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkarbøker, utvandringsprotokollar

Ved å samhalde informasjon frå dei ulike kjeldene, har eg kunne registrere alder på alle emigrantane frå Hammerfest. Rett nok kan aldersregistreringa variere med eitt eller to år frå folketeljing, dåpsliste og emigrasjonsprotokollar, men dette gjev neppe utslag på tendensane i statistikken. Som tabell 6 viser, var aldersgruppa 15-29 også dominerande i

⁶³ Utvandringsstatistikk 1921: 44

utvandringa frå Hammerfest i store delar av undersøkjingsperioden. Til saman hørte vel halvparten av emigrantane til i denne alderskategorien, og på 1890-talet om lag 70 prosent. Ikkje berre var denne aldersgruppa størst i kvar femårsperiode, men ho auka også gradvis delen sin heilt fram til omkring hundreårsskiftet. Tala viser elles at det var ein ung del av populasjonen som utvandra frå Hammerfest. Barn under 15 år utgjorde den nest største gruppa når ein ser perioden under eitt, og den største delen barn finn vi den første fasen. Dette samsvarar med tendensar og tal på riksplan, og fortel at barnefamiliane også i vårt område utgjorde ein relativ større del av utvandringa i den mest intensive fasen enn seinare, då ho gjekk tilbake.

Figur 3. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, alder, tiårsbolkar




Kjelde: Folketeljningar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkearbøker, utvandringsprotokollar

Etterkvart auka dei einslege unge i arbeidsdyktig alder sin del av utvandringa, og gruppa av barn vart gradvis redusert. Gruppa 30-44 år viser jamt over større stabilitet i utvandringa i forhold til dei to yngre aldersgruppene. Dei eldste emigrantane frå 45 år og oppover, som til saman utgjorde under 10 prosent av totalmaterialet, viste derimot størst reiselyst i den første halvdelan av undersøkjingsperioden.

Det var ikkje stor skilnad på styrken av menn og kvinner i utvandringa frå Hammerfest når ein ser undersøkjingsperioden under eitt. Mennene stod for 55 prosent medan kvinnene for 45 prosent, det vil seie at det utvandra om lag 100 fleire menn og gutar enn kvinner. I kvar femårsperiode med stor utvandring utgjorde menn eit fleirtal, medan kvinner og jenter auka styrken sin til over femti prosent i den siste fasen frå 1910, dvs etter at

utvandringa hadde gått kraftig tilbake totalt sett. Vi kan også sjå at kvinnene var relativt sterkare representert enn menn i aldersgruppene over 15-29 år. Dette er også i samsvar med tendensen for landet under eitt for denne perioden. Særleg i utvandringa frå byane var kjønnsforskjellen liten, og einskilde år utgjorde kvinnene allereie på slutten av 1870-åra meir enn halvdelen av emigrantane på riksnivå.⁶⁴

Figur 4. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-24, kjønnsfordeling i prosent



Kjelde: Folketeljingar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkarbøker, utvandringsprotokollar


Samanhengen mellom kjønnsfordeling og intensitet i utvandringa, som vi kjenner frå utvandringsforskinga, kjem ikkje eintydig fram i materialet frå Hammerfest. Rett nok kan vi observere at menn dominert regelfast dei første tiåra i den mest intensive perioden. Dette understrekar biletet av ei arbeidskraftutvandring der arbeidsmarknaden først og fremst etterspurde menn. Likedan kan vi sjå at kvinnene tok over dei siste to tiåra då utvandringa var minimal. Men den største mannsdominansen finn vi likevel på slutten av 1890-talet, då 67 prosent av alle utvandrarane var menn, samstundes som talet på emigrantar var nede på det lågaste nivået før den første verdskrigen. Om forskjellane i utvandringsmønster fortel om ulike motiv for utvandring for kvinner og menn, vil ein truleg finne ein meir tydeleg skilnad mellom dei to gruppene blant ugifte emigrantar. Ugifte kvinner responderte og agerte truleg meir kjønns spesifikt som gruppe enn gifte kvinner. Det kan derfor vere vanskeleg å sjå kvinnene som aktør når emigrantane reiste som ektepar. Ettersom mannen oftast var

⁶⁴ Utvandringsstatistikk 1921: 42

hovudpersonen i familieøkonomien, vart rimelegvis etterspurnaden etter hans arbeidskraft og vilkåra for familieemigrasjon viktige drivkrefter bak familieutvandringa. Kvinnene var derimot ofte mindre kjenslevare for dei økonomiske konjunkturane - i følgje utvandringsforskinga - men lettare motivert til utvandring gjennom sosiale nettverk, ekteskap og familieband over Atlanterhavet.⁶⁵

Når ein held saman kjønn og sivil status viser det seg at skilnaden i utvandringsmønster er større mellom menn og kvinner i dei fleste femårsperiodane enn den totale kjønnsfordelinga viser. Tilsvarende skilnad kjem fram om vi samanliknar menn og kvinner i ulike aldersgrupper. Tendensen viser at menn dominerte mest i aldersgruppene 15-45 år, og at mannsdominansen blant einslege utvandrarar snudde til kvinnedominans omkring hundreårskiftet, då ein straum av ugifte kvinner reiste ut som emigrantar frå Hammerfest. Det er eit velkjent mønster i utvandringa frå Noreg og dei nordiske landa at familieutvandringa gjekk tilbake, medan gruppa av einslege menn og kvinner auka mot slutten av 1800-talet. I undersøkinga frå Hammerfest kjem denne tendensen også klart til syne i figur 5, som syner forholdet mellom dei som reiste einslege og dei som var i følgje med familie. Tala er basert på informasjon frå 70 prosent av det totale talet på emigrantar.

Figur 5. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1925, einslege og grupper




Kjelde: Folketeljingar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkarbøker, utvandringsprotokollar

⁶⁵ Backer 1965:166

I dei første tjuåra av undersøkjingsperioden var familieutvandringa dominerande, men gjekk gradvis attende i forhold til talet på einslege emigrantar. I siste halvdel av 1890-talet kom det til eit vendepunkt. Fleire av dei som emigrerte reiste no aleine, og talet på barn gjekk samstundes kraftig tilbake. Frå hundreårsskiftet var det dobbelt så mange einslege som familieemigrantar. Denne tendensen kjem også fram i talmaterialet på gifte og ugifte emigrantar som omfattar 606 vaksne personar over 17 år.

Figur 6. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, vaksne, sivilstand



N: 606=60%

Kjelde: Folketeljingar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkebøker, utvandringsprotokollar

Fram til 1880 var storparten av dei vaksne emigrantane gifte, men så endra biletet seg relativt raskt. Ugifte kvinner og menn kom i fleirtal blant utvandrarane, og auka stadig andelen sin fram mot hundreårsskiftet. I siste femårsperiode var skilnaden heilt utjamna, men då var også utvandringa nede i berre om lag 7 personar årleg. Ser vi på perioden under eitt er det langt fleire einslege og ugifte enn gruppeemigrantar blant dei vaksne utvandrarane frå Hammerfest. I tillegg kjem også 24 enker og enkemenn som utvandra frå prestegjeldet i perioden. Blant dei 329 vaksne ugifte emigrantane reiste 85 prosent aleine, og over halvdel av dei drog seint i undersøkjingsperioden, det vil seie etter 1895. Dei fleste gifte emigrantane reiste derimot relativt tidleg, og av dei 254 registrerte personane i denne gruppa drog om lag

20 prosent aleine. Mange kvinner utvandra ofte seinare enn ektemennene sine som hadde reist i førevegen.

2.4 Etnisitet

Tabell 7. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, femårsbolkar, etnisk

	Norsk	Kven	Same	Blanda	Svensk	Ukjent	Sum
1865-69	20	12	0	1	1	5	39
1870-74	79	88	1	12	0	33	213
1875-79	13	15	0	2	0	4	34
1880-84	87	64	2	29	6	21	209
1885-89	33	34	0	38	1	23	129
1890-94	37	7	2	18	1	25	90
1895-99	18	2	0	7	1	3	31
1900-04	60	7	1	20	0	5	93
1905-09	54	6	0	18	2	7	87
1910-14	19	6	0	6	0	8	39
1915-19	6	1	0	3	0	1	11
1920-24	17	1	0	5	1	13	37
Sum	443 (44%)	243 (24%)	6 (0,6%)	159 (16%)	13 (1,3%)	148 (15%)	1012 (100%)

Kjelde: Folketeljningar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkebøker, utvandringsprotokollar


Lik ei rekkje lokale undersøkingar om utvandringa frå Nord Noreg, viser også tala frå Hammerfest at den samiske delen av befolkninga hadde langt større immunitet mot utvandringsfeber enn den kvenske og norske. Berre fem personar registrert i folketeljningane som *lapp*, vart bokført med Hammerfest som siste bustad i emigrasjonsprotokollane. På den eine sida viser dette at samane var underrepresentert blant utvandarane, men ettersom desse i hovudsak var busette i landsoknet, stadfestar det at utvandringa frå Hammerfest først og fremst var eit by-fenomen. Av samisk utvandring til Amerika er dei to ekspedisjonane på 1890 talet - særleg Manitoba-ekspedisjonen - dokumentert og studert.⁶⁶ Denne utvandringa av om lag 90 samar frå indre Finnmark var eineståande og resultat av eit velorganisert initiativ frå amerikanske styresmakter og private selskap for å rekruttere spisskompetanse til å ta seg av transport og forsyning i samband med "gullrushet" i Alaska på 1890-talet. Elles er det registrert lite utvandring frå indre strøk og blant samar i Finnmark.

Kvenane utgjorde den største gruppa av utvandringa først i perioden, men i følgje dei offentlege registreringane vart dei gradvis færre utover perioden. I dei to første femåra var det knapt fleire nordmenn enn kvenar som utvandra frå Hammerfest. Men då delen av kvenar

⁶⁶ Vorren 1989

sank i utvandrarstatistikken frå 1880-talet, ser vi samstundes at styrken av emigrantar med blanda og ukjent etnisitet gjekk meir enn tilsvarande opp.

Figur 7. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, etnisk, tiår, prosent.



N : 1012=100%

Kjelde: Folketeljingar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkebøker, utvandringsprotokollar

Som vi før har sett, var auken i talet på personar i blanda-kategorien og reduksjonen i talet på kvenar, noko som også gjorde seg sterkt gjeldande, ikkje berre i utvandringa, men også i heile befolkninga både i Hammerfest og elles i landsdelen, særleg etter folketeljinga i 1875. Endringa kan derfor langt på veg ha samanheng med endringar av sosiale normer knytt til etnisitet og måten etnisitet vart registrert på i samtida. Likevel er det eit faktum som både folketeljingar og kyrkjebøker kan dokumentere, at det vart inngått stadig fleire ekteskap mellom kvener og nordmenn i Hammerfest - særleg kvenske menn og norske kvinner - og at stadig fleire barn fekk foreldre med ulik etnisitet. Frå 1890-talet kan vi derimot sjå ein klar tendens til at dei fleste av utvandrarane var registrert som norske. At kategorien av emigrantar med ukjent etnisk opphav auka så sterkt i slutten av perioden, må sjåast i samanheng med at registreringa av etnisitet vart mindre gjennomført utover 1900-talet, då språk var meir vektlagt som kriterium.

I materialet frå Hammerfest kan ein finne at både samar og kvenar kunne bli plassert i ulike kategoriar utover hundreåret når ein følgjer same individ frå folketeljing til folketeljing. I visse tilfeller kan også presten sine sporadiske registreringar av etnisk opphav tene som ein kontroll. Søner og døtrer av personar med merknad frå kyrkebøkene som

”kven oppholdt seg i landet i 20 år”, vert seinare å finne som *blanda* eller *norske* i folketeljningane. Det blir såleis stadig vanskelegare på bakgrunn av opplysningane i folketeljningane å stadfeste etnisk opphav på emigrantar jo lenger ut i hundreåret vi kjem. Særleg i 1900-teljninga kan det vere uråd å spore etniske røter for barn født etter 1875, dersom ein ikkje gjer genealogiske undersøkingar, dvs tar i bruk informasjon om foreldra frå tidlegare registreringar. Ofte står dette feltet tomt, eller berre ein person i familien har fått registrering. For å kunne stadfeste etniske røter hos emigrantar i denne alderskategorien har eg derfor systematisk gått vegen om dåpslistene i kyrkjebøkene der eg ofte har funne tilstrekkeleg med opplysningar om foreldra til å søke dei i folketeljningane.

Tabell 8. Emigrantar frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, blanda etnisk opphav

Etnisitet	KN/NK	KS/SK	SN/NS	NSv/SvN	KB/BK	SB/BS	NB/BN	ANNA	Sum
Antall	22+28	2+2	0+2	8+5	10+12	0+2	34+11		
Sum	50	4	2	13	22	2	45	26	159

Kjelde: Folketeljningar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkebøker, utvandringsprotokollar

Kategorien blanda er relativ stor og utgjør 159 personar, om lag 15 prosent av alle registrerte utvandrarane. Som eg tidlegare har drøfta, er det god grunn til å setje spørsmålsteikn ved kva denne gruppa viser når det gjeld etnisitet og kulturell identitet. Her finn vi folk med både samisk, kvensk og norsk identitet og språk. I tabell 8 har eg prøvd å illustrere mangfaldet av etniske kategoriar som emigrantane frå Hammerfest vart sorterte etter, men også korleis dei fordelte seg i visse hovudgrupper alt etter om mor eller far var kven (K), same (S), norsk (N), svensk (Sv) eller blanda (B). I gruppa *anna* finn vi innslag av både tysk, jødisk, svensk og blanda i ulike kombinasjonar med dei andre gruppene. I mange tilfelle gjev registreringa i folketeljninga ei relativ presis merking av begge foreldra sin etnisitet, særleg 1875-teljninga. Men det har også vore behov for å søke attende i tidlegare registreringar for å stadfeste kva for etnisk kategori foreldra hørte til. I tabell 8 kjem det fram at medan samisk innslag berre er registrert i åtte tilfeller, er det særleg gruppene med kvensk og norsk innslag som dominerer. Norske røter frå ein av foreldra finn vi i minst to tredelar av tilfella, medan om lag halvparten av dei registrerte personane med blanda opphav har røter i den kvenske kulturen. Dette skulle tilseie at også blant dei med blanda etnisitet, vil vi truleg finne eit stort innslag av folk som vi tradisjonelt har oppfatta som kvenar, det vil seie personar med røter tilbake til finsk språk og kultur. Det kan såleis vere rimeleg å hevde at

rekrutteringa av emigrantar blant den kvenske og norske befolkninga i Hammerfest heldt fram relativt uforandra fram mot hundreårsskiftet.

Trass i at eg har tatt i bruk tre folketeljingar og kyrkjebøkene som kjelde har det vore uråd å stadfeste etnisiteten til alle. Ein firedel av utvandarane står derfor oppførde med ukjent etnisitet. Dette kan i nokre tilfelle skuldast at etnisitetsfeltet i folketeljinga står tomt. Særleg var teljinga frå 1900 mindre systematisk når det gjaldt slik registrering. Men framfor alt skuldast det at det har vore uråd å finne att mange av emigrantane i kjeldene. På slutten av undersøkingssperioden og like før hundreårsskiftet reiste ein del unge menneske som ikkje var født ved siste folketeljing og derfor ikkje var bokført med etnisitet nokon stad. Men ein større del av denne gruppa av framande emigrantar må også ha kome utanfrå og vore etappeutvandarar. I alt er det 271, dvs 27 prosent av emigrantane eg ikkje kan finne att korkje i kyrkjebøker eller folketeljingar. 148 av desse er ikkje registrert med etnisitet, og berre ein tredel av dei kjenner vi fødestaden til.

I fleire av Einar Niemi sine arbeider om migrasjon og utvandring frå Finnmark, peikar han på at dei nordnorske byane ikkje berre hadde stor utvandring, men også vart ein viktig port for finsk utvandring til Amerika i siste halvdel av 1800-talet. Denne oppfatninga har også vorte styrka gjennom undersøkingar om utvandringa frå Vardø og Vadsø.⁶⁷ At også Hammerfest fekk ei slik rolle i utvandringa frå Nordkalotten, er såleis ikkje urimeleg. Frå emigrasjonslistene kan vi i alle fall sjå at dei *ukjende* emigrantane ofte reiste ut i grupper, anten som familiar eller saman med folk i same aldersgruppe. Eit stort fleirtal av dei vart bokførte med typisk finske namn og den aller største gruppa - om lag 40 prosent av dei - reiste til Michigan. Kanskje kom dei til Hammerfest for å utvandre, eller berre hadde eit kortvarig opphald i byen før dei drog vidare. I nokre tilfelle kan ein sjå at barn vart født og døypt, men dei aller fleste barna i denne gruppa vart døypt andre stader og fins derfor ikkje i kyrkjebøkene sine dåpslister for Hammerfest.

Tar vi føre oss tabell 9 nedanfor der vi kan samanlikne dei offisielle tala frå NOS over utvandringa frå Hammerfest med dei undersøkingane eg har gjort, får vi også fram tal på ei ”ukjent” gruppe emigrantar med Hammerfest som siste bustad. Tala viser at lokale tenestemenn som lensmenn, politimeistrar og futar jamt over innrapportert færre emigrantar frå Hammerfest enn det vi finn registrert i emigrasjonsprotokollane. Også desse tala styrkar hypotesen om at Hammerfest tente som ein slags mellomstasjon for emigrantar på vandring.

⁶⁷ Flå (1995), og Soleim (1998), hovudoppgåver i historie, Tromsø.

Tabell 9. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1867-1920, offisielle og egne tal.

	By	Land	Sum	Eigne tal	Differanse
1865-1870	53	0	53	63	10
1871-1875	161	27	188	196	8
1876-1880	76	1	77	75	-2
1881-1885	141	2	143	166	23
1886-1890	113	1	114	129	15
1891-1895	64	9	73	83	10
1896-1900	32	0	32	37	5
1901-1905	94	1	95	100	5
1906-1910	72	1	73	80	7
1911-1915	22	0	22	32	10
1916-1920	10	1	11	18	7
1921-1925					
Sum	838	43	881	979	98

Kjelde: NOS Folkemængdens bevægelse 1866-1920 (NSD), eigen database

2.5 Yrke

I studiar frå 1950- og 1960-talet med utgangspunkt i sosiologisk moderniseringsteori, finn vi ofte eit syn på migrasjon som kjelde til utvikling og framgang, særleg for fattige og tilbakeliggjande land. Mellom anna vart emigrantar oppfatta som spesielt driftige individ både fordi dei makta å krysse gapet mellom den tradisjonsbunde periferi og det moderne sentrum, men også fordi dei var i stand til å tilpasse seg det moderne og medverke til å spreie kunnskap om den nye verda attende til den staden dei kom i frå.⁶⁸ Nyare migrasjonsforskning har i enno større grad fokusert på den sjølvstendige og bevisste emigrant, *creative migrants*, som agerer bevisst, strategisk og situasjonsbestemt på omgivnadene og sjansane.⁶⁹ Ingrid Semmingsen konstanterte at heller ikkje i Noreg var det først og fremst dei fattigaste og mest ressursvake som utvandra først, men snarare dei med ein viss sosial posisjon, gjerne med utdanning og ein viss kjennskap til omverda som sette utvandringa i gang.⁷⁰ Fleire undersøkingar har vist at ein slik hypotese kan vere gyldig, men registrering av til dømes yrke og utdanning frå 1800-talet er ofte svært mangelfull og upresis og dermed vanskeleg å leggje til grunn for vurdering av folks sosial status, kreative emne og initiativ. Likevel kan ei yrkesfordeling blant emigrantane, særleg frå bysamfunn, vere av interesse både som eit bilete


⁶⁸ Fuglerud 2001: 22

⁶⁹ Niemi 2003-b: 44

⁷⁰ Semmingsen 1972: 45-60

på den sosiale profilen til utvandrarflokken, men også på nærings- og arbeidslivet på utreisestaden. Til saman har eg registrert om lag hundre ulike yrkestitlar blant emigrantane, eller rettare sagt blant dei vel 800 vaksne emigrantane frå Hammerfest. I klassifiseringa av opplysningane til statistisk bruk har eg slått saman nærliggjande og relativt identiske nemningar til 73, og gruppert dei i fire hovudkategoriar; *arbeidar*, *handverkar*, *tenesteytar* og *sjølvstendig næringsdrivande*.

Figur 8. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, vaksne etter yrkesgrupper



N: 726=100

Kjelde: Folketeljingar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkarbøker, utvandringsprotokollar

Ei slik inndeling av yrkesgrupper i eit førindustrielt samfunn med generelt låg yrkesspesialisering byr sjølvstendig på mange problem. Kanskje var mange av handverkarane og tenesteytarane ikkje anna enn arbeidarar i røynda, og kanskje var heller ikkje gardbrukarane eller handelsmennene sjølvstendige når alt kom til alt. Kva forskjell dei ulike yrkestitlane fortel om status og levevilkår er såleis ikkje innlysande, heller ikkje kan vi stole fullt ut på sjølve registreringa. For det første kan det vel hende at dei som førte emigrasjonsprotokollane ikkje var særleg hårfine i nyansane og helst nytta generelle nemningar som ”arbeidsmand” både om fangstfolk, fiskarar og handverkarar. I tillegg kjem at dei fleste på denne tida hadde inntektene sine frå ulikt sesongarbeid, slik at dei med god rett kunne nytte fleire yrkestitlar alt etter årstida. Av den grunn vart særleg fiskaryrket svært underrepresentert i offentlege register.⁷¹ Enda vanskelegare kan det vere å få fram kva for rolle kvinnene spela i yrkeslivet, ettersom gifte kvinner oftast manglar yrkestittel i kjeldene. I arbeidet med kjeldene har eg

⁷¹ Solhaug 1976: 56

ikkje registrert meir enn ein yrkestittel på kvar emigrant, men har som regel vald den mest spesialiserte i dei tilfella der yrkesopplysningane frå folketeljingar og emigrasjonsprotokollar ikkje samsvarar.

Tabell 10. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, yrkesfordeling

Arbeidarar	Antall	%	Tenesteytarar	Antall	%
Arbeidar	258	64,5	Ingeniør	1	0,7
Tranbrennar	3	0,8	Jordmor	3	2,1
Meieriarb.	1	0,3	Lege	1	0,7
Dreng	2	0,5	Los	1	0,7
Husarbeid	11	2,8	Lærar	6	4,1
Husmor	3	0,8	Politi	1	0,7
Tenestejente	81	20,3	Postbod	2	1,4
Fiskar	39	9,8	Sjukepleiar	1	0,7
Fangstmann	2	0,5	Telefondame	3	2,1
Sum	400	100	Telegrafist	4	2,8
Handverkarar			Dampskipsfører	1	0,7
Bakar	7	7,6	Fyrbøtar	2	1,4
Bokbindar	1	1,1	Skipskokk	4	2,8
Bødkar	3	3,3	Maskinist	5	3,4
Frisør	1	1,1	Sjømann	42	29,0
Malar	3	3,3	Skipper	10	6,9
Murar	1	1,1	Stuert	2	1,4
Møbelsnekkar	1	1,1	Styrmann	1	0,7
Sadelmakar	1	1,1	Tømmermann	7	4,8
Skomakar	6	6,5	Bokhaldar	1	0,7
Skreddar	7	7,6	Butikkdame	9	6,2
Smed	12	13,0	Handelsbetjent	13	9,0
Snekkar	33	35,9	Student	2	1,4
Syerske	11	12,0	Kontorist	17	11,7
Urmakar	1	1,1	Stuepike	1	0,7
Mekanikar	4	4,3	Montør	1	0,7
Sum	95	100	Musikar	1	0,7
Sjøvstendige			Overstuar	1	0,7
Gardbrukar	4	26,7	Vognmann	2	1,4
Handelsmann	8	53,3	Sum	145	100
Bakarmeister	1	6,7			
Malemeister	1	6,7			
Skreddarmeister	1	6,7			
Sum	15	100			

N: 655 =100%

Kjelde: Folketeljingar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkebøker, utvandringsprotokollar

I tabell 10 ovanfor som viser yrkesfordelinga blant emigrantane frå Hammerfest, kan ein ikkje unngå å leggje merke til korleis yrkesnemningane avspeglar ein mangfaldig samansett utvandrarflokk, og eit relativt sterkt differensiert yrkes- og arbeidsliv i byen. Men

likevel er det emigrantar registrerte som arbeidarar og tenestejenter som først og fremst dominerer.

I følge Solhaug hadde Hammerfest fogderi 943 registrerte fiskarar i 1875, og om lag 75 prosent av dei hadde fiske som eine- eller hovudyrke.⁷² Likevel var det ikkje meir enn 39 registrerte fiskarar blant emigrantane, mens andre sjøfolk til saman utgjorde dobbelt så mange. Rett nok var mange frå Hammerfest by sysselsette i fangstnæringa og i sjøfart ein stor del av året, medan storparten av dei tradisjonelle fiskarane i prestegjeldet budde i landsoknet. I så måte stadfestar tendensen at det var frå byen og arbeidslivet der som rekrutterte flest utvandrarar. Men det svake innslaget av fiskarar kan også gje grunn til å stille spørsmål om folk frå det tradisjonelle båtfisket var meir motstandsdyktige mot amerikafeberens menneske på bank- og ishavsskutene. Det er også interessant å observere handverkarar og yrkesgrupper med relativ høg status, som skipper, handelsmann, kontorist og handelsbetjent, var godt representert blant utvandrarane frå Hammerfest.

2.6 Reisemål i Nord-Amerika og prepaid ticket

Det var ikkje tilfeldig kor emigrantane sette kursen og etterkvart slo seg ned i Amerika. Emigrasjonsforskinga har vist at særleg statane i midt-vesten, Minnesota, Wisconsin, N Dakota og Illinois var dei mest vanlege reisemål for dei norske innvandrarar. Billig jord eller sysselsetjing i jordbruket var det som freista nordmennene mest og styrte den norske flyttestraumen til landet og seinare flytting innanlands. Men då masseutvandringa frå Nord-Noreg tok til mot slutten av 1800-talet, var mykje ved å forandre seg i Amerika. Mange emigrantar vart direkte rekrutterte til arbeidsplassar i den nye amerikanske kopparindustrien som var bygd opp i Michigan, der behovet for arbeidskraft auka sterkt under den amerikanske borgarkrigen og i den ekspansive industriepoken som følgde etterpå. Særleg vart kvenane i den nordnorske gruveindustrien satsa på.⁷³ Med løfter om fast arbeid og førehandsbetalte billetter fann mange kvenar og andre nordlendingar vegen til koppersamfunna i Copper Peninsula i Øvre Michigan. Agentar frå storselskap som Quincy Mining Company, med god kjennskap til Nord-Noreg og miljøa ved kopparverka i Kåfjord og Kjækan, verka truleg som reine headhantarar i den nordnorske arbeidsmarknaden, og medverka truleg mykje til at Michigan vart eit hovudmål for mange av emigrantane frå Nord-Noreg. Ein slik agent med stor aktivitet både når det gjaldt annonsering og ververeising i landsdelen var Christian Taftezon. Han hadde mellom anna hadde vore lensmann i Sør-

⁷² Solhaug 1976: 300

⁷³ Niemi 1994: 179-180

Varanger og hadde sjølv emigrert til Amerika tidleg på 1860-talet. Men også gjennom amerikabrev frå tidlegare utvandra vener, ektefolk og slektingar gjekk det føre seg ein sterk rekruttering der særleg førehandsbetalte billetter sendt frå Amerika spela ei stor rolle for utvandringslysta.⁷⁴

Tabell 11. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, reisemål, femårsbolkar

STAT	1865-1874		1875-1884		1885-1894		1895-1904		1905-1914		1915-1924		SUM	%
Illinois	20	34	4	21	25	7	3	9	15	2	0	1	141	13,9
Massac.	0	0	0	5	0	0	0	7	4	2	0	0	18	1,8
Michigan	6	101	19	64	39	12	1	6	5	2	0	0	255	25,2
Minnesota	0	25	6	37	17	5	0	7	10	9	0	1	117	11,6
New York	0	4	1	3	11	10	7	8	13	9	7	16	89	8,8
N/S-Dakota	0	0	0	0	2	0	4	7	8	1	1	0	23	2,3
Oregon	0	10	0	3	7	2	0	7	3	3	0	0	35	3,5
Wisconsin	0	1	0	21	7	8	4	28	18	2	0	0	89	8,8
Canada	7	1	0	11	1	36	3	6	5	4	1	4	79	7,8
Uregistrert	6	27	1	36	18	7	6	6	4	1	0	15	127	12,5
Andre	0	10	3	8	2	3	3	2	2	4	2	0	39	3,9
SUM	39	213	34	209	129	90	31	93	87	39	11	37	1012	100


Kjelde: Utvandarprotokollane frå Trondheim, Bergen, Oslo, Ålesund.

I tabell 11 ovanfor, som viser dei statane som fekk flest emigrantar frå Hammerfest, kan ein sjå at Michigan hadde størst tiltrekkingskraft, særleg i den tidlege fasen. Michigan vart aleine destinasjon for meir enn ein firedel av utvandarane i undersøkingsperioden. Men også Illinois, Minnesota, Wisconsin, Canada og New York var populære reisemål.

Dersom vi ser på korleis utvandringa til dei mest nytta reisemåla fordelte seg i tid, viser det seg at det skjedde ei endring i løpet av undersøkingsperioden. Figur 9 viser at Michigan, som var reisemål for meir enn halvparten av emigrantane det første tiåret og dominerte som destinasjon for utvandarane frå Hammerfest fram til 1890-talet, gjekk gradvis attende og fekk mindre betydning rundt hundreårskiftet. Derimot kan ein sjå at stadig større del av emigrantane valde å reise til staten New York, og at både Canada, Minnesota og Wisconsin heldt fram som populære reisemål. Ettersom kvenar og finske innvandrare heilt sidan oppstarten av Kåfjordverket på slutten av 1820-talet hadde vore sterkt representerte blant gruvearbeidarane i Nord Noreg, var det naturleg at mange av dei valde å søke liknande arbeid då arbeidsmarknaden i Nord Noreg utover andre halvdel av 1800-talet vart strammare i periodar. Mange av dei reiste først til Hammerfest og andre byar, for så å emigrere. Men også kvenar med annan yrkesbakgrunn drog i stor grad same veg som sine landsmenn.

⁷⁴ Semmingsen 1977: 162-163


Figur 9. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, reisemål, tiårsbolkar



Kjelde Utvandringsprotokollane frå Trondheim, Bergen, Oslo, Ålesund.

Ser ein på fordelinga av destinasjon etter etnisk gruppe for utvandarane frå Hammarfest, viser ho signifikante forskjellar mellom dei to største gruppene i val av reisemål. I figur 10 har eg i denne samanhengen delt emigrantane i tre grupper. *Kvenar* er alle dei som har kvensk far eller begge foreldra med kvensk opphav. Tilsvarande gjeld for dei norske. Kategorien *andre* inneheld stort sett svenskar og nokre få samar.

Figur 10. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, reisemål, etnisitet




Kjelde: Folketeljingar 1865, 1875, 1900, kyrkje- og klokkebøker, utvandringsprotokollar

Av 255 emigrantar som reiste til denne staten, meldte 197 personar gruvebyen Hancock som reisemål. Særleg var det byane i kopparbeltet Hancock, Calumet, Dollar Bay osv, som vart første stopp for mange, men også storbyar som Chicago, New York og Quebeck. Dette er elles i samsvar med kva forskarane har peika på når det gjeld utvandringa frå Nord-Noreg, nemleg at ho må sjåast i samanheng med den *nye emigrasjonen* som sette inn frå Sør- og Aust-Europa midt på 1800-talet. Val av reisemål i byar, industriområde og langs kysten av dei store nordamerikanske og kanadiske sjøane vitnar om andre preferansar enn dei vi kjenner frå *den gamle* bondeutvandringa der billig jord var hovudattraksjonen og målet var å oppretthalde ein tradisjonell livsform som emigrantane kjente frå heimlandet. Likevel er det uråd å seie om det også låg andre og meir langsiktige reisemål til grunn for motivasjonen til å emigrere. I følgje Niemi, var det endelege målet for mange av kvenane jordbrukslandet i vest, særleg i Minnesota og Dakota-statane. Andre let seg lokke av arbeid i jarnindustrien i nordlege Minnesota eller tømmerindustrien nord i Wisconsin. Somme slo seg også ned som fiskarar og sjømenn langs "Laken" mellom Duluth og den kanadiske grensa.⁷⁵

Også i bruken av førehandsbetalt billett - det vil seie billett kjøpt i Amerika - viser undersøkinga ei utvikling over tid som understrekar forskjellar mellom den norske og kvenske utvandrargruppa frå Hammerfest

Figur 11. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, billett-type



Kjelde: Utvandrarprotokollane frå Trondheim, Bergen, Oslo, Ålesund.

⁷⁵ Niemi 1999: 161

Denne tendensen gjorde seg også gjeldande i dei andre byane i Finnmark, særleg i Vadsø der han var sterkast. Bruken av *prepaid ticket* var såleis langt meir vanleg i emigrasjonen frå byane i Finnmark enn det forskarane har kome fram til var normen i emigrasjonen frå dei skandinaviske landa etter 1870, nemleg omkring 25-30 prosent.

Tabell 12. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, billett-type, etnisitet

Billett	Norsk	Kvensk	Blanda	Andre	Sum
Cash	176 (51%)	54 (32%)	44 (32%)	72 (48%)	346 (43%)
Prepaid	172 (49%)	113 (68%)	92 (68%)	77 (52%)	454 (56%)

Kjelde Utvandarprotokollane frå Trondheim, Bergen, Oslo, Ålesund.

N : 800= 100%

Totalt for heile undersøkjingsperioden 1865-1925 reiste om lag 45 prosent av emigrantane frå Hammerfest med førehandsbetalt billett. Som det går fram frå tabell 12 var det særleg dei kvenske utvandarane som fekk tilsendt billett frå Amerika. Om lag 67 prosent av dei vart registret med *prepaid ticket* i utvandringsprotokollane.

2.7 Samandrag

I perioden etter 1865 vart Noreg det land i Europa som i forhold til folketalet fekk størst utvandring til Nord-Amerika nest etter Irland. Nord-Noreg kom seint med i denne straumen og hadde samanlikna med resten av landet knapt fått erfare amerikafeber før 1860-talet. Ettersom Finnmark var det fylket som først fekk masseutvandring i Nord-Noreg, kom bølgetoppene i utvandringa frå byane her relativt tidleg samanlikna med byane elles i landsdelen. Som tala i undersøkinga syner, var utvandringa til Amerika frå Hammerfest prestegjeld på det mest intensive svært omfattande, sett i forhold til folketalet og samanlikna med tilsvarende tal for heile landet. Utvandringa kom seint i gang og emigrasjonsstraumen frå prestegjeldet i undersøkjingsperioden var slett ikkje konstant, men gjekk i bølger som langt på veg fell saman med dei som viser utvandringa for heile fylket. Men også når det gjeld strukturen i utvandringa, særleg forhold som har å gjere med yrke, kjønn, alder og etnisitet, kan vi peike på ein viss lokal profil ved utvandringa frå Hammerfest. Dette understrekar at det er relevant å søke etter *lokale* årsaker til utvandringa, men også at særdrag ved *regionen* er viktig når ein skal forklare fenomenet.

Dersom vi avgrensar perspektivet til byen Hammerfest, får vi i full monn stadfesta observasjonen Ingrid Semmingsen tidleg gjorde om at områda lengst nord i landet, med konsentrert busetting og stort innslag av kvensk befolkning, hadde langt større utvandring

enn landsdelen sett under eitt.⁷⁶ Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld var i høg grad ei byutvandring med etnisk særpreg. Det var svært få som emigrerte direkte frå landsoknet, og både når det gjeld volum og struktur kan ein klart sjå at den kvenske minoriteten spela ei særskild rolle i utvandringa frå byen. Lik mange andre som emigrerte frå Hammerfest, var desse opphavleg innflyttarar eller barn av innflyttarar, med sosiale og kulturelle fellestrag som gjorde at dei responderte ut frå visse felles føresetnader, mellom anna når det gjaldt tidspunkt for utvandringa og val av destinasjon. Mange av dei reiste med førehandsbetalt billett, og dei fleste meldte seg som arbeidarar og sjøfolk i utvandringsprotokollane. Det var såleis ikkje dei tradisjonelle jordbruksområda i Amerika dei drog til, men først og fremst til byar i Michigan som kunne freiste med arbeid i gruveindustri og sjøfart, eller dei moderne nordamerikanske storbyane med mangfald av arbeidstilbod.

Men om ein ser heile undersøkingsperioden under eitt og samanliknar utvandringsstrukturen med resten av landet, finn vi at utvandringa frå Hammerfest også gjenspeglar mange kjente trekk ved den norske emigrasjonen. Særleg når det gjeld intensitetsutviklinga og korleis fenomenet endra seg i undersøkingsperioden. På same tid som utvandringa skaut fart i Hammerfest omkring 1870, var byane over heile landet i ferd med å ta over dominansen i masseutvandringa.⁷⁷ Sjølv om svært mange reiste med førehandsbetalt billett frå Hammerfest, var neppe emigrantane overrepresentert av fattigfolk. Yrkessamansettinga gjev heller ikkje grunn til å tru at det var dei mest ressursvake som drog. Derimot gjev desse faktorane eit bilete av ei moderne arbeidsutvandring der nettverk over Atlanteren og nyhende om konjunkturar frå det amerikanske næringslivet spela ei stor rolle.

Lik andre delar av landet starta masseutvandringa frå Hammerfest i denne perioden som ei familieutvandring. Menn var i fleirtal og delen av gifte emigrantar, barn og unge menneske i aldersgruppa 15-29 var sterkare representerte enn seinare i perioden. På 1880-talet snur denne tendensen og vi får fleire ugifte som reiser einslege. Samstundes aukar kvinnestyrken og kvinnene kjem i fleirtal blant emigrantane fleire år etter 1900. Dette er ein tendens ein også finn i heile landet, men særskilt sterk i dei nordnorske byane.⁷⁸ Totalt sett var mannsdominansen svakare i utvandringa frå Hammerfest enn for resten av landet. I Hammerfest var kvinnestyrken 45 prosent, medan han for same periode var om lag 41 for heile riket.

⁷⁶ Semmingsen 1950: 81

⁷⁷ Backer 1965: 164

⁷⁸ Flå 1995: 50

3 Intern flytting, flyttekultur og utvandring

3.1 Migrasjonstypologi

I arbeidet med å forklare utvandringa frå Hammerfest, vil eg naturlegvis ta utgangspunkt i hovudtendensane frå undersøkinga, men også søke til kjelder, forskning, og teori elles for å setje den lokale emigrasjonen inn i ein større samfunnsmessig samanheng. Dette er i samsvar med ei utbredt oppfatning i emigrasjonslitteraturen om at utvandringa til Amerika ikkje kan forklarast isolert, men må sjåast i nær samanheng med samfunnsutviklinga i dei ulike fasane ho gjekk føre seg i. Likevel vil eg avgrense utgreiinga til først og fremst å rette fokus mot dominerande moderniseringsprosessar på tre ulike område i lokalsamfunnet i undersøkingsperioden, nemleg utviklinga av *næringslivet*, den *nasjonale minoritetspolitikken* og den *religiøse organiseringa* blant folk. Eit slikt perspektiv må setje søkjelys mot både økonomi, ideologi og sekularisering, og må drøftast i samband med den demografiske utviklinga, særleg når det gjeld utviklinga i Finnmark der folketalsauken vart dramatisk stor på 1800-talet. Derfor kan det vere fruktbart å starte med å sjå utvandringa i samanheng med folketalsutviklinga, det vil seie både innflytting, folkeauke og befolkningsstruktur.

Det er på sin plass her å poengtere at eg verken har ambisjonar eller som mål for dette arbeidet å avdekke årsakene bak utvandringa frå Hammerfest i rein positivistisk forstand. Reine kausalforklaringar kan nok duge til å påvise mange slags årsaks- og verknadsforhold der til dømes økonomiske, teknologiske og demografiske faktorar inngår, og kan på den måten gje verdifulle bidrag til å forklare historiske fenomen som til dømes masseutvandring. Det er likevel ein sterk trend i moderne migrasjonsforskning - og i samsvar med den hermeneutiske tradisjonen i historiefaget - å legge meir vekt på intensjonar og motivasjonen bak folk sine val. I staden for å bevise eller finne regelfaste mønster, vert historikaren si oppgåve å søke etter kunnskap som kan hjelpe oss å tolke og forstå motiva bak folk sine val om å emigrere. Sjølv om kjeldematerialet eg har til rådvelde ikkje rekk langt for ei slik tilnærming, vil eg langt på veg slutte seg til historikaren og Hammerfest-mannen Rolf Danielsen, når han i eit intervju i 2001 hevdar at historiefaget djupast sett handlar om å søke etter "motivet bak menneskelige handlingar".⁷⁹

Fleire av dei historikarane som har sett fokus på utvandringa frå nordnorske lokalsamfunn i bygdebøker og lokalhistoriske verk, har ofte på grunnlag av egne empiriske observasjonar peika på samanhengen mellom intern flytting og utvandring. Samanhengen kan lokaliserast både i den tidlege bondekoloniseringa på 1700-talet og den "nye"

⁷⁹ Frå intervju "Seniors perspektiv" med Rolf Danielsen i HIFO-nytt 1/2001

innvandringa til fiskeri- og industristader frå om lag 1830-talet. Folk som kom flyttande hadde lett for å bryte opp att - nesten som dei hadde *vandring i blodet* - og var ofte sterkast representerte mellom dei som først emigrerte då amerikafeberen meldte seg i lokalsamfunnet. I Nord-Noreg var såleis innvandra dølar frå Østerdalen og Gudbrandsdalen og kvenar blant pionerane i den transatlantiske utvandringa frå landsdelen, medan det kystsamiske folket derimot var lite representerte i utvandringsprotokollane.

Temaet har også ein sentral plass i migrasjonsforskinga og ligg til grunn for ulike hypotesar om meir generelle kausalforklaringar knytt til utvandring som fenomen. Særleg blant forskarane knytt til den såkalla *Uppsalagrappa* på sekstitalet vart det ei sentral problemstilling i kva grad *flytting føder flytting*.⁸⁰ Dersom folk ved å flytte ein etappe vert stimulert til å flytte vidare, er det ikkje urimeleg å tenkje seg at etappeflytting i seg sjølve representerer ein årsak til flytting og utvandring. At det finst ein samanheng er klart, men like tydeleg er det at ikkje all flytting og utvandring kan forklarast likt. Det er særleg når det gjeld studiar av flytting frå landsbygda til byane og den vidare byutvandringa til Amerika, at denne problematikken har vore mest aktuell. I nordnorsk emigrasjonsforsking med fokus på byane som migrasjonsmiljø har dette derfor vore ei nøkkeltese i ein serie av arbeid knytt til utvandringa. Forskarar har blant anna vore opptekne av om utvandringa frå landsdelen til Amerika var ei vidareføring av ein pågåande generell flytteprosess i regionen, eller om ho representerte ein eigen prosess.⁸¹

Det er først ved folketeljinga i 1865 vi får tal på innflyttarar og namn på fødestad for kvar einskild person i befolkninga. I det eigentlege Finnmark viser det seg at knapt 20 prosent var født utanfor fylket. Om lag 7 prosent var født i Sør-Noreg, medan 81 prosent var født i Nord-Noreg. Men Finnmark fungerte ikkje berre som innflyttingsområde for norske innflyttarar, om lag 12 prosent av dei talde var født i utlandet.⁸² I *Norsk Innvandringshistorie*, bind 2, skriv Niemi at nest etter Smålenene (Austfold) med 4344 utanlandsfødde innbyggjarar, var Finnmarkens amt (Troms og Finnmark) på landstoppen med 3566 personar født i utlandet i 1865.⁸³ Tar ein så omsyn til folketalet i amta, var Finnmarken det mest internasjonale amtet i heile riket. I begge desse amta var det mest byane som tiltrakk seg innvandrarar, og dei aller fleste kom frå nabolanda. I sør var det såleis først og fremst innvandra svenskar som gjorde at Fredrikshald hadde om lag 10 prosent utanlandsk fødte innbyggjarar, medan kvenane i størst grad hadde hovudansvaret for at Hammerfest hadde 15

⁸⁰ Semmingsen 1977: 146-152

⁸¹ Niemi 1996: 148

⁸² RHD: folketeljinga frå 1865

⁸³ Niemi 2003: 22

prosent og Vadsø heile 40 prosent utanlandsk fødde innbyggjarar.⁸⁴ I tabell 13 nedanfor kan ein sjå at både det sørnorske og utanlandske innslaget i Hammerfest vart sterkt redusert i løpet av undersøkingsperioden, samstundes som andelen av bybarn og folk frå andre stader i fylket auka jamt utover hundreåret. Truleg var utvandringa til Amerika ei medverkane årsak både til den sterke internasjoniseringa først i perioden, og den gradvise reduksjonen av utlendingar og tilflyttarar mot hundreårsskiftet. Mange av kvenane som busette seg i byen frå midten av 1800-talet, hadde kan hende emigrasjon i tankane allereie då dei kom, eller vart smitta av amerikafebera ved å fylle plassen til dei som alt hadde tatt vegen til Amerika. I alle fall viser undersøkinga at kvenutvandringa frå Hammerfest var betydeleg, samstundes som det kvenske innslaget i byen gjekk ned i løpet av undersøkingsperioden.

Tabell 13. Befolkninga i Hammerfest by etter fødselsstad 1865-1900, tal og prosent

Folketeljing Hammerfest N / %	1865		1875		1900	
	N	%	N	%	N	%
Født i Hammerfest	620	40	931	44	1382	57
Født utanfor byen	927	60	1186	56	1029	43
Født i Sør-Noreg	274	18	318	15	258	11
Født i Nordland og Troms	239	15	330	16	265	11
Født elles i Finnmark*	169	11	259	12	374	16
Født i utlandet	233	15	258	12	117	5
Rest	12	1	21	1	14	1
Sum	1547	100	2117	100	2411	100

Kjelde: Folketeljingar for Hammerfest by 1865, 1875 og 1900 - * Finnmark utanom Hammerfest

I spørsmålet om kva etappevandring kan ha å seie for utvandring, har moderne migrasjonsteori med antropologisk perspektiv og sterk fokus på kultur- og nettverksdanning mellom utreiseområdet og etableringsområde i USA, aktualisert betydninga av ein migrasjonskultur på utreisestaden som viktig faktor bak store utvandringsbølger. Men framfor alt har moderne migrasjonsforskning lært oss at flytting og utvandring i ulike samfunn kan ha ulik karakter, og neppe kan forklarast med einskildfaktorar eller ved hjelp av lovliknande teoriar. Sjølv om det synest å vere ein klar samanheng mellom intern flytting og utvandring i mange tilfelle, er det heller ikkje lenger ukjent at flytting og ulike formar for arbeidsmobilitet i tradisjonelle bonde- og fiskarsamfunnet var mykje meir vanleg enn vi før rekna med. Den sterke flyttestraumen frå jordbrukssamfunn til byane i mange europeiske

⁸⁴ Niemi: 2003: 22

land på 1800-talet fekk openbart store verknader både for byane folk reiste til og bygdene dei reiste frå, og vert ofte sett i samband med utvandringa til Amerika. Men ikkje alle stader verka den interne flyttinga til vesentlege endringar, korkje i dei samfunna som leverte eller dei som tok mot migrantane. Migrasjonen var faktisk ein integrert del av sjølve samfunnsstrukturen.

Flytting i tradisjonelle samfunn spela heller ei viktig rolle for å hindre utvandring, og dermed oppretthalde den tradisjonelle næringstilpassinga slik vi mellom anna finn i nordnorske fiskarbond- og samiske samfunn. Om vi til dømes går heilt attende til 1720-talet då Peder Harboe var prest i Hammerfest, kan vi lese at presten med stor uro hadde observert og kunne rapportere om ein sterk tendens til flytting blant den sjøsamiske befolkninga i landsoknet. Etter prestens si meining gjekk så mykje tid med til å flytte og byggje nye gammar at det vart smått med fiske og produksjon, og ofte oppstod det konflikter om eigedomsforhold og rettar til utmarka. Resultatet vart at mange vart avhengige av å leve på kreditt om vinteren slik at gjelda til kjøpmannen i byen stadig auka.⁸⁵ Truleg var tilgangen på ved til brensel, fôr til dyra, gode fiskeplassar i nærleiken av buplassen osv., medverkande årsaker til denne forma for flytting. Men ei slik tradisjonell ressursutnyttinga kunne verke framand for staten sine embetsmenn og agronomar. Ikkje minst var amtmannen i sine økonomiske femårsmeldingar utover 1800-talet støtt bekymra for at mangel på vilje blant allmugen til spesialisering, modernisering og intensiv drift i jordbruket og i fisket skulle hindre framskrittet i landsdelen. Likevel syntte denne livsforma seg svært motstandsdyktig mot Amerikafeberens ettersom utvandringa frå landsoknet gjekk heller tregt utover 1800-talet. Dessutan viste det seg etterkvart at dei tradisjonelle bygdesamfunna kunne gje plass til mange fleire då innflyttinga til Finnmark skaut fart. At allmugen flytta var såleis ikkje noko dramatisk, men truleg heller ei naturleg og nødvendig side ved den tradisjonelle næringstilpassinga i fiskarbondesamfunnet.

Folk flytta til og frå stader, gjerne over landegrensar alt etter sesong, naturgrunnlag og konjunkturar på arbeidsmarknaden, og søkte på den måten i lokale ressursar etter alternativ til utvandring. Etter ei viss tid returnerte mange av desse til sine opphavlege heimstadar dersom det var mogleg. Ein slik migrasjon, som ikkje er vesentleg ulik den lokale flyttinga vi kjenner frå det tradisjonelle fiskarbondesamfunnet, kallar den amerikanske historikaren Charles Tilly, *sirkulasjonsmigrasjon*.⁸⁶ I typologien hans som består av fire formar for

⁸⁵ Peder Harboes beretning, stensilert kopi, Hammerfest Historielag

⁸⁶ Tilly: 177-180

migrasjon, vert korkje lokal eller sirkulær flytting gjeve stor verknad for masseutvandring. Det gjer derimot dei migrasjonstypane han kallar *kjedemigrasjon* og *karrieremigrasjon*.

Både *kjedemigrasjon* og *karrieremigrasjon* er omgrep som særleg aktiviserer kva for rolle individuelle val og kommunikasjon mellom folk på flyttefot spelar for flyttestraumen. Dermed framhevast betydninga av nettverksdanning, flyttekultur og kontakten mellom mottaks- og avleveringsområde som viktige utflyttingsfaktorar for einskildpersonar og grupper. Særleg i bysamfunn prega av meir pluralisme, større kontaktnett betre flyt av informasjon mellom folk på ulike stader i ei migrasjonsskjede, vert folks ønske om å flytte og val av destinasjon i større grad påverka av den interne flyttinga, i følgje Tilly.

3.2 Flyttekultur

Flyttestraumen på Nordkalotten i siste halvdel av 1800-talet, la grunnlaget for ein sterk kjedemigrasjon gjennom kystbyane i Finnmark. Særleg hadde Hammerfest gode vilkår for å halde levande ein slik prosess. Byen vart ein sentral møtestad for folk med ulike erfaringar og draumar frå ulike stader, der nyhende som kunne motivere og påverke mange til emigrasjon samstundes, spedde seg raskt. Agentar og heimkomne emigrantar med kontakt i Amerika var tilstades og kunne hjelpe til med å organisere reisa både når det gjaldt billett, transport og arbeid *over there*. Det er ikkje vanskeleg å tenke seg at emigrasjonsbølger lettare kunne verte utløyste på slike stader. I samfunn der flytting og reising var daglegdags, mange hadde erfaring med oppbrot, kanskje hadde lite utvikla sosiale nettverk til dei fastbuande og var innstilte på at arbeidsmarknaden svinga sterkt, fanst det truleg ein mentalitet og ein flyttekultur som lettare kunne mobilisere mange til utvandring. I dei bråvakse og fleirkulturelle innflyttarmiljøa i byen, må truleg ein slik mentalitet ha gjort seg gjeldande og hatt gode vekstvilkår, ikkje minst blant dei som ikkje hadde sterke røter i lokalsamfunnet. Mange av desse, som det moderne arbeidslivet hadde lokka til seg og gjort mest avhengige av lønsarbeid, var dei mest mobile. Desse var òg spesielt sårbare for svingingar i ressurstilgangen og konjunkturane på den internasjonale marknaden for fiske og fangstvarer.

Bylivet kunne gje attraktive vilkår og tiltrekke seg mange i oppgangstider når fiske og fangstresultata var gode og handelen ekspanderte, men gav lite å falle tilbake på for dei mange som hopa seg opp der når kurven svinga nedover og overskotet av arbeidsfolk måtte finne alternative måtar å livberge seg på. Store svingingar på arbeidsmarknaden var ein naturleg del av den årlege syklusen i det sesongprega arbeidslivet.

Om våren når fangstskutene skulle ut, var det viktig for reieren å ha bunde til seg dyktige fangstfolk ved hjelp av forskot og bindande avtalar, slik at ein ikkje stod i beit for dyktige harpunarar og skipparar når sesongen tok til. Mange vart på denne måten knytt til fangstskutene i lang tid gjennom gjeld til handelsmannen. Dei måtte - i følge ein skribent i Finmarkposten – ”selje seg” til reiarlaget for det komande året.⁸⁷ Men når fangstsesongen var over og vinteren meldte seg, var det alltid eit problem for mange sjøfolk å finne sysselsetting i Hammerfest. For mange gav heimefiske matauk og byttemiddel i periodar med lite anna inntekt, og det var heller ikkje uvanleg for folk å halde ei ku og ei geit eller to, trass karrig jordsmonn og magre beiteforhold i byen. Men bustadforholda var konstant prekære i følge gjentekne meldingar frå distriktslegen, så både folk og dyr budde trøgt ettersom bustadbygginga neppe heldt tritt med folkeveksten i dei mest hektiske vekståra.

I januar 1868 vart det gjennom Finmarkposten sett i verk ein aksjon etter initiativ frå ni representantar for eliten i byen, med appell til ”medkristne” om hjelp mot husmangelen, hungersnauða og elenda som herja blant ”arbeidarstanden”. ”Især skal der blandt hertil indflyttede kvænfamilier herske overmaade stor nød”, skreiv dei.⁸⁸ Det var deretter mellom anna innbydd til aksjeteikning for å bygge arbeidarhusvære i byen. Jamvel i 1905 då folkeauken var moderat og byen stod gjenreist etter den store bybrannen i 1890, kunne kommunelegen melde at ”[D]et er i Byen stor mangel paa bekvemmeligheter, saa familier med stor barneflokk kun har et rum med adgang til kjøkken....dette voldte en hel del besvær under difteriepidimien...”⁸⁹ Så sjølv i gode tider var det neppe vanskeleg å forlate dei tronge og usunne bygardane når nye sjansar til lønsarbeid lokka andre stader. Når nokon valde å dra vidare eller emigrere, vart det plass til nye innflyttarar i kjeda av migrantar.

Den dynamikken som veksten og moderniseringa av arbeidslivet i Hammerfest skapte, kan på denne måten verke til å forklare både *pull*- og *push*-effektar i flyttestraumen som gjekk gjennom byen. Arbeidslivet i Hammerfest var etter forholda variert med innslag av både handverk og industri. Men først og fremst var det handel, fangst og fiske som sysselsette flest. Mykje av arbeidet på sjøen var utvilsamt hardt og risikabelt, det fortel ikkje minst dei høge tala på forlis og ulukker om. Til dømes tok stormen 45 fiskarar, derav 32 frå Finland, under eitt sjøvær utanfor Vardø i 1875, og det totale talet på omkomne under loddefisket denne sesongen kom opp i 70. Også to-tre ishavsskuter frå Finnmark kom årleg

⁸⁷ Finmarkposten: nr. 18, 1.11.1866, ”Oversikt” av indrulleringbetjent Dahl.

⁸⁸ Finmarkposten: nr. 2 og 3, 1868

⁸⁹ Forsdahl 2000: Medisinalmeldinga frå Hammerfest 1905

bort i uvær på felte dei tre første åra på 1870-talet.⁹⁰ ”Fiskebedriften var saa hard og besværlig, man kunde her ikkje komme videre, Udsikten for Børnene vare for mørke, Skatterne steg og her blev så trangt baade på Sjø og Land”, vart amtmannen fortald av ei fiskar som grunngeving for utvandringa til Amerika.⁹¹

Røynsle frå eit slikt arbeidsliv kunne truleg i seg sjølv verke som ein *push*-faktor for utvandring. Men sjølv om sjølivet for mange medførte både sjøsjuke, heimlengt og farefulle seglas, kunne det på kort tid gje pengar til Amerika-billett og dermed opne vegen til eit nytt og betre liv når tilbodet baud seg. Lønsvivået i Hammerfest og Tromsø på 1860-talet var, i følgje amtmannen, slik at arbeidarklassen kunne tene overmåte godt. Derfor meinte han mellom anna at mange av dei som utvandra frå Finnmark helst var ”Svensker og Finlændere, som om vaaren ere komne til Noreg i den Hensigt kun at drive Vaarfiske her og derpaa begive seg til Amerika.”, altså etappevandrarar som bevisst søkte til kysten av Finnmark for seinare å realisere sin karrieredraum om eit liv i Amerika.⁹²

I undersøkinga av utvandringa frå Skjold prestegjeld 1837 - 1914, syner Nils Olav Østrem ved hjelp av blant anna forteljingar som kjelde, korleis bygdekulturen der etterkvart blei stadig sterkare forankra i forhold som hadde med utvandringa å gjere, mot slutten av 1800-talet.⁹³ ”Utvandring til Amerika må ha stått fram som eit flyttealternativ alle visste mykje om”, skriv han. Nettverka og fellesskapen mellom mottaks- og avleveringsområda spela truleg ei sentral rolle, sjølv om han finn at emigrantane frå Skjold busette seg relativt spreitt i USA og bruken av førehandsbetalte billettar til bestemte destinasjonar heller ikkje var så vanleg som ein kunne vente.

I Hammerfest kan vi sjå at den motsette tendensen, nemleg at bruken av førehandsbetalte billettar og bestemte destinasjonar var vanleg. (Sjå tabell 11 og 12) Mange emigrerte såleis i flokk og følgje med folk som stod dei kulturelt nære, og ein stor del av dei nytta seg av billettar som var betalt på førehand. Særleg gjaldt dette kvenske emigrantar, som i aukande grad utover 1870- og 1880-talet, emigrerte med ”prepaid” billett. Dette viser at kontakten med tidlegare emigrerte i Amerika og med agentar som rekrutterte arbeidskraft eller reisande i byen, stadig fekk meir å seie som utvandringsfaktor for emigrantar frå Hammerfest. Også amtmannen kan melde at folk oppgav ”...Haabet om lettere Arbeide og rigere Erhverv, vakt ved lokkende Skildringar og Opfordringer fra tidligere utvandrere” som årsak til utvandringa. Men samstundes åtvara han mot falsk informasjon som ”have stillet

⁹⁰ Amtmannsmeldinga 1871-75:24

⁹¹ Amtmannsmeldinga 1866-70:33

⁹² Amtmannsmeldinga 1866-70:33

⁹³ Østrem 2002: 211-213

Forholdene i Amerika i et bedre Lys enn de fortjente, hvorfor mange nu ønskede seg seg tilbake.”⁹⁴ Amtmann Holmboe var neppe ukjent med, til dømes, Chr. Taftezon sin vervekampanje og artikkel i Tromsø Stiftstidende i 1865, ”Om Forholdene i Amerika”, der det først ikkje framgjekk at skribenten var agent for The Quincy Mining Company i Hancock, Michigan.⁹⁵ Med bustad i Hammerfest var amtmannen truleg vel kjent med at det kunne vere ymse kvalitet i den straumen av informasjon som agentar, aviser, amerikabrev og heimkomne emigrantar bidrog med på dei store utreisestadene.

Hammerfest, som var den einaste staden i Finnmark med heilårig dampskipssamband på byrjinga av 1850-talet, var framfor alt ein hamneby med stadig besøk av reisande framandfolk frå mange kantar av verda. Som eit viktig knytestpunkt for samferdsla langs kysten i nord vart byen derfor prega av handelsfolk, sjømenn, turistar og ekspedisjonsfararar som kom og snart drog att. På 1850- og 1860-talet vart dampskipsruta mellom Hammerfest og Trondheim, og Hammerfest og Vadsø stadig utvida. I 1868 vart det dampskipsamband mellom Bergen og Hammerfest kvar veke, og eit par år seinare var Hamburg og Vadsø kopla på ruta. Etter at lokalruta til Altafjorden kom i fast drift med dampbåten ”Nor” i 1870, vart også byen i høgaste grad eit lokalt kommunikasjonsentrum for Vest-Finnmark.⁹⁶ Fast samband med Sør-Noreg og utanlandet, stor turisttrafikk og hyppige besøk av folk frå andre delar av landet var også med på å senke folk sin terskel for å gje seg ut på reise, og medverka til god flyt av levande informasjon om arbeidsmarknaden andre stader. Som knytestpunkt for skipstrafikken fekk byen også tidleg nytte godt av det stadig betre postgangen som følgde i kjølvatnet til dampskipsfarta. Men framfor alt kom etableringa av telegrafsambandet i Hammerfest i 1870 og telefonanlegget i 1887 til å setje fart i informasjonsformidlinga, til stor nytte både for næringslivet og dei som fekk tilgang på oppdaterte nyhendetelegram frå nært og fjernt gjennom avisa.⁹⁷

Mange av dei som utvandra - særleg i dei siste tiåra av perioden - kunne neppe unngå å verte påverka av den *Amerikanske draumen*, som framheva sjansen til å gjere karriere i USA med to tomme hender. Også blant kvenske innvandrarar til Hammerfest som ikkje etablerte seg fast i byen, finn vi nok bevisste karrieremigrantar som hadde Amerika som mål allereie då dei starta etappevandringa frå heimplassen i Nord-Finland. I så fall var det i høgaste grad samanheng mellom deira interne flytting og emigrasjon.

⁹⁴ Amtmannsmeldinga 1866-70: 33

⁹⁵ Lunde 1990: 88

⁹⁶ Sivertsen 1973: 104

⁹⁷ Finmarkposten 11.6. 1887

Ein migrasjonstypologi som synleggjer samanheng mellom intern migrasjon og emigrasjon etterkvart som flyttestraumen meir og meir vart prega av kjede- og karrieremigrasjon, flyttar samstundes perspektivet over på trekk ved det moderne samfunnet når det gjeld å forklare årsaksfaktorar og motiv bak utvandringa. Fokus vert flytta frå den tradisjonelle bondeutvandringa, som mest prega første halvdel av hundreåret, til ei ny arbeidskraftutvandring der Nord-Skandinavia og Nord-Amerika vaks saman til å bli ein meir eller mindre felles arbeidsmarknad. Arbeidsfolk som søkte denne arbeidsmarknaden leita ikkje lenger etter alternativ sysselsetting i den tradisjonelle hushaldsøkonomien, men responderte adekvat på tilbod og etterspurnad innanfor den moderne kapitalistiske økonomien. I eit slikt perspektiv spela ikkje berre vilkåra i det lokale næringslivet og den lokale flyttekulturen på utreisestaden ei viktig rolle for motivasjonen til å emigrere, men også informasjonen frå ulike påverknadsagentar om ulike *pull*-faktorar knytt til konjunkturane i den amerikanske arbeidsmarkeden.

Strukturen i utvandringa, både når det alder, kjønn, yrke og familiestilling gjev grunn til å hevde at det først og fremst var denne nye forma for emigrasjon som gjekk føre seg frå Hammerfest. Ikkje minst når det gjaldt den kvenske utvandringa frå byen, syner både yrke, flyttebakgrunn og at mange reiste til same destinasjon med førehandsbetalt billett, at dette var ei gruppe med intern kommunikasjon som søkte etter arbeid i det moderne Amerika. Som undersøkinga viser drog dei alle fleste av desse til gruveindustriamfunn i Michigan. I tillegg drog mange til storbyar. Vi ser også at familieutvandringa, som særleg prega den tidlege epoken i norsk utvandring, etterkvart stagnerte, og at stadig fleire einslege og uetablerte reiste ut. Vilkår for å etablere seg med familie og den sosiale mobiliteten i Hammerfest var truleg ikkje tilstrekkeleg til å gje plass til alle med sosiale og økonomiske ambisjonar utover eit minimum. Mange av desse var born av handverkarar og kjøpmenn som hadde etablert seg i byen ein mannsalder tidlegare, og som truleg såg emigrasjon til Amerika som eit betre alternativ enn å hamne i *proletariatet* i Hammerfest. På den måten verka byen som eit bruhovud for emigrasjonen til Amerika og arbeidslivet som ein dynamo for vidare flytting av ei mobil arbeidskraft som hadde hopa seg opp der etter tiår med vekst og oppgang.

3.3 Nordens frontier?

Medan Noreg auka folketalet sitt på 1800-talet med om lag to og ein halv gong, vart folketalet i Nord-Noreg tredobla. I Finnmark var folketalseksplosjonen endå sterkare. Her vart folketalet firedobla i same periode, og som vi har sett, hadde dette først og fremst

samanheng med innflytting. Ei slik masseflytting gjev mest assosiasjonar til den amerikanske immigrasjonen der bølger av europeiske utvandrarak slo inn over det amerikanske kontinentet og spreidde seg over landet frå aust til vest langs ein ekspanderande grense i rastlaus jakt på nye ressursar i eit jomfrueleg område som kunne gje levebrød til stadig nye bølger av emigrantar.

I boka si *Nord-Norge fra allmenning til koloni* frå 1984 har såleis Ottar Brox lånt omgrep frå den amerikanske historikaren Fredrick Jackson Turner når han skildrar innflyttinga til Nord-Noreg som ein Nordens *frontier* med ”bølger av innvandrere, ikkje bare fra overbefolkete fjellbygder i sør, men også fra Finland og Sverige.”⁹⁸ I kva grad eit slikt lån kan grunngevast i relasjon til Jackson Turner sin bruk av omgrepet i sine arbeid, skal eg la liggje her, men hovudpoenget hos Brox var truleg på denne måten å syne korleis Nord-Noreg med sine rike og opne ressursar, under visse politiske og økonomiske vilkår, kunne gje levebrød til mange fleire enn den vesle befolkninga som budde i landsdelen frå før. Korkje i Noreg eller i Amerika var landområda folketomme. Den samiske befolkninga i Noreg og indianarar og inuittar i Nord-Amerika hadde ei lang historie som urfolk i sine område før den store innflyttinga tok til på 1800-talet. Begge forfattarane har også fått kritikk for ikkje tilstrekkeleg å ha problematisert i modellbruken sin kva koloniseringa fekk å seie i denne samanhengen.

I Brox sin modell var det særleg den tradisjonelle nordnorske hushaldsøkonomien tufta på rike ressursar i hav-allmenningen, spreidd busetting og sterk innvandring som la grunnlaget for den nordnorske *frontieren*. Så lenge folk kunne slå seg ned og fritt ta i bruk ressursane i havet innanfor det tradisjonelle hushaldsøkonomiske system, la dei forhold til rette og opna for stadig fleire eigedomslause innflyttarar og større verdiskaping i landsdelen. På denne måten vart busettinga stadig utvida medan folketalet steig trass i mangel på moderne kapitalistisk industriutvikling.⁹⁹ Det har vore innvendt at modellen overdriv betydninga av innvandring sørfrå når det gjeld utviklinga av dei nordnorske fiskarbondesamfunna.¹⁰⁰ Men når det gjeld byane og industristadene i Finnmark, kan det neppe vere tvil om innvandringa utanfrå fylket og frå nabolanda gjorde desse stadene til *frontier*-område på 1800-talet.

I Hammerfest der nye næringsverksemdar vaks fram, var det sjansar for mange lønsarbeidarar som ikkje let seg absorbere i det tradisjonelle fiskebondesamfunnet, men glei

⁹⁸ Brox 1984: 18

⁹⁹ Brox 1884: 22

¹⁰⁰ Aas 1995: 241-259

inn idet pengeøkonomiske systemet som ekspanderte der. Framvesten av slike byar og tettstader var såleis for alvor med på å gjere Nordkalotten til ein arbeidsmarknad. Lønsarbeidarar frå alle dei nordiske landa kryssa landegrensene for å ta del i framveksten av til dømes anleggsarbeid, gruveindustri og fiske. Men i Finnmark var det først og fremst ”Kvænerne, som af alle de tre Racer er den, der avgiver den største Kontingent til Amtets egentlige Proletariat”, skriv amtmann Jens Holmboe.¹⁰¹

Ei viktig forklaring på den store innflyttinga til Finnmark har særleg vore knytt til oppsvinget i fiskerinæringa frå 1840-talet. I Trygve Solhaug sitt storverk *De norske fiskeriers historie 1815–1880*, legg han avgjerande vekt på utviklinga i fiskerinæringa når han skal forklare den sterke folketalsveksten i Finnmark på 1800-talet, som starta i vest.¹⁰² Med utgangspunkt i tal frå folketeljningane og eigne utregningar av fangstvolumet fann han at folketalsauken i dei ulike områda av fylket hadde klar samanheng med oppsvinget i vårtorskefisket. Fiskarar langs kysten av Nord-Noreg og elles i nabolanda på Nordkalotten som tidlegare hadde drive sesongfiske i Finnmark, slo seg etterkvart ned i dei områda der innsiget av loddetorsken var mest stabilt og fisket var best, først i Vest- og seinare i Aust-Finnmark. For utviklinga i austfylket høver denne hypotesen godt med det faktum at både folketalsauken og fangstvolumet i siste halvdel av 1800-talet totalt sett var størst i denne delen av fylket.¹⁰³ Men også i vestfylket der vårtorskefisket først slo til, er samanhengen tydeleg i og med at dette området fekk den raskaste veksten i folketalet i første halvdel av hundreåret. Det høyrer elles med til dette biletet at Vest-Finnmark totalt sett hadde eit innflyttingsoverskot frå 1830 til 1870, men at dette snudde til eit utvandringsoverskot etter 1870, slik ein også fekk i Aust-Finnmark.¹⁰⁴ Dette må ein sjølv sagt sjå i samanheng både med den store utvandringa som tok til på rundt 1870, men også den generelle nedgangen fiskerinæringa opplevde på slutten av 1870-talet.

Også i Einar Niemi sitt arbeid om den finske innvandringa til Vadsø der talet på kvenar auka frå 140 til 2159, eller frå 16,6 prosent til 57,5 prosent av befolkninga i perioden frå 1845 til 1885, var fisket vurdert som den viktigaste *pull*-faktoren.¹⁰⁵ Sjølv om også sosiale og økonomiske problem knytt til dei nordfinske fråflyttingsområda var medverkande årsaker til utvandringa, var det truleg vissa om dei opne naturressursane ein kunne drive på land og sjø som avgjorde at kursen vart sett til kystlandet. Det var heller ikkje så framandt og

¹⁰¹ Amtmannsmeldinga 1966-70: 61

¹⁰² Solhaug 1976: 320

¹⁰³ Solhaug 1976: 320

¹⁰⁴ Jernsletten 1989: 18

¹⁰⁵ Niemi 1977: 101

avskrekkande når dei visste at kvenar i lang tid hadde gått den same vegen og etablert seg i eigne bygder langs Varangerfjorden eller i *kvenbyen* i Vadsø, der finsk språk og kultur så å seie var å rekne som majoritetskultur. Kanskje hadde også mange av dei alt hørt om livet i Amerika frå slekt og vener, og hadde som mellombels mål med opphaldet i Noreg å legge seg opp så pass med pengar at dei kunne verte rusta for Amerikatur

Men skal ein forklare innvandringa til Finnmark i denne perioden er det sjølvsagt ikkje tilstrekkeleg berre å fokusere på utviklinga i fiskerinæringa. I indre strøk av fylket fekk stenginga av grensa mellom Noreg og Finland i 1852 store verknader for mange som dreiv reindrift. Somme var nok tvinga til å flytte anten til nabolanda eller til kysten for å klare seg. I tillegg kjem den store finske flyttestraumen til Alta frå 1820-talet, i samband med oppstarten og drifta av Kåfjordverket, som ei viktig medverkande årsak til den raske folkeveksten i vestfylket.

Likevel har Solhaug sin teori stor relevans når ein særleg skal fokusere på den demografiske utviklinga i Hammerfest prestegjeld. Dette kjem klart fram i Regnor Jernsletten sin studie av befolkningsutviklinga i Finnmark på 1800-talet, der han mellom anna samanliknar folketalsutviklinga i dei ulike geografiske områda i fylket med utgangspunkt i tal frå NOS og Eilert Sundt sine klassiske demografiske studium. I følgje Jernsletten var det Hammerfest fogderi som samsvarte best med folketalsveksten for heile fylket når det gjaldt årleg vekstrate. Samanlikna med Alta fogderi og Aust-Finnmark, synest Hammerfestområdet å vere prega av relativ stabilitet i si demografiske utvikling, bortsett for at auken var noko sterkare enn elles i fylket i tiåret etter 1815, og langt svakare i tiåret mellom 1825 og 1835.

¹⁰⁶ At folkeveksten i perioden 1815-1825 var større enn i Aust-Finnmark, samsvarar elles godt med Solhaug si oppfatninga om at framgangen i torskefisket gav vest-fylket ei tidlegare innflyttingsbølge enn aust-fylket. Når så veksten i Hammerfest fogderi stoppa opp i tiåret etter, hadde det openbart samanheng med at flyttestraumen så sterkt retta seg mot Alta etter at koparverket i Kåfjord vart sett i gong i 1826.

For å setje søkelys på flyttemønstret i fylket, koplpar Jernsletten den naturlege tilveksten, det vil seie fødseloverskotet saman med vekstraten. Då kjem han mellom anna fram til at innflyttingsoverskotet i Vest-Finnmark truleg var på heile 12,5 promille mellom 1831 og 1850, og såleis utgjorde vel 80 prosent av den samla folkeveksten i den perioden då vårtorskefisket for alvor tok seg opp i Finnmark.

¹⁰⁶ Jernsletten 1989: 1-15

Hammerfest fogderi hadde eit konstant, men noko fallande innflyttingsoverskot frå 1830 og utover hundreåret, særleg etter at utvandringa til Amerika for alvor tok til. Derimot var fødselsoverskotet som elles i vestfylket jamt stigande, ikkje minst som følgje av den generelle nedgangen i daudsraten, men truleg også fordi mange av dei som flytta inn var relativt unge familiefolk som heldt fram med å setje barn til verda. I 1855 var til dømes om lag 40 prosent av befolkninga i byen under 15 år, 50 prosent mellom 15 og 50 år og knapt 9 prosent over 50 år.¹⁰⁷ Som tabell 13 viser, var også innflyttarane til byen i fleirtal både ved teljingane i 1865 og 1875. Denne tilstanden av låg giftemålsalder og høg fertilitet i ei relativt ung befolkning med mange innflyttarar, samsvarar godt med det den engelske demografen Michael Drake legg til grunn når han peikar på likskapen mellom den amerikanske *frontieren* og koloniseringa av Finnmark.¹⁰⁸

Likevel var Hammerfest det fogderiet der migrasjonen hadde mest å seie for folkeauken, med ei relativt stabil innvandring i desse 70 åra som langt på veg samsvarar med utviklinga i fiskerinæringa i området. I Hammerfest by derimot var folketalsutviklinga langt meir dramatisk og innflyttinga dess viktigare. Medan folketalet i prestegjeldet som heilskap fekk ein stagnasjonsperioden i femåret etter 1865, opplevde byen sterkare vekst enn før. Trass i at fødselsoverskotet gjekk attende på grunn av epidemiar og fleire forlis enn vanleg, og fleire tok til å utvandre til Amerika, var likevel tilflyttinga og fertiliteten så høg at folketalet i byen auka med over 500 personar berre i dette femåret, det vil seie ein vekst på om lag 33 prosent. I alt flytta 573 personar inn til byen i dette femåret.¹⁰⁹

Mange såg byen som eit alternativ til utvandring då til dømes drifta på koparverket i Kåfjord gjekk mellombels attende frå 1868, eller då levevilkåra i landsoknet vart forverra som følgje av at vårtorskefisket samstundes slo dårleg til i Vestfinnmark. Dette medførte ei opphoping av arbeidsfolk i byen i åra like før den store utvandringa tok til som byen i hadde vanskar med å huse og sysselsette, særleg i den stille årstida om vinteren. Men då den første store utvandringsbølgja kom like etter 1870, tok ho kraftig unna for folketalsveksten slik at auken i denne femårsperioden vart redusert til knapt 3 prosent.¹¹⁰ Det er såleis ikkje å undre seg over at ein korkje i offentlege dokument eller i aviser frå denne tida kan spore noko stor uro over den store utvandringa frå prestegjeldet.

Til Hammerfest by kom det særleg i denne perioden mange unge kjøpmenn og handverkarar sørfrå som såg utviklingspotensialet i den gryande verksemda knytt til fiskeri-

¹⁰⁷ Sivertsen 1973: 73

¹⁰⁸ Drake 1969: 86-87.

¹⁰⁹ Amtmannsmeldinga 1866-70: 41

¹¹⁰ Amtmannsmeldinga 1871-75: 36

og fangstnæringa. Av same grunn vart både arbeidarar og sjøfolk tiltrekte av dei nye sjansane til levebrød og god arbeidsforteneste. Mange fiskarar var sesongmigrantar både under vinter-, vår-, og sommarfisket. I 1870 utgjorde, til dømes, desse såkalla *nordfararane* to tredelar av mannskapa på vinter og vårtorskefisket i Finnmark, trass i at dei lokale fiskarane auka si deltaking sterkt på denne tida.¹¹¹ Jamvel under sommarfisket var dei i fleirtal utover hundreåret, og mange av dei nytta då Hammerfest som base for fisket.

Sjølv om de fem handelshusa i Hammerfest jamt over heldt fram med å auke verksemda si som etterspurde stadig fleire arbeidsfolk, vart folkeauken på fleire måtar ei stor utfordring for arbeidslivet i siste halvdel av 1870-åra. Veksten stoppa opp og byens næringsliv gjekk inn i ein relativt langvarig krise. No gjaldt det å unngå fattigdom og moralsk forfall, og ikkje minst motverke dei følgjande slike tilstander kunne medføre. For å halde utgiftene til fattigkassa nede tilbød kommunen arbeidsføre fattige menn "naudsarbeid" med å bryte ballaststein for sal i hamna. Sjøfolka oppretta også si eige sjømannskasse til støtte for gamle sjøfolk og enkjer som sat att etter dei som mista livet på sjøen. Men då talet på fattige auka sterk utover 1870-talet, vart det også oppretta private suppekjøkken og kyrkjeleg fattigpleie for å bøte på den mest openberre nauda i byen, utan at det hjelpte mykje.¹¹²

I 1864 tok borgarskapet initiativ til å skipa ei arbeidarforeining som skulle legge til rette for opplysning, sosialt samvær med bøker, aviser, føredrag og kveldsskole blant allmugen. I 1875 hadde foreininga 96 medlemmar, men oppslutninga var heller dårleg blant folk i den eigentlege arbeidarklassen i byen. "Dennes flyktige Natur som følge af den idelige Ind- og Udflytten og dens Splittelse i 2 Nasjonaliteter indeholde næsten uovervindelige Hindringer for sådanne Indretningers Trivsel igjennem længere Tidsrum." skreiv amtmannen i si femårsmelding.

Som del av ein nordens *frontier* vart byen Hammerfest tidleg eit tiltrekkande mål for mange i den ekspanderande skare av arbeidssøkarar som meir eller mindre var på flyttefot langs kysten av Nord-Noreg omkring midt på 1800-talet, på den tida fisket, ishavsfangsten og handelen tok seg opp i Finnmark. Om våren og sommaren då arbeidslivet var på det mest intensive, hadde byen stort potensiale og kunne gje levebrød til mange. "Distriktet lider overhovedet af Mangel på Arbeidskraft til at benytte sine Hjelpeskilder." Både vår- og sommarfiskeriene var dominert av folk utanfrå det eigentlege Finnmark, skreiv redaktøren i Finmarkposten i 1866.¹¹³ Mangel på arbeidskraft vart truleg ei viktig hindring for meir aktiv

¹¹¹ Amtmannsmeldinga 1866-70: 16

¹¹² Sivertsen 1973: 275.

¹¹³ Finmarkposten nr. 7, 14.8, 1866

investering i fangstfartøy og industriverksemd blant kjøpmennene og reiarane i Hammerfest. Derimot hadde byen og næringslivet liten evne til å absorbere og sysselsette ein stor arbeidsstokk vinterstid. Næringstilpassinga i byen var i høgaste grad basert på stor arbeidsmobilitet og sesongmigrasjon. Då dei økonomiske vilkåra for tørrfiskeeksporten vart forverre på midten av 1870-åra, og emigrasjonen til Amerika i stadig større grad vart eit alternativ for mange, medførte det ein stagnasjon i næringslivet som det tradisjonelle handelsborgarskapet hadde lite evne til å motverke på kort sikt. ”Den nordiske *frontieren*” flytta seg dermed frå kysten av Nord-Noreg til Amerika.

3.4 Aviser og agentar

Ei viktig kjelde til informasjon for dei som vurderte å utvandre - om vilkåra ved emigrasjonen og det livet som venta dei i Amerika - var dei lokale avisene. På same måte er dei også ei viktig kjelde til vår historiske kunnskap om utvandringa frå lokalsamfunn. I 1866 vart Finmarkposten etablert i Hammerfest, og om lag tjue år seinare fekk byen ei avis nummer to, Nordkap. Før dette var det først og fremst Tromsø Stiftstidende, som representerte nyhendemedia i nord. I 1871 fekk også Aust-Finnmark avis, nemleg Finmarkens Amtstidende, som kom ut i Vadsø. Sjølv om desse lokale avisene neppe hadde stor direkte innverknad på masseutvandringa frå Finnmark, viser forskning at dei på ulike måtar reflekterte intensiteten i folks utvandringsslyst, og samstundes var gode informasjonskjelder for dei økonomiske konjunkturane i Amerika.¹¹⁴ Svingingane på den amerikanske arbeidsmarknaden, som i stor grad fell saman med utviklinga av emigrantstraumen frå Noreg, kjem såleis til uttrykk også i den rolla avisene og agentane spela som lokale aktørar i masseutvandringa.

Allereie i det første utgjevaråret til Finmarkposten treff vi på annonser som reklamerer for transport med dampskip frå Trondheim til Canada og USA, via hamnebyar i England. Det var agentar for dei store Amerikalinene med underkontor i Tromsø, som kunne tilby billige billetter for utvandrarar til ulike destinasjonar i USA og Canada.¹¹⁵ På slutten av 1860-talet vart slike annonsar eit fast og relativt dominerande innslag i avisa, særleg om våren og på førsommaren då opptil fem konkurrerande selskap kunne vere representert i same nummer. Samstundes med at byen fekk den første store utvandringsslyst frå 1869 til 1873, vart Hammerfest ein periode den største annonsemarknaden for emigranttransport i

¹¹⁴ Lunde 1990: 98

¹¹⁵ Finmarkposten nr 21, 22.11, 1866

Nord-Noreg.¹¹⁶ Det var tydeleg forventa stor emigrasjon, og at byen og fylket vart vurdert som interessant for dei som var ute etter å rekruttere arbeidskraft, eller tene pengar på emigrasjonen. Men agentar og annonsar om transport var neppe nok. Viktigare for å utløyse emigrasjonsbølga var truleg informasjonen om stigande arbeidsløner i Amerika på slutten av 1860-talet, og den spesielt positive utviklinga i koparindustrien i Michigan. Då utvandringa frå Hammerfest så å seie stoppa opp i 1873, fell det såleis saman med informasjon om krisetendensar, stagnasjon og arbeidsløyse i amerikansk økonomi formidla i nordnorske aviser.¹¹⁷ Samstundes vart det atskillig færre emigrasjonsannonser å sjå i Finmarkposten fram til byrjinga av 1880-talet.

Etterkvart som tevlinga mellom selskapa i emigrasjonsfarta auka, fekk fleire av amerikalane også lokale agentar i byane i Finnmark. Slike stillingar vart utlyste med annonser i lokalavisa, der det vart søkt etter dugande, ivrige og respektable agentar som kunne bidra med informasjon, billettsal og organisering av transporten.¹¹⁸ Blant desse finn vi i Hammerfest til dømes ein skomakar og ein tollbetjent. Alle med yrke som tenesteytarar og med stor kontaktflate til lokalbefolkninga. Då utvandringa frå Hammerfest for alvor tok seg opp rundt 1870, var det i ein periode då dampskipa langt på veg var i ferd med å erstatte seglskipa i emigrantfarta, og mange annonsørar kunne lokke med tryggare og meir komfortable reiser der både helsestell, matstell og til og med språkopplæring og tolketeneste var godt ivarettatt.¹¹⁹ Truleg vart også billettprisen pressa ned som følgje av større kapasitet på skipa, raskare overfart og større konkurranse. Det vart såleis stadig gunstigare å reise, også for dei som budde lengst nord i landet. Også blant dei 13 heimvendte emigrantar frå Hammerfest finn vi agentar som fekk honorar for å marknadsføre dampskipsselskap, firma og område i USA. Blant desse var Hans Dahl frå Hammerfest - agent for Royal-linjen - som i eit tilbakeskodande intervju i Adresseavisen frå 1955, mellom anna kan fortelje om behovet for smøremiddel som tobakk og brennevin i den sterke konkurransen om kundane mellom agentane.¹²⁰

På 1880-talet finn vi også annonser for ledig arbeid og billig jord i Amerika i dei nordnorske avisene. Agentar for immigrasjonsdepartementet i St. Paul i Minnesota, kunne til dømes meddele at "Ophøiet over al Tvivl er det, at Red River Dalen er det mest passende

¹¹⁶ Lunde 1990: 96-98

¹¹⁷ Lunde 1990: 90-91

¹¹⁸ Finmarkposten nr. 5, 1883

¹¹⁹ Finmarkposten nr. 9, 1867

¹²⁰ Jørgen Sivertsen : privatarkiv boks 4, Statsarkivet i Tromsø.

Distrikt for vore utvandrende Landsmenn.”¹²¹ Elles var det stadig annonsar der agentar for store amerikanske arbeidsgjevarar kunne tilby både arbeid og transport, og lokka med gode løns- og arbeidsvilkår innanfor ei rekkje bransjar i det moderne amerikanske arbeidslivet. Informasjonen i slike annonsar vart av og til supplert med utdrag frå amerikabrev eller anna stoff om arbeidslivet i Amerika. Somme brevskrivarar gav så rosande omtale av einskilde område, arbeidsplassar og transportselskap, at ein ikkje kan la vere å mistenkje dei for skult reklame for større verksemdar. Likevel hender det berre unntaksvis at Finmarkposten prenta stoff som lovpriste emigrasjonen og dei vilkåra som venta utvandrarane i Amerika. For det meste var det korte telegram om kriser, konflikhtar, kriminalitet og katastrofar som prega amerikastoffet. I det heile tatt var det svært sjeldan avisa for eiga rekning presenterte synspunkt på emigrasjonen, og sjølv i perioden då den lokale utvandringa var på det mest intensive, vart ho først og fremst kommentert som eit kvensk fenomen. Slik som i 1872, då avisa påpeika auken av emigrantar frå Finnmark over Trondheim, og elles kunne meddele at meir enn ein tredel av emigrantane reiste med førehandsbetalt billett. Det var særleg kvenske gruvearbeidarar i Michigan som på denne måten sørgja for at slekt og vener i Finnmark fekk høve til å utvandre, kunne avisa fortelje.¹²²

Men det var først då amerikabrev dukka opp i spaltene, at vi får vitnesbyrd frå lokale einskildpersonar som sjølv var utvandra. I 1878 vart det referert frå to slike brev i Finmarkposten. Det eine frå Georgetown, Colorado, der brevskivaren og familien hans nettopp er komen fram etter ei vellukka reise. Full av von og optimisme fortel han om deira nye tilvere med godt betalt arbeid i sølvgruve og bustad utleigd av gruvekompaniet. Korkje heimlengsel, språkproblem eller dei framande klimatiske forholda syntest å leggje noko dempe på trivselen.¹²³ Harmonien i dette brevet står i sterk kontrast til bodskapen i det andre amerikabrevet som avisa prenta same året. Her skriv ein utflytta hammerfesting om livet blant emigrantane i Chicago, der det går fram at byen er ”Overbefolkede af fattige Arbeidere med store Familier, hvis Erhvervskilder ere ustadige og hvis Indtægter paa langt nær ikkje svarer til deres Udgifter Aaret igjennem”.¹²⁴ Trass naud og behov for almisse ville likevel ikkje folk som hadde fått smaken på bylivet i Amerika ta seg jord og bli farmarar, sjølv om vilkåra låg godt til rette for det, skriv han. Det var såleis ikkje billig jord og landsbyliv som lokka desse utvandrarane, men først og fremst det moderne og urbane arbeidslivet i Amerika dei sette sin lit til.

¹²¹ Finmarkposten nr. 9, 1883

¹²² Finmarkposten nr. 7.12, 1872

¹²³ Finmarkposten nr. 40, 1878

¹²⁴ Finmarkposten nr. 5, 2,2, 1878

Det kan nesten synest som om redaktørane i Finmarkposten tilsikta ei viss jamvekt i informasjonen frå utvandarane, samstundes som dei nok var klar over at reiseskildringar og livsvilkåra til landsmenn i utlandet var populært stoff. Brev frå reisande finnmarkingar langs norskekysten og i Sør-Amerika vart såleis trykt i lange følgjetongar, og fekk ofte plass som hovudoppslag. Derimot var det få amerikabrev som representerte masseutvandringa frå Hammerfest i Finmarkposten. Redaktørane gjekk truleg varsam fram på dette området for ikkje å stimulere utvandringa frå byen meir enn nødvendig. Likevel er det grunn til å tru at avisene i landsdelen såg det som ei viktig oppgåve å formidle oppdatert informasjon om økonomiske og andre vilkår i Amerika, som var relevant for dei som vurderte å utvandre.¹²⁵

I eit oppslag i Finmarkposten i 1880, "Om Tiderne i Amerika", kan ein lese om stor optimisme i det amerikanske arbeidslivet. Artikkelen som var henta frå Morgenbladet, formidlar ei nøktern analyse om samanhengen mellom emigrasjonen og den økonomiske utviklinga i Europa og Amerika, og konkluderte med at det gjekk mot lysare tider for dei som ville utvandre til Amerika. Etter fleire år med krisetendensar i den amerikanske økonomien, med arbeidsløyse og stagnasjon frå 1873, kan korrespondenten fortelje at landet no med kjempeskritt gjekk framover mot velstand, og at ingen mangla tilbod om arbeid med god betaling.¹²⁶ Slike meldingar om oppgang og gode tider i USA på byrjinga av 1880-talet, har norske emigrasjonsforskarar lenge halde for ei av dei viktigaste årsakene til at den norske emigrasjonen toppa seg på denne tida.¹²⁷ Også folk nordpå responderte med større utvandringslyst. I Hammerfest der næringslivet generelt sett var nede i ein bølgedal etter fleire års nedgangstid, vart 1880-åra ein periode med jamn høg utvandring. Samstundes fatta avisene større interesse for emigrasjonen og tilhøva i Amerika, og utvandringsannonsane tok seg opp att i Finmarkposten utover tiåret.

Etterkvart som informasjonen om tilhøva i amerikansk økonomi vart betre, kom det også fram eit meir differensiert bilete av det mangfaldige arbeidslivet som lokka emigrantane. Den optimistiske budskapet om konjunkturoppgangen står såleis i kontrast til eit amerikabrev i same avis nokre månader seinare, der ein norsk emigrant åtvarar mot den unyanserte førestillinga om det løfterike landet blant nordmenn. Brevskrivaren fortel om armoda heime i Noreg - som etter hans meining er skuld i utvandringa - men også om det slitet som ventar norske arbeidarar som vil freiste å brødfø seg og familien sin i Amerika. Korkje storfolk eller fattigfolk kan vente seg noko lett veg til rikdom, men i motsetning til

¹²⁵ Lunde 1990: 98

¹²⁶ Finmarkposten nr. 7, 1880

¹²⁷ Semmingsen 1954: 223-235.

Noreg er det mogleg for alle å arbeid seg opp og fram i det nye landet, skriv han.¹²⁸ Å framheve fridomen, den sosiale mobiliteten og mentaliteten om *the self made man* i det amerikanske samfunnet, går igjen i fleire av amerikabreva som vart prenta i avisa. Også andre negative sider vart oftare påpeika, som til dømes ekstreme klimatiske forhold, risiko for indianaråtak og kapitalismens kynisme og grådighet. Om ein ikkje hadde landsmenn, slekt og vener å kome til, kunne det gå rett ille for mange, same kva for sosial klasse ein tilhørde i Noreg. Dette kunne folk i Hammerfest lese i lokalavisa i 1881, frå eit amerikatelegram som elles fortalde at svært mange unge personar med utdanning og borgeleg bakgrunn var komne til Amerika frå Noreg utan å ha fått arbeid.

I fleire av amerikabreva som vart referert i Finmarkposten, kan ein ane eit behov hos brevskrivaren for å legitimere kvifor han valde å utvandre med referanse til dårlege tider, ufridomen og det fastlåste klassesamfunnet i Noreg. I somme høve var det viktig å understreke at det ikkje var på grunn av uvørndnad for den norske nasjonen at ein valde å utvandre. Ein Hammerfesting skriv, til dømes, heim om storslått nasjonal feiring av 17. mai i Canada, der deltakinga var større og meir kjensleladd enn han kunne minnst frå heimbyen.¹²⁹ Og då storstormen ramma Finnmarkkysten i byrjinga av 1880-talet med alvorlege skader, var det straks sett i gang innsamling blant nordmennene i Amerika.¹³⁰ Både norske og norsk-amerikanske aviser skreiv om øydeleggingane i Nord-Noreg, og i Kristiania vart "Centralkomiteen for Indsamling af Bidrag til Nødlidende i Troms og Finmarkens Amter" oppretta på initiativ frå embetsmenn med fartstid frå Finnmark. Bak dette hjelpearbeidet stod statsråd Holmboe, amtmann Blackstad og biskop Smith.¹³¹ Det kom inn store pengebeløp mellom anna frå norske kyrkjelydar og foreiningar i Amerika. Det same skjedde i 1890 då bybrannen i Hammerfest gjorde mange huslause og påførde kommunen og næringslivet store tap. Den norske nasjonalkjensla og førestillinga om fellesskap og solidaritet med folket i heimbyen var såleis slett ikkje svekka på grunn av utvandringa, kanskje snarare tvert om. I nokre tilfelle kan vi jamvel lese at brevskrivarar endar opp med appell til potensielle emigrantar om å bli heime, og ikkje reise frå fedrelandet. Slike åtvaringar mot utvandring finn vi ikkje berre i amerikabreva som vart referert i avisa, men også i stoffet elles.

I ein artikkel i Finmarkposten frå 1888, med overskrifta "Advarsel mot utvandring" frå 1888, - saksa frå ei engelsk avis - vart det særleg peika på vanskaner for folk utan kapital å

¹²⁸ Finmarkposten nr. 42, 1881

¹²⁹ Finmarkposten nr. 19, 1871

¹³⁰ Finmarkposten nr. 17, 1882

¹³¹ Riksarkivet, privatarkiv, arkivnr. P-00115

etablere seg i Amerika. Slike åtvaringar dukka stadig oftare opp fram mot hundreårsskiftet. Dei peika ofte på at arbeidsløyse, dyrtid, jordmangel og faren for indianaråtak gjorde det vanskeleg både for arbeidarar og bønder som ønska å slå seg ned i landet.¹³² Dessutan kan vi lese om langvarige streikar blant norske arbeidarar, og om ei rekke dødsulukker og brannar i kopargruvene i Calumet på 1880- og 1890-talet, der mange frå Hammerfest hadde slått seg ned.¹³³ Stadig vart det i samband med slike meldingar ymta om at det kunne kome på tale å sette ein stoppar for innvandringa til USA. I 1885 vart det også forbode for amerikanske selskap og deira agentar å inngå kontrakt med utanlandske arbeidarar, der amerikabilletten vart betalt av arbeidsgjevaren på førehand og inngjekk som løn for seinare arbeid.

Informasjon om slike forhold måtte i høgaste grad virke til å hemme utvandringstrongen hos mange. I Hammerfest kan vi såleis sjå ein klar nedgang i talet på emigrantar, samstundes som avisene stadig oftare åtvara mot utvandringa til Amerika på slutten av 1880-talet og utover 1890-talet. Dette var nok med på å få mange til å utsetje emigrasjonsplanane sine for å vente på betre tider i Amerika, eller å sjå seg grundigare om etter alternativ til utvandring. Ein brevskrivar i Finmarkposten i 1890 var i så måte svært konkret då han i eit innlegg kom med følgjande forslag: ”Reis til Finmarken, ikkje til Amerika”. Med dette som overskrift argumenterte han for større innflytting til Finnmark, og offentlig stimulering til auka norsk busetjing i Sør-Varanger som eit ledd i fornorkingspolitikken. Berre ved å få staute bønder frå til dømes Gudbrandsdalen, Østerdalen, og Hallingdalen nordover var det mogleg å drive tilbake dei sterke, seige og hardføre kvenane, som var i ferd med å legge beslag på store jordområde, og i stadig større grad tok i bruk dei rike naturressursane nordpå, skreiv han. I Finnmark ville husmenn og arbeidarar frå sør kunne demme opp for den kvenske ekspansjonen, og bli ein spydbrodd i arbeidet med å fornorske grenseområda. Her kunne dei dessutan langt lettare enn i Amerika bli sjølveigande bønder, skreiv innsendaren og avslutta med appellen ”Noreg for Nordmændene”.¹³⁴

Utvandringa frå Hammerfest til Amerika gjekk føre seg i ein periode då byen vart prega av ein sterk vekst i samferdsle og informasjon. At informasjonsformidlinga i denne perioden stadig auka i omfang, og til og med henta stoffet sitt frå den store verda, måtte naturlegvis få verknad på dei som vurderte å emigrere og var avhengige av mest mogleg oppdatert informasjon om den staden dei valde å flytte til. Dette gav også agentar, aviser og

¹³² Finmarkposten nr. 91, 1888

¹³³ Finmarkposten nr. 52, 1888, nr. 5, 1889, nr. 10, 1890, 7. oktober 1895

¹³⁴ Finmarkposten nr. 30, 1890

andre med tilgang på kunnskap og informasjon ei viktig rolle som opinionsformidlarar og opinionsskapparar. Sjølv om ikkje desse - og dei bileta dei formidla om Amerika - skapte eller årsaka masseemigrasjonen, medverka dei i høgaste grad med å levere premissar til dei val folk gjorde. Den lokale mentaliteten i Hammerfest knytt til det tradisjonelle fiskarbondesamfunnet og den framveksande handelshovudstaden i Finnmark, fekk såleis tilført nye impulsar frå internasjonale moderniseringsprosessar som var i ferd med å endre den vestlege verda både kulturelt og økonomisk. For mange i Hammerfest vart dette truleg impulsar som verka som sterke *pull*-faktorar i enkelte periodar under den store utvandringa til Amerika.

3.5 Samandrag

Den sterke folketalsveksten som nærast gav Finnmark ein folketalseksplosjon frå tidleg på 1800-talet, hadde i stor grad samanheng med den sterke innflytting til fylket. Innflyttarane kom frå nabofylka, sørfrå og frå nabolanda på Nordkalotten. Særleg var folketalsauken stor i dei nye Finnmarksbyane og elles der industriverksemd slo seg ned. I Hammerfest vaks det fram eit svært arbeidsintensivt næringsliv basert på fiskeeksport og ishavsfangst, der dei uendelege ressursane i havet drog til seg både handelsfolk sørfrå og arbeidsfolk frå nært og fjernt. Innflyttinga vart så stor i visse periodar at ein med god grunn kan låne biletet frå den dynamiske *frontieren* av europeiske emigrantar på den amerikanske prærie, når ho skal karakteriserast og analyserast. Fram til 1900 utgjorde fleirtalet av befolkninga i byen folk som var fødde andre stadar, og frå 1845 fekk byen eit innslag av kvenar som auka jamt og etter eit par tiår utgjorde 20 prosent av folketalet, før det gjekk tilbake. Lik slike *frontier*-områder med stort innslag av unge familiefolk, vart også den naturlege folketalsauken stor i Hammerfest. Dette gav til saman byen eit innflyttingsoverskot heilt fram til hundreårsskiftet trass i stor utvandring først på 1870-talet og på 1880-talet.

Moderniseringa og urbaniseringa i Hammerfest verka ikkje berre til å stimulere næringslivet, men også til å gje byen ein sterk flyttekultur der *kjedemigrasjon* og *karrieremigrasjon* vart fremma. Dette gav gode vilkår for utvandring frå Hammerfest. No var ikkje flytting eit nytt fenomen i Finnmark. I det tradisjonelle fiskarbondesamfunnet var flytting og nomadisme så å seie eit livsvilkår i det ekstensive jordbruket med sterk utnytting av utmarka. Men slik tradisjonell flytting verka truleg ikkje til å fremme utvandring.

Mange av dei som emigrerte frå Hammerfest hadde flytta før. Særleg kjem dette fram i den store gruppa av kvenske utvandrarar som mellom anna hadde hatt opphald i Kåfjord

eller i landsoknet før dei etablerte seg i byen og seinare emigrerte. I byen vart mange rive laus frå jordbrukssamfunnet og sosialisert mot eit liv som mobil lønsarbeidar, ikkje minst på grunn av dei impulsane dei fekk frå Amerika. Som det viktigaste knytestpunktet for skipskommunikasjon, post og telesamband i Vest-Finnmark, og vertskommune for dei to einaste avisene i området, var befolkninga godt rusta til å ta i mot og respondere raskt når attraktive tilbod om billig reise og lønsarbeid i Amerika vart presenterte. For annonsørar i avisene og emigrantagentane vart byen ein viktig marknadsplass. Derimot gjekk redaktørane i lokalavisene varsamt og nøkternt fram når det gjaldt stoff om utvandringa. Likevel skorta det korkje på åtvaringar mot eller propaganda for utvandring og livet som emigrant i Amerika i form av lesarinnlegg og telegram i avisene. Informasjonen og impulsane folk fekk gjennom sine sosiale nettverk, frå tidlegare emigrerte slektningar, aviser i den flyttekulturen som byen representerte, var truleg svært viktig for dei val folk gjorde om å emigrere. Ikkje minst kan ein sjå at nyhende om nedgangstider i amerikansk næringsliv bremsa utvandringa frå Hammerfest radikalt etter 1873 og på 1890-talet.

4 Handelskapitalisme, fiskarbondøkonomi og utvandring

4.1 Bydanning og frihandel

Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld til Amerika i siste halvdel av 1800-talet, var i høgaste grad prega av kollektiv åtferd, der den einskilde utvandrar nok handla bevisst ut frå individuelle og rasjonelle motiv, men der resultatet vart eit fenomen ingen einskildperson fullt ut kunne overskodes korkje årsakene til eller verknadene av. Dette er i følge Knut Kjeldstadli karakteristisk for det historikarane kallar massehandlingar.¹³⁵ I eit aktørperspektiv vert det naturlegvis interessant å søke etter ulike individuelle motiv og intensjonar bak slike handlingar, og sjå utvandringa, til dømes, frå den einskilde emigrant si side. Men i historiefaget har ein framfor alt hatt ein sterk tradisjon for å interessere seg primært for menneskje i kollektiv, gjensidig avhengige av kvarandre. I eit slikt perspektiv må ein søke å forstå folk sine val og handlingar først og fremst i lys av dei "sosiale kausale avhengighetsforhold" som bind individet til samfunnet, i følge Ottar Dahl.¹³⁶

For å unngå ukritisk voluntarisme og overdriven vekt på intensjonalforklaringar, der alt skjer og vert forklart som resultat av meir eller mindre bevisst vilje og val hos einskildpersonar, vert fokus sett på kva for handlingsrammer samfunnet og den rådande

¹³⁵ Kjeldstadli 1992: 31

¹³⁶ Dahl 1986: 11-12

mentaliteten blant folk gav, til dømes emigrantane. Dette rører ved det gamle filosofiske spørsmålet om mennesket er fritt eller om det styrast av samfunnsmønstra det inngår i. På den andre sida understrekar ein slikt synsmåte historiefaget som samfunnsfag, der hendingar og prosessar knytt til samhandling, fellesskap og mentalitet innanfor menneskeskapte strukturar er det primære objektet. Utvandringa vert i ein slikt perspektiv oppfatta som ein del av ein større heilskap, der ulike behov, funksjonar og drivkrefter i samfunnet vert trekt inn i forklaringa. I ein slik samanheng er det ikkje tilstrekkeleg einsidig å fokusere på dei som valde å emigrere, men også på dei som let vere. Ein måte å forklare utvandringa på vert då å stille spørsmålet kvifor utvandringa kom så seint i gang i Hammerfest, og kvifor straumen av emigrantar ikkje vart større og ramma samfunnet hardare enn faktisk var tilfelle. Det er med utgangspunkt i ein slik tankegang eg vil sjå utvandringa frå Hammerfest i nærare samband med dei økonomiske strukturane og den næringstilpassinga som prega byen og landsoknet i undersøkingsperioden.

Ulikt utviklinga i resten av Nord-Noreg hadde handelen i Finnmark i lang tid vore monopolisert. Frå 1681 til 1715 var det kjøpmenn frå Bergen som rådde. Etter ein kort periode med frihandel overtok så handelskompani frå København i 1729 og seinare staten i 1741 monopolhandelen fram til 1789. I Hammerfest fekk Peter Chr. Buck, som kom frå Helsingør, i oppgåva å styre den kongelege handel i fiskeværet. Han dreiv dessutan eit aktivt arbeid for å fremme Hammerfest som aktuell stad då kongen skulle opprette to byar i Nord-Noreg. Seinare overtok sønene verksemda og kjøpte den kongelege handelen då den dansk-norske einevaldsstaten på slutten av sin epoke i norsk historie oppheva det merkantilistiske monopol- og privilegiesystemet, la Senja og Troms til Finnmark amt, og oppretta handelsstadene Hammerfest og Vardø i 1789. Dermed var det sett sluttstrek for eit system som heller hemma enn fremja den økonomiske utviklinga i ønskeleg lei. Likevel kom arven frå dansketida og perioden før frihandelen til å leve vidare på ulike måtar i handelsnæringa. Truleg medverka dette mest til å halde igjen på moderniseringa av næringslivet og dermed til kontinuitet i den tradisjonelle økonomiske kulturen og folks mentalitet.

Dei utvalde som kongen gav rett til å drive gjestgiveri og handel, måtte følgje dei såkalla oktroyreglane frå 1778, som skulle trygge handelen, stimulere til auka produksjonen og busetjing, men som også påla kjøpmennene å sørge for at allmugen fekk dei forsyningane dei trengte til ein rimeleg pris. Dette innebar å skaffe til vege tilstrekkeleg med matmjøl og andre nødvendige matvarer, fiskereiskap, ulike handverksprodukt, husflid og diverse luksusvarer. Elles vart det forventat at den lokale handelsmannen skulle spele rolla som *utreiar*, som mellom anna innebar å kjøpe fiskefangstane og gje fiskarallmugen kreditt på

matvarer og utrusting mellom kvart oppgjer. Trass i modernisering og vekst i næringslivet gjennom heile undersøkingsperioden, heldt dette tradisjonelle utreiarsystemet i meir eller mindre grad fram som eit sentralt og stabiliserande element i det nordnorske økonomiske systemet.

For å få systemet til å fungere måtte kongen regulere talet på handelsstader, men også i prinsippet rydde av vegen norske og utanlandske konkurrentar som ønskte å ta del i handelen i Finnmark på legalt eller illegalt vis. Likevel klaga kjøpmenn støtt over ulovleg konkurranse frå utanlandske og sørnorske skuter som kom seglande til Finnmark for å kjøpte og selje varer direkte til folk i væra. Men heller ikkje allmugen respekterte reglane mot slik tuskhandel, og dei var jamt over misnøgde med urimelege prisar, mangelfulle matforsyningar og dårleg kreditt hos dei lokale handelsmennene. Amtmannen som hadde problema på nært hald, var ikkje sjeldan uroleg for forsyningssituasjonen og konsekvensane for folk si helse, arbeidsemne og moral, særleg i periodar då matmangelen røyna på og det var lettare å få kjøpt dyrt brennevin enn nødvendige matvarer hos den lokale kjøpmannen. Situasjonen tvinga truleg styresmaktene til stilleteiande å akseptere både russehandel og anna illegal handel.

Ein slik økonomisk liberalisme, som tillet stor fridom til konkurranse innanfor handelen og samstundes allmugens rett til fritt å utnytte naturressursane på den store marine allmenningen, gav elles gode vilkår for den særskilte nordnorske næringstilpassinga. I Ottar Brox si analyse danna dette grunnlag for eit økonomisk system som kunne konkurrere med den kapitalistiske økonomien i Nord-Noreg, og dermed hindre at industrisystemet slo skikkeleg gjennom før folk hadde skaffa seg dei politiske rettane som var nødvendige for å få ein viss grad av kontroll med spelereglane. ”Kystfolket ville helt enkelt heller utnytte fisken ved hjelp av sin enkle teknologi enn som proletariske arbeidstakarar hos redere med moderne fiskerdampere og trålere, og var i stand til å hindre framveksten av kapitalistiske konkurrenter.”, skriv han.¹³⁷ Som vi har sett vart dette systemet ein viktig føresetnad for at Nord-Noreg tiltrakk seg mange innflyttarar og dermed kunne fungere som ein slags *nordisk frontier*, som ikkje berre ekspanderte til fangstfelt i arktiske farvatn, men jamvel over Atlanterhavet til Amerika. Samstundes gav systemet mange menneske levevilkår som lenge kunne konkurrere med industrisamfunnet og bylivet både i Noreg og i Amerika.

Finnmarkhandelen var i stor grad kontrollert av familiar som hadde røter som handelsfolk tilbake i monopolhandelen, og som førte handelshusa og tradisjonane vidare

¹³⁷ Brox 1984: 22

gjennom arv, giftemål og tilreisande slektningar. I boka si *Handelssteder i Finnmark* frå 1942, skildrar forfattaren N. A. Ytreberg korleis monopolhandelen og dei gamle handelstradisjonen trass i manglar og problem gav grunnlag for ein kulturell kontinuitet frå det gamle til det moderne Finnmark. Etter forfattaren si meining fekk Finnmark ein dyktig kjøpmannsstand med lokal forankring, knytt til ein kultur der tolmod og omsorg for allmugen var grunnleggjande normer. Dette gjorde at spenninga mellom det tradisjonelle og det nye i utviklinga av næringslivet gjekk føre seg på ein udramatisk måte, og verke til å dempe motstanden i det tradisjonelle fiskarbondesamfunnet.¹³⁸ At den lokale handelsstaden ikkje tedde seg som aggressive kapitalistar når det gjaldt å modernisere og omforme fiskerinæringa, kan sjølvsagt også ha andre forklaringar.

I artikkelen sin ”Kvifor fekk ikkje industrikapitalismen fotfeste i Nord-Noreg?” peikar Narve Fulsås på at det nordnorske handelsborgarskapet jamt over korkje hadde tilstrekkeleg kapital eller økonomisk interesse av å ta kontroll over fangstleddet gjennom radikal modernisering og store risikable investeringar i produksjonssystemet.¹³⁹ For det første var kapitalmangel og stor avhengigheit til store finansieringskjelder sørpå eit vedvarande problem som sette klare grenser for kva handelsstanden i den nordlegaste landsdelen kunne utrette. Derneft hadde truleg det tradisjonelle systemet potensiale nok til å halde tritt med veksten i etterspurnad og priser. Så lenge investering i omsetjingsleddet gav rom for vekst og utvikling, og vart forventet å gje størst utbytte, var det elles liten vits å investere i produksjonssystemet. Ettersom fisken sjølv fann vegen til kysten, var det god økonomi å fiske frå små båtar som ikkje kravde store investeringar og dermed lett kunne tilpasse seg dei oppturar og nedturar som var naturleg i fiskerinæringa. Ved marknadsvekst kunne ein setje inn fleire produsentar, mens ein i nedgangstider kunne overlata til jordbruket og handelskreditten å halde liv i fiskarane. Systemet var såleis tilstrekkeleg rasjonelt så lenge det fanst tilgjengeleg arbeidskraft som dessutan stod i gjeld til, og langt på veg var økonomisk avhengig av fiskekjøparen. På den måten var det også økonomisk rasjonelt å halde fast på utreiarsystemet. På 1850- og 1860 talet hadde dette systemet truleg potensiale til å sysselsette enno fleire sjøfolk, arbeidarar og produsentar enn dei som let seg lokke til byen i staden for til Amerika.

¹³⁸ Ytreberg 1980: 220-221

¹³⁹ Fulsås 1996: 44-49

4.2 Handel, produksjon og fiske

For Hammerfest medførte dette at byen aldri vart noko stor fiskar- eller industriby, men først og fremst eit sentrum for mellomledet i næringa, fiskekjøparane og eksportørane. Det var i landsoknet fangsledet hadde sin base og storparten av fisket i prestegjeldet gjekk føre seg. Likevel finn vi fleire tilløp til investering i industri initiert av den lokale handelsstanden. Men alle mest var det i fiske- og fangstekspedisjonane og tranproduksjonen ein kan sjå at overskotet var brukt til å stimulere den kapitalistiske dynamikken i næringslivsutviklinga. I desse næringane utløyste frihandelen og den lokale kapitalakkumulasjonen både investeringar, innovasjon og modernisering som ikkje minst verka til å auke arbeidsmarknaden.

Saman med ei sterk auke i folketalet, meir stabil innsig av loddetorsk frå 1840-åra, og gunstige vilkår på verdsmarknaden for fiskeprodukt, gav næringslivet ekspansjonsvilkår for eit lokalt byborgarskap og ei urban handelskapitalistisk utvikling i Finnmark, delvis i samvirke med, men også i konkurranse med det tradisjonelle fiskarbondesystemet basert på hushaldsøkonomi og sjølvberging. I Hammerfest fekk handelsborgarane snart kontroll over store delar av den regionale handelen anten ved å kjøpe opp handelshus og etablere filialar i landsoknet, eller ved å drive oppsøkjande forretning under sesongfisket. Men framfor alt fekk dei langt på veg hand om eksporthandelen og mykje av russehandelen, som stadig vart meir legalisert og utvida utover 1800-talet. Etter napoleonskrigane, som ramma Hammerfest kraftig både med blokade og krigshandlingar i 1809, starta ein langvarig høgkonjunktur for fiskeprodukt på den europeiske marknaden. Industrialisering, folketalsauke og betre samferdsel mellom landa i Europa skapte større og meir varig etterspurnad etter mat og gjorde fiskeprodukt til godt betalte handelsvarer.

Sett i eit langsiktig perspektiv var perioden frå 1815 til 1880 gunstig på fleire måtar for fiskerinæringa og urbaniseringa i Nord-Noreg. Etterkvart som silda forsvann frå Vestlandet, glei tyngdepunktet i dei norske fiskeria gradvis lenger nordover, med aukande innsig av sild, skrei og loddetorsk, skriv fiskerihistorikaren Trygve Solhaug. Samstundes vart langtidstendensen i prisutviklinga på fiskeprodukt på verdsmarknaden jamt stigande. Dette var handelsborgarane i Hammerfest i stand til å utnytte på ein slik måte at dei kunne akkumulere kapital og reinvestere i eit lokalt næringsliv som gav levebrød og jobbar til ei stadig aukande befolkning. Først og fremst var det den tradisjonelle tørrfiskeeksporten til Europa og handelen med saltfisk til russarane som hadde vore bærebjelken i utviklinga av fiskerinæringa i byen, men også tran var ei viktig eksportvare. I femårsperioden 1871-75

utgjorde desse produkta saman med selhudar om lag 46 prosent av den totale utførselen frå Hammerfest. Utførselen som nådde sin topp i hundreåret i 1870, var på om lag 2,2. mill. kr.

Tabell 14. Gj. s. verdi av utførte fiske- og fangst produkt frå Hammerfest 1871-75

1871-1875	Tørrfisk	Saltfisk	Tran	Selskinn	SUM
Kr.	60 500	18.800	12 500	5 000	96 800
% av total utførsel	31,7	9,9	6,6	2,6	50,8

Kjelde : Amtmannsmeldinga 1871-75

Etter oppsvinget i loddetorskefisket på 1840-talet blei eksporten av tørrfisk frå byen tredobla på ti år, og Hammerfest saman med dei andre nordnorske byane tok for alvor til å true det hegemoniet som bergenskjøpmennene lenge hadde hatt i tørrfiskhandelen.¹⁴⁰

Kjøpmennene i Hammerfest retta ikkje berre interessa si mot omsetjingsleddet, men verka også til å utvikle produksjonen og skaffe seg meir kontroll over produksjonssystemet. Ein stadig større del av tilverkinga av tørrfisk og tran som fiskarbøndene tradisjonelt gjorde på heimlassen i ledige stunder, vart etterkvart overtatt av kjøpmenn og mellommenn. I 1870 var det tildømes 8 tranbrenneri i Hammerfest, med til saman 40 gryter og ein arbeidsstokk på omlag 60 personar som var fast sysselsett halve året mens produksjonen stod på.¹⁴¹ Det blei også gjort forsøk med hermetikkindustri basert på fiske- og fangstråstoff, men fabrikk vart nedlagt allereie i 1857.¹⁴² På same måte gjekk det med eit ølbryggeri og ei kornmølle som vart starta på 1850-talet, men ikkje lenger var i bruk ti år seinare.¹⁴³ Elles vaks det fram fleire arbeidsintensive verksemder som tok i bruk visse teknologiske nyvinningar, og som skapte etterspurnad etter lønsarbeidarar og handverkarar av ulike slag. Fangstteknologien vart stadig betra utan at dette medførte noko avgjerande brot med den tradisjonelle produksjonsmåten.

Men det var særleg etterkvart som etterspurnaden av klippfisk på den europeiske marknaden skaut fart og tok til å bremse den tradisjonelle tørrfiskeeksporten, at kravet til meir spesialisert, kapital- og arbeidskrevjande tilverking oppstod. Rett nok makta ikkje Hammerfest og dei andre byane i Nord-Noreg å hevde seg særleg i denne handelen, som både kravde stor kapital og gunstige tørkeplassar med stor tilgang på ledig og billig arbeidskraft. Men likevel gav oppgangen i klippfiskhandelen endra vilkår også her. For det første auka marknaden for saltfisk som kravde at tilverkinga vart skilt frå fisket, og dermed gav større del av verdiskapinga til kjøpmannen som eigde fiskebruka og importerte salt.

¹⁴⁰ Solhaug 1976: 615

¹⁴¹ Amtmannsmeldinga 1866-70: 44

¹⁴² Amtmannsmeldinga 1855-60: 15

¹⁴³ Amtmannsmeldinga 1860-65: 13

Etterkvart som lovverket opna for ei sterkare liberalisering av fiskehandelen, strøyma det også til med sørnorske oppkjøpsfartøy lasta med salt og ulike handelsvarer som tok til å kjøpe opp råfisk for klippfiskproduksjon både hos fiskaren direkte, men også hos handelsmennene. Fiskarane kunne dermed levere fisken direkte og konsentrere seg meir einssidig om sjølve fangsten, mens oppkjøparane tok seg av tilverkinga og føringa.

Slike moderniseringstendensar i produksjonslivet førte til at fiskarbonden i nokon grad fekk færre rollar å spele, og sjølv om kombinasjonsdrifta og tørrfiskproduksjonen heldt fram som før, blir han meir av ein spesialist både på sjøen og på land. Det vart meir tid til konsentrasjon om arbeidet både i jordbruket og heimefisket. Amtmannen rapporterte frå slutten av 1860-talet at stadig fleire fiskarar frå Finnmark deltok i vinterfisket og tok i bruk meir moderne metodar og reiskap.¹⁴⁴ Denne prosessen var kanskje den mest karakteristiske sida ved utviklinga av fiskaryrket på 1800-talet, i følgje fiskerihistorikaren Trygve Solhaug.¹⁴⁵ For fiskarbøndene betydde dette at dei fekk utvida marknadstilgang for råfisken sin, sjølvtilvirka tørrfisk og tran slik at dei no kunne drive meir intensivt fiske frå eigen båt, og halde fram som småprodusent for oppkjøparane og eksportørane i byen. Men dei fekk også betre høve til lønsarbeid både på land og til sjøs i delar av året, og tilgang på langt fleire handelsvarer enn dei før var vant med. På denne måten vart stadig større delar av befolkninga trekt inn i moderne økonomiske transaksjonar som heller vart styrt av internasjonale marknader og kapital enn behova for å oppretthalde den nødvendige minimumsbalansen mellom arbeid og utbytte som kjenneteiknar hushaldsøkonomien i tradisjonelle samfunn.

Mange flytta nok til byen frå landsoknet, og somme av dei emigrerte også vidare til Amerika, men dette medførte slett ikkje samanbrot for den tradisjonelle ressurstilpassinga i fiskarbondesamfunnet. Flytting til byen kunne naturlegvis ha bakgrunn i dårleg fiske. På byrjinga av 1860-talet var det dårlege år både i torskefisket og i sommerfisket etter sei i Vest-Finnmark, og i 1868 var særleg torskefisket i Hammerfest fogderi svært dårleg.¹⁴⁶ Men slike dårlege år gav seg ikkje umiddelbart utslag i utvandring frå landsoknet i følgje undersøkinga. Kombinasjonsdrifta gav fleire andre måtar å overleve på når fisket ikkje slo til eit år eller to.

Men det fanst også kulturelle sperrer mot det moderne industrisamfunnet i det tradisjonelle fiskarbondesamfunnet. Når det gjeld den økonomiske mentaliteten hos fiskarbonden i denne overgangstida, er det grunn til å registrere observasjonar av endring frå samtida. Brukt som levningar gjev mange av skildringane også eit godt innblikk i det synet

¹⁴⁴ Amtmannsmeldinga 1866-1870: 13

¹⁴⁵ Solhaug 1976: 616

¹⁴⁶ Amtmannsmeldinga 1860-1864: 10-12, se også Solhaug 1976: 322

den lokale eliten i samtida hadde på fiskarbonden Då prosten Fredrik Rode var sokneprest i Alta/Talvik og gjorde sine ”Optegner fra Finmarken” i perioden 1826-1834, observerte han at frihandelen hadde synt endring og framgang også når det gjaldt mentaliteten hos allmugen. Presten som elles var vitne til industrireisninga og den store kvenske innvandringa til Kåfjord, merka seg at folk var blitt meir driftige og aktive ettersom det ikkje lenger var likegyldig om man arbeidde mykje eller lite, skreiv han. Men likevel kunne han finne spor etter den gamle, sorglause og usjølvstendige haldninga hos mange fiskarar, som utan tanke på framtida levde på forskot frå handelsmannen og derfor fekk til vane å kjøpe alt dei trengte i staden for nøysamt å drive handverk og husflid.

I følgje amtmann Nannestad si analyse i amtmannsmeldinga frå 1861-1865, hadde mangelen på økonomi og nøysam livsstil hos fiskarallmugen samanheng med det lotteripreget som næringa hadde, og kunne - i følgje amtmannen - observerast ”overalt i Verden, hvor Penge i en Fart fortjenes i forholdsvis rikelig Maal”.¹⁴⁷ Når fisket slo til og gav gode fangstresultat med enkle fiskereiskapar som handsnøre og line, var det lite tanke på investeringar og forbetringar hos fiskarane. Lotten vart meir eit resultat av flaks enn flid og planlegging, og pengar tente på ein slik måte var derfor lett å sette over styr på drikk, kortspel og unyttig kram. Verre var det likevel at mange ikkje nytta seg av sjansen til å tene pengar på fisket, skriv amtmannen vidare,

*”men stanser paa Halvveien eller ophører at fiske, saasnt som de finder at have fortjent saa meget, at de kan klare seg til næste Fiske idet de finder, at det hermed kan være nok, hvorfor de ikkje heller bestiller Noget i Tiden fra det ene Fiske til det andet, men alene tærer paa hvad de har fortjent og ellers gaar ledig”.*¹⁴⁸

Ein slik økonomisk mentalitet var neppe det gruveselskapa i Michigan hadde behov hos dei lønsarbeidarane dei prøvde å rekruttere til industrien.

Det var ikkje uvanleg at embetsmenn på denne tida forklare fiskarmentaliteten ut frå den avhengigheita handleggjelda sette fiskaren i, og som medførte at han aldri fekk kontroll over det han produserte same kva han gjorde og korleis han levde. I dårlege tider gav kreditten nok til å overleve, i gode tider sette gjelda handelsmannen i stand til å bestemme prisane og skumme fløyten. På den måten verka systemet som ein bremse på sosial mobilitet som batt fiskaren til den tradisjonelle hushaldsøkonomien.

Embetsmenn som analyserte og rapporterte om den økonomisk utviklinga i landsdelen gav ofte uttrykk for ei negativ haldning til den tradisjonelle kombinasjonsdrifta, og gav ho mykje av skylda for dei dårlege livevilkåra hos allmugen. Anten vart det klaga på

¹⁴⁷ Amtmannsmeldinga 1861-65: 16

¹⁴⁸ Amtmannsmeldinga 1860-65:16

at fiskarbonden sette for mange kyr på båsen, slik at det medførte svelteforing og at han ikkje fekk tid at til å delta i sesongfisket, eller så vart det kritisert at fiskaren drog for ofte bort på fiske og synte for dårleg interesse for gardsdrifta. I forhold til dei driftige tilreisande fiskarane frå Nordland og Troms som låg på finnmarksfiske frå februar til midtsommar, og dei arbeidsame og hardføre kvenane som kunne dyrke jorda betre enn andre, var fiskarbonden i Finnmark ofte framstilt som passiv og resignert. Sjølv om ein naturlegvis innsåg den grunnleggjande rolla fisket spela i økonomien og dei vanskelege klimatiske forholda for jordbruk der fiskarane måtte bu for å drive havfiske, var det likevel ofte den fysiokratiske idealiseringa av jordbruket som prega normverket. At flytting, nomadisme og fleirsysteriet kunne vere nødvendig og rasjonell næringstilpassing i prestegjedet, finn ein lite forståing for i offisielle forteljande kjelder frå 1800-talet. Derimot vart det ofte rapportert frå amtmannen at kjøpmennene i Hammerfest var særdeles dyktige og økonomisk framsynte.

4.3 Mellom tradisjon og modernitet

Det var først og fremst kjøpmennene si interesse for å bygge og utruste skøyter til bankfiske, håkjerring- og selfangst som representerte det sterkaste endringa og moderniseringa av produksjonsforholda i Hammerfest. Sjølv om skøytefisket aldri blei utvikla så langt i vår periode at det for alvor kom til true fiskarallmugen sin kontroll over fangstleddet, så vart denne handelskapitalistiske satsinga eit viktig steg i utviklinga av eit moderne byfiske, initiert og drive av lokale entreprenørar. Storparten av fiskefangstane var det framleis det lokale og tilreisande "båtfolket" som leverte, medan ishavsfangsten heldt fram med å være dominert av den lokale handels- og sjømannsstanden. Mange av emigrantane frå Hammerfest hadde levebrødet sitt knytt til denne sjømannsnæringa, andre henta truleg berre pengar til amerikabilletten herfrå. Utviklinga av ein stor sjømannsstand var såleis ei viktig føresetnad for utvandringa frå Hammerfest.

Behovet for nye båttypar og bruksteknologi verka også til å kople Hammerfest til andre innovative fiskerimiljø lenger sør i landet, til dømes i Ålesund, der skøytefisket på Storegga og på bankane var i rask utvikling. Det var etter at svenske skøyter kom nordover for å delta på fisket på Storegga og seinare på Sunmørsbankane tidleg på 1860 talet at handelsmenn frå Ålesund tok til å kjøpe og utruste skøyter til bankfiske. Allereie i 1863 deltok det 19 ålesundskøyter i dette fisket.¹⁴⁹ Utover 1870-talet auka talet på skøyter til om lag hundre, då både norske svenske og franske skøyter deltok for fullt på vinter- eller og

¹⁴⁹ Solhaug 1976: 226

vårtorskafisket utanfor Ålesund. Med eit mannskap på 8-10 mann på kvar båt, utgjorde dei likevel ikkje meir enn vel 7 prosent av fiskarane på dette fisket i 1880.

Dei store dekksbåtane hadde større lastekapasitet, var betre rusta mot uvær og kunne operere i lengre periodar på sjøen. På den andre sida var dei kapitalkrevjande fartøya avhengige av større fangstar pr mann og meir intensiv og rasjonell drift. Lotten til fiskarane utgjorde neppe meir enn 30-40 prosent av fangstverdien etter at reieren hadde fått sitt for båt og reiskap. Eit slikt fiske kravde større kapitalinvesteringar og eit mannskap som i større grad hadde fiske som hovudyrke. Fisket som i all tid hadde vore ei bygdenæring der fiskarbonden alt etter sesong og årstid pendla mellom å drive havet og jordbruket, vart no også ei bynæring der byborgarskapet tok eit sterkare grep om alle ledd i verdiskaping. Handelsmennene på land fekk også nye rollar i næringa. Ikkje berre heldt dei fram som utreiar for fiskarane, oppkjøpar, tilverkar og eksportør av fangstane, men dei fekk jamvel større kontroll over sjølve fangsten på havet. Motsetjinga mellom arbeid og kapital i fiskerinæringa vart såleis kraftig tilspissa. Ei svekking av kontrollen over fangsten og omsetjinga av råfisken var for fiskarbonden det same som å miste makt i fiskeriet. Skøytefiskarane vart derfor naturlegvis oppfatta som konkurrentar, særleg på Sunnmøre. Dessutan representerte dei ein farleg trussel mot den tradisjonelle næringstilpassinga i fiskeriområda som langt på veg var tufta på kombinasjonsbruk og naturalhushald.

I Hammerfest var det ikkje konkurransen med båtfolket som stimulerte kjøpmennene til å investere i skøytefisket, og fisket var heller ikkje så konsentrert i Finnmark at det førte til vesentlege brukskonfliktar mellom skøyter og opne båtar. Først og fremst var det den store og relativt lite utnyttta ressursen av håkjerring på bankane som freista investorane, men også at eit slikt sommarfiske var attraktivt nok til å lokke dyktige sesongfiskarar sørfrå til byen. På den måten vart konkurransen om mannskap med det tradisjonelle sommarfisket og ishavsfangsten, som gjekk føre seg samstundes, mindre problematisk. Skøytene var ikkje sett inn for å rasjonalisere det tradisjonelle fiskerisystemet, som var basert på små og opne seglbåtar, og som truleg var konkurransedyktige i fisket langs kysten i heile fram til motoriseringa av fiskeflåten vart gjennomført på 1900-talet. Dei var heller retta mot kjente ressursar som i liten grad var tatt i bruk fordi dei låg utanfor rekkevidda til dei opne båtan. Men også endringar i ressurstilgangen og i konjunkturane spela ei rolle. Investeringane i fartøy til fiske på bankane og i fjernare farvatn kunne såleis vere motivert ut frå krisetendensar som gjorde tradisjonelle investeringar tvilsame for handelsborgarane. Måtte ein langt til havs for hente fangst, eller drive oppkjøp på fangstfelt, var det nødvendig med større båtar.

På 1860-talet svikta vårtorskefisket i Vest-Finnmark fleire år på rad. Dessutan stagnerte den tradisjonelle tørrfiskhandelen, medan den meir dynamiske klippfisknæringa pressa opp prisane på råfisk, slik at det kunne synast risikabelt å sette kapital i tørrfiskproduksjon. Det var derfor grunn til vere varsam og sjå seg om etter fleire områder å satse på der ein kunne halde fram med å dra nytte av dei konkurransefordelane nærleiken til naturressursane gav.¹⁵⁰ Etterkvart som vinter- og vårfisket flytta seg austover i fylket, kom det godt med at fiskekjøparane i Hammerfest kunne utruste oppkjøpsskuter og hente fisken der han blei fanga. På den måten gjorde flåten av større fartøy det mogleg for næringslivet i byen å tilpasse seg naturlege endringar i ressurstilgangen. På det meste kunne opptil om lag 30 skuter frå byen delta som oppkjøpsfartøy under loddetorskefisket.¹⁵¹ Dette gav hyre til sjøfolk, men også råstoff til fiskeproduksjonen i byen. Slike økonomiske svingingar er det uråd å sjå noko verknad av i utvadringa frå Hammerfest.

Men investeringar i større havgåande dekkfartøy og utrusting av skuter for fiske og ishavsfangst var i høgaste grad økonomisk risikabelt. Utbyttet var ikkje berre avhengig av rike naturressursar og tilgangen på dyktige sjøfolk, men også flaks med vær og bør. Slike vilkår hadde handelsfolket i Hammerfest lang erfaring med å takle. Det kunne derimot vere langt vanskelegare å skaffe lån og kapital til investeringar i den nordlege landsdelen, særleg på den innanlandske pengemarknaden. Det går derfor stadig att i amtmannen sine økonomiske femårsmeldingar at kapitalmangelen var ein vesentleg bremsekloss for utviklinga av næringslivet i ishavsbyen.

Framveksten og moderniseringa av næringslivet i Hammerfest på 1800-talet og dei verknadene det fekk for byfolket både materielt og mentalt, kan neppe forståast utan omsyn til dei mange heimlege og utanlandske aktørane som på ulike måtar samspela, konkurrerte eller hadde høve til å gripe inn som viktige premissleverandørar overfor det lokale næringslivet. For handelsverksemda i Hammerfest var det utanom staten og dei politiske styresmaktene, særleg to ulike internasjonale handelsnettverk som spela ei sentral rolle for utviklinga i byen, nemleg dei *hamburgske handelshusa* og dei *nordrussiske pomorane*.¹⁵² På kvar sin måte gav dei byen to uavhengige bein å stå på, samstundes som dei gjorde Hammerfest til ein internasjonal hamneby og ein møteplass for den tradisjonelle bytehandelen frå aust og den kapitalistiske marknadsøkonomien som ekspanderte i vest. Men som bru hovud i nord for den økonomiske og teknologiske utviklinga utanfor landets grenser,

¹⁵⁰ Sivertsen 1973: 91

¹⁵¹ Solhaug 1976: 322

¹⁵² Sivertsen 1973: 39

vart næringslivet i byen også utan tvil sårbart for europeisk storkapital og internasjonale konjunkturar og kriser. Den økonomiske og mentale innverknaden desse og andre mindre handelspartnarar fekk på dei ulike sosiale gruppene i byen, folks tankemåte og identitet kan ein heller ikkje sjå bort frå når ein skal studere moderniseringa i byen, flyttekultur og utvandringa til Amerika.

Allereie tidleg på 1820-talet var kontakten med København frå den dansk-norske einevaldstida med monopolhandel og overgang til frihandel i praksis brote. Då næringslivet i byen etter unionsoppløysinga og napoleonskrigen tok til å skyte fart etter fleire tiår med stagnasjon, ufred og naud, var det hos store handelshus i Hamburg dei lokale fiskeeksportørane skaffa seg kreditt. Her fekk dei òg tilgang til den europeiske marknaden for sine fiske- og fangstprodukt. Det aller meste av fisk, tran og andre eksportprodukt utskipa frå Hammerfest til Europa, vart seld gjennom Hamburg. På same vis vart storparten av importerte varer til Hammerfest frå ulike europeiske land kanalisert gjennom dei same hamburgske handelshusa. Dette sette sjølvstekt klare rammer for utviklingsvilkåra til næringslivet i byen, og gav Hamburg stor økonomisk makt i Hammerfest. Frå 1850-talet då pengar kom i meir vanleg bruk i handelen i Nord-Noreg, vart det derfor stadig retta krav til styresmaktene om lokal finansinstitusjon og tilgang på kapital frå handelsstanden i byen. Men bortsett frå den lokale sparebanken frå 1848, og ein statleg lånekommissjon oppretta i samband med den internasjonale krisa under Krimkrigen, var det hos dei privat handelshusa i Hamburg - og seinare også i Trondheim og Bergen - kjøpmennene måtte hente lån og kreditt. Først i 1909 fekk byen eiga avdeling av Noregs Bank. Den vanskelege finanssituasjonen i byen hadde då gjennom heile hundreåret verka som ei bremse på utviklinga og moderniseringa i byen, og gav næringslivet små marginar når økonomiske nedgangstider oppstod på 1870- og 1880-talet. I så måte kan den vanskelege kapitaltilgangen for handelsborgarane, bidra til å forklare den sterke utvandringa frå byen i denne perioden.

Den nære kontakten med Hamburg var utan tvil viktig for utviklinga av næringslivet, og sette truleg sterk preg på bybiletet og byfolket sin livsstil og mentalitet, særleg etter at det faste dampskipssambandet vart opna mellom Hammerfest og Hamburg. Handelsborgarar frå byen var ofte på lange utanlandsreiser og tok med seg heim idear og inntrykk. Kan hende er dette den viktigaste forklaringa på at byen, til dømes, fekk det første vassdrive kommunale elektrisitetsverket i landet i 1891. Som pionerar både i norsk og europeisk samanheng kunne

dermed byfolket spasere vinterstid i opplyste gater med straum frå egne fornybare ressursar.¹⁵³

Fleire tilreisande observatørar let seg forundre av mangfaldet og dei internasjonale urbane draga ein kunne finne hos dei kondisjonerte i verdas nordlegaste by. Han som gjev oss den mest inngåande skildringa av einskildmenneske, folkeliv og livsvilkår i Hammerfest før 1850 er den engelske skribenten Arthur de Capell Brooke, som overvintra i byen på sin ferd langs kysten av Nord-Noreg i 1820. Seinare, i 1827, gav han ut ei illustrert reiseskildring *A Winter in Lapland and Sveeden*, der han mellom anna skildra dagleglivet og det sosiale samkvemmet mellom handelsaristokratiet i Vest-Finnmark. Frå ein ståstad som gjest hos nokre av den mektigaste kjøpmennene i byen - J. R. Crowe og C. L. Buck - gjev han oss eit nærgåande bilete av ein liten, paternalistisk overklasse med sans for det gode liv. I følgje engelskmannen stod kjøpmennene i Hammerfest på ingen måte tilbake når det gjaldt å samle seg til selskap med punsj, utsøkte matrettar og omgangsformar som var på mote hos dei kondisjonerte elles i Europa på denne tida. Ikkje minst kvinnene og konene til kjøpmennene gjorde sterkt inntrykk på den einslege langvegsfarande gjesten. Ettersom det var vanskeleg å skaffe kvalifiserte tenestefolk til mange av oppgåvene i handelshusa i Finnmark, måtte kjøpmannskonene sjølve ta seg av mange av oppgåvene med å oppvarte gjester ved selskaplege høve. Trass i dette var dei høgst elegante og velkledde med kostbare klede og smykke frå England og Bremen som ektemennene deira hadde skaffa dei i bytte med tørrfisk og tran.¹⁵⁴ Kontakten med utlandet var stor, og innslaget av framande handelsfartøy i hamna om sommaren gjorde sterkt inntrykk, ikkje minst dei mange russiske handelsfartøya som var eit fast innslag og gav bybiletet om sommaren eit eksotisk og fleirkulturelt preg.

4.4 Pomorhandelen

Så snart Dvina gjekk opp og utløpet frå Kvitsjøen var isfri om våren, kom russiske handelsfartøy seglande til Finnmark lasta med kornvarer og mange slags handelsvarer som folk trengte til fiskereiskap, byggemateriale og elles i hushaldet. Dessutan hadde dei med seg salt for tilverkinga av sei og andre fiskeslag som dei bytta til seg direkte frå fiskarane eller med den lokale kjøpmannen som mellommann. I Hammerfest kjøpte dei også tørrfisk, skinn og ulike importerte handelsvarer. Denne handelen med russarane frå Kvitesjøen – eller pomorane som dei vart kalla - var av gamal dato, og svært viktig for næringslivet og ressurstilpassinga langs kysten i Nord-Noreg, både i by og bygd. Aller mest gjaldt dette i

¹⁵³ Iversen 1991: 7f

¹⁵⁴ Capell Brooke (1827) 1936: 40-41

Finnmark der - i følgje amtmann Holmboe – "...Sommerfisket i Forbindelse med Russehandelen netop [er] det Agerbrug, hvorved den [Befolkninga] lettest og sikrest forskaffer sig sit Kornforraad for Vinteren".¹⁵⁵ Hammerfest var eit hovudområde for sommarfisket i Finnmark og såleis også ei sentral hamn for pomorhandelen i Vest-Finnmark.

Sjølv om russehandelen under monopoltida i prinsippet var ulovleg, og sterkt regulert utover 1800-talet, var det ikkje fritt for at styresmaktene innsåg betydninga av han, og handheva reglane liberalt. Handelen vart såleis oppmuntra frå styresmaktene på begge sida av grensa, og heller lite strengt kontrollert. Særleg frå norsk side var det gunstig at dei nordlegaste områda vart forsynt med mjøl til rimeleg pris, noko som kunne vere vanskeleg å få til på anna måte. Vidare var det fordelaktig at russarane kjøpe fisk i makketida, då det elles var uråd å henge fisk på grunn av sommarvarmen. Ikkje minst når internasjonale kriser ramma landet synte byttehandelen med russarane si betydning i Finnmark. Under den engelske blokaden naudsåret 1809, då korntilførselen frå Danmark stoppa opp og mange fekk oppleve *barkebrødtid sørpå*, var det livsviktig for finnmarkingane at ein kunne få mjøl i bytte for fisk frå Nordvest-Russland. Dette gjorde at folketalet i Finnmark heldt seg betre enn i nabofylka og resten av landet.¹⁵⁶ Derimot vart krisa trugande i Finnmark då Krimkrigen på midten av 1850-talet medførte at pomorskutene så å seie vart borte frå kysten eit par år. Trass i godt fiske, måtte staten gripe inn med å lempe på blokadereglane mot russiske fartøy og løyve lånemiddel for å hindre rein naud i einskilde kommunar lengst nord i landet. Den gongen var det Finnmark som kom verst ut. "Senjen og Tromsø Fogderi maatte lide mindre under Hvidesjøens Spærring, end det egentlige Finnmark, hvor Makketidshandelen ogsaa forøvrigt har en langt anden og dybere indgribende betydning" skreiv amtmannen i 1855.¹⁵⁷

Med gjennomføringa av frihandelen vart også handelen med dei russiske pomorane innanfor visse rammer legalisert, og stadig liberalisert utover 1800-talet. Russarane skulle kunne handle i makketida, som først var definert til perioden 15. juli til 15. august, men ofte endra til han i 1874 tilslutt blei utvida til perioden 15. juni til 30. september. For fiskarallmugen virka det sjølv sagt gunstig at dei fekk utvida høve til å handle direkte med russarane, og at det fanst fleire konkurrerande kjøparar som etterspurte fisk, særleg i sommarperioden når lokale handelsmenn ikkje alltid ville kjøpe råfisk. Her var det i stor grad reine marknadsmekanismar som rådde, og dette gav småfiskarane stor marknadsmakt.

¹⁵⁵ Amtmannsmeldinga 1866-70:22

¹⁵⁶ Niemi 1992: 14-15

¹⁵⁷ Amtmann 1851-55: 26

Men også for dei fastbuande fiskehandlarane som kanskje såg med ein viss skepsis på den stadige utvidinga av russehandelen, var pomorhandelen meir ein stimulans enn ein konkurrent i handelen. Rett nok representerte ikkje tuskhandelen ute i fiskeværa det moderne framskrittet akkurat, og den gamalmodige byttehandelen etterlet seg heller ikkje pengar eller kjøpekraft som kunne stimulere den lokale varehandelen. Mange av varene folk skaffa seg på russeskøytene, var også til sals hos den lokale kjøpmannen. På den måten kanaliserte russehandelen ein betydeleg del av varehandelen utanom byen, og virka mest til å vedlikehalde det gamle økonomiske systemet, særleg blant det samiske folket. På den andre sida leverte russarane kjøpmennene billig mjøl og andre handelsvarer, og dei vart storkjøparar av saltfisk og fiskeprodukt frå sommarfisket som det ikkje var lett å få seld andre stader. Men etterkvart som reguleringa av pomorhandelen vart liberalisert, meldte også russiske oppkjøparar si interesse for norsk fisk under vintertorskefisket, og særleg for tørrfisk då den vart ei lovleg handelsvare i pomorhandelen frå 1882. Til dømes har Trygve Solhaug kome fram til at om lag 1-2 prosent av den totale fangsten av loddetorsk og skrei i Finnmark på 1870-talet vart selde til russarane.¹⁵⁸ Frå Hammerfest var det først og fremst tørrfisk av råskjær, salta sei og skinn frå ishavsfangsten som vart eksportert austover. Tal viser også at Hammerfest i perioden 1836-1840 aleine stod for om lag 50 prosent av norsk saltfiskeksport så å seie berre på grunn av russehandelen.¹⁵⁹ Det er derfor ikkje rart at formannskapet i Hammerfest gjekk sterkt i mot alt som kunne svekke russehandelen generelt.¹⁶⁰

Mangel på pålitelege kjelder har gjort det vanskeleg for historikarane å fastslå omfanget av russehandelen, ettersom russeskutene ofte braut reglane for tollklarering og dermed gjorde det vanskeleg for tollarar og offentlege tenestemenn å kontrollere og dokumentere trafikken. Dessutan er både russisk og norsk statistikk frå denne tida ofte av dårleg kvalitet. I Capell Brooke sine reiseskildringar frå 1820-talet, fortel han at det kunne komme opp til 500 russelodjer vestover om våren, som årleg tok med seg omlag 100 000 våger fisk til Russland.¹⁶¹ I følgje ein tollkommisjonen frå 1844, som fekk i oppdrag å hente inn detaljerte opplysningar, deltok det årleg i gjennomsnitt 347 russiske fartøy i handelen på det tidspunktet.¹⁶² Dette stemmer godt med tal som Niemi har kome fram til basert på russiske anløp i norske hamner. Han reknar med at det kom om lag 300-350 pomorskuter

¹⁵⁸ Solhaug 1976: 323

¹⁵⁹ Solhaug 1976: 623

¹⁶⁰ Solhaug 1976: 259

¹⁶¹ Capell Brookes (1827) 1936: 78

¹⁶² Solhaug 1976: 253

årleg til Noreg omkring 1840, og i gjennomsnitt 290 frå 1870 til 1890.¹⁶³ I boka om Hammerfest si historie, skriv Jørgen Sivertsen at det var ikkje uvanleg at 70-80 av desse vart innklarerte til Hammerfest.

Nyare forskning har kome fram til at byttehandelen med russarane utgjorde minst mellom ein tredel og halvparten av utbyttet frå det rike sommarfisket i perioden fram mot hundreårsskiftet. Dette utgjer om lag mellom tre og fem prosent av den norske handelen med Russland, og ein tredels prosent av den totale norske utanrikshandelen.¹⁶⁴ Men ettersom pomorhandelen ikkje berre kan avgrensast til byttehandel og sommarfisket, men også gjekk føre seg som kontanthandel med fleire økonomiske biverknader, har ein kome fram til at pomorhandelen kan ha hatt enda større betydning, og kanskje utgjort om lag ein prosent av norsk samla utanrikshandel. Det betyr meir enn fem prosent av norsk import frå Russland og opp til to tredelar av total norsk eksport til Russland.¹⁶⁵

Frå omkring midten av hundreåret då det vart stadig meir vanleg at kjøpmennene i Hammerfest sjølve tok til å importere mjøl direkte frå Arkangelsk og betalte med vekslar på Hamburg, får vi eit betre bilete av volumet på handelen. Til dømes hadde dei 73 skøytene som kom til byen i 1865, med seg om lag 3000 tonn mjøl, medan mjølimporten ikkje utgjorde meir enn vel 200 tonn i 1913.¹⁶⁶ I perioden 1874-78 er det rekna ut at om lag 97 prosent av all rugmjølet til Finnmark og Troms kom frå Russland.¹⁶⁷ Etterkvart som amerikansk korn i full mon kom inn på den internasjonale marknaden, var det også betre tilgang på mjøl sørfrå. Frå 1870-talet var derfor ikkje russemjøl lenger eit livsvilkår for folk nordpå, men likevel tok handelen seg opp etter hundreårsskiftet og fram til den russiske revolusjonen i 1917, delvis som tuskhandel i landsokna, men også meir og meir som ein pengebaserert eksporthandel i byane.

Før 1850 var det, som vi har sett, ikkje noko som kunne erstatte russehandelen i dei nordlegaste delane av landet, og det vert heller vanskeleg å tenkje seg Finnmark som ein *frontier* på nordkalotten utan denne særleine handelen. Liberaliseringa av pomorhandelen var eit grunnleggande vilkår for utviklinga av det ekspanderande sommarfisket, som var så viktig for den særleine ressurstilpassinga i fiskarbondesystemet og tilflyttinga til Finnmark. Tuskhandelen med russarane verka såleis til å bremse utvandringa til Amerika - særleg i landdistrikta - ved at han gjorde det mogleg for mange å brødfø seg på tradisjonelt vis,

¹⁶³ Niemi 1992: 17

¹⁶⁴ Mauseth 1997: 487

¹⁶⁵ Mauseth 1997: 509

¹⁶⁶ Sivertsen 1973: 103

¹⁶⁷ NOU 1994/21: 114

relativt laust knytt til den moderne nasjonale marknadsøkonomien. Samstundes stimulerte pormorhandelen krambu- og eksportnæringa i byane og gav arbeid og levebrød til mange både på land og sjø i dei hektiske sommarmånadene pomorane vitja byen. På den måten verka handelen truleg som ein *pull*-faktor for mange *nordfararar* som drog til Finnmark på sesongfiske, men også for arbeidsfolk frå nær og fjernt som søkte til byens travle arbeidsliv om sommaren.

Om flyttekulturen i Hammerfest vart stimulert av høg mobilitet, impulsar frå framande kulturar og eit internasjonalt miljø, må det sterke innslaget av russarar i byen om sommaren ha hatt god verknad. I følgje eit minne frå denne tida kunne det hende at det på ein dag var opptil 2-300 russeskuter og mange hundre fiskebåtar i hamna. På slike dagar kunne byen få ein tilvekst på 6-7000 menneske i tillegg til dei om lag 3500 som elles budde der.¹⁶⁸ Ofte vart pomorane skildra på ein positiv måte og med stor interesse av skriveføre gjestar i byen på 1800-talet. Store folkemengder og marknadsstemning med handel og pruting på russenorsk, framandarta musikk og religionsutøving gjorde Hammerfest til ein hovudstad i Vest-Finnmark både når det gjaldt handel og framand kultur.

4.5 Håkjerringfisket og tranproduksjon

Håkjerringfisket gjekk føre seg på bankane i perioden mellom april og september. Det var verdien av levera som gjorde dette fisket interessant. Håkjerringa som er ein haifisk med storleik som ein småkval, vart tatt på line eller fiska med djupsagn. Kvar fisk kan gje opptil to tønner lever, men ressursen hadde i heller liten grad blitt utnytta kommersielt. Så lenge fisket gjekk føre seg frå opne nordlandsbåtar, var fisket lite effektivt og svært risikabelt, både fordi fisken kunne gjere skade eller dra med seg båten langt til havs, men også fordi fisket måtte gå føre seg minst 3-4 mil frå land. Men då førekomsten av håkjerring auka utover 1840-talet på bankane utanfor Finnmarkskysten, vart det sett i gang eit fiske etter håkjerring som skulle få stor betydning for utviklinga av byen og næringslivet i Hammerfest, både når det gjaldt folketalsutvikling og byen sin framtidige status som handels- og ishavsby.

Skulle håkjerringfisket verte effektivt måtte det setjast inn risikovillig kapital til utrustning av større dekkfartøy som kunne tåle langvarig fiske på opent hav med dei værforholda som rådde på bankane. Hammerfest hadde ein gunstig nærleik til dei kjente fiskebankane utanfor Sørøya der håkjerringfisket var utprøvd. Men ennå viktigare var det at det fanst handelsmenn i byen med tilgang på kapital som var i stand til å sjå mulighetene,

¹⁶⁸ Richter Hansen 1977: 7

utruste fartøy, hyre mannskap og setje i gang fisket. Dessutan måtte tranproduksjonen på land og fiskereiskapen vidareutviklast og dimensjonerast til større fangstvolum. På fiskerimessa i Tromsø i 1870 kunne såleis fleire gründarar frå Hammerfest ta heim premie for nybrottsarbeid på feltet; konsulane J. Berge og Finchelhagen for nyutvikling av tranprodukt frå lever og spekk til konsum, og smedmeister Hegbom for konstruksjon av eit håkjerringspel som gjorde det enklare å handtere stor fisk og tung fiskereiskap.¹⁶⁹ På den måten verka næringa til modernisering, men framfor alt til å auke arbeidsmarknaden i byen både til sjøs og på land.

I 1840 vart det første interessentskapet etablert med tilstrekkeleg aksjekapital til å kjøpe inn to dekkfartøy frå vestlandet og utruste dei for fangst. Fisket starta med så godt resultat at flåten vart utvida til fem fartøy allereie året etter, og fleire kom med både frå Tromsø og Alta. Optimismen var stor, særleg under oppgangskonjunkturen i Europa etter Krimkrigen då både prisen og etterspurnaden på tran auka samstundes. Tran var ei stor og verdfull eksportvare som på landsbasis utgjorde like stor verdi som tørrfisken, og 1/3 av den samla eksportverdien av tørrfisk og klippfisk i perioden 1866-1880.¹⁷⁰ Berre i Hammerfest og i nærleiken av byen var der i femårsperioden 1866-1870 til saman 8 tranfabrikkar med om lag 60 tilsette som årleg produsert rundt 14 000 tønner tran av ulike kvalitetar. I denne næringa hadde kvenske arbeidarar ein særeigen posisjon. Dei aller fleste registrert med yrkestittelen tranbrennar i folketeljingar og kyrkjebøker frå Hammerfest var kvenar, og fleire av dei drog seinare som emigrantar til Amerika.¹⁷¹

Sjølv om fangstresultata i håkjerringfisket i dei følgjande åra ikkje stod til forventningane - blant anna som følgje av at tran til mange formål vart erstatta av andre mineralske oljeprodukt, og bestanden av håkjerring vart redusert - auka flåten og næringa jamt og trutt til eit høgdepunkt på slutten av 1860-talet. På topp vart det produsert om lag 7500 tønner håkjerringlever kvart år i Finnmark og Troms, noko som representerte ein fangstverdi på om lag 216 000 kr. Over 63 prosent av dette utbyttet gjekk til aktørane i Hammerfest.¹⁷² I desse åra fekk dei faktisk større bruttoutbyttet av håkjerringfangsten enn av ishavsfangsten. Frå tidleg på 1850- talet til Krimkrigen steig prisen på tran på den europeiske marknaden frå om lag 13-14 spd. til over 20 spd. pr. tønne. Dette førte truleg til rovfiske

¹⁶⁹ Amtmannsmeldinga 1866-70: 25-26

¹⁷⁰ Solhaug 1976: 624

¹⁷¹ Sivertsen 1973: 47, og eigen database.

¹⁷² Solhaug 1976: 307, se også Sivertsen 1973: 91

etter håkjerring på bankane. Deretter sank både prisar og fangst kraftig utover 1870-åra, og næringa gjekk rask nedover.¹⁷³

Denne tilbakegangen i traneksporten ramma nok Hammerfest langt sterkare enn andre fiskeribyar, ettersom Hammerfest heile tida var den leiande byen i næringa og dermed var blitt relativt avhengig av ho. Det er derfor ikkje usannsynleg at nedgangen sette eit negativt preg på arbeidslivet i byen som kunne stimulere til flytting og utvandring blant folk som hadde levebrødet sitt knytt til lottfiske og tranproduksjon. Nedgangen i næringa fell så å seie saman med den mest intensive utvandringa frå Hammerfest. På den andre sida fanst det alternativ sysselsetting for gode sjøfolk i byen, og dessutan var mange av mannskapa på håkjerringskutene *nordfararar* - særleg frå Helgeland - som også hadde båtiske som yrke.

Under oppturen i håkjerringfisket hadde det etterkvart vakse fram ei sterk gruppe av reiarar som i alt eigde 36 håkjerringfartøy i 1867, med ein gjennomsnittleg drektigheit på 13 kommerselester, eller om lag 27 netto registertonn. Denne flåten med ulike fartøy og besetning trengte eit mannskap på 223 mann, som i sin tur gav arbeid til bøkkarar, tømmermenn og tranbrennarar etc, og la grunnlag for handelsverksemd og stor tilflytting til byen. På ulike måtar representerte denne utviklinga ei betydeleg modernisering som på sett og vis føregreip den utviklinga fiskerinæringa langt seinare fekk gjennomgå, då trålarsselskap og filetprodusentar for alvor tok over med industriproduksjon og vertikalintegrasjon i det tjuande hundreåret. Håkjerringfisket vart for det første ei rein bybasert fiskerinæring der det lokale handelsborgarskapet kunne investere delar av overskotet frå handelen med fiskeprodukt tilbake til produksjonen. I stor grad medførte dette at dei fekk kontroll over både fangstleddet, industriproduksjonen på land og handelen med dei ferdige produkta. For det andre vart fiskarane gjort til lottfiskarar eller lønsarbeidarar utan kontroll korkje med ressursane eller korleis fisket skulle drivast. Dessutan gav erfaringane og resultata frå håkjerringfisket truleg visjonar om at også andre delar fiskerinæringa kunne verte organisert etter den same lesten. På denne måten verka håkjerringfisket dessutan inn på strukturen i fiskerinæringa elles.

Sjølv om det aller meste av fiskefangstane i Finnmark framleis var knytt til tradisjonell kystfiske frå opne båtar, kan vi allereie frå slutten av 1860-talet høyre om storstilte forsøk på polarfiske på Spitsbergen og Bjørnøya der opptil 16 store dekkfartøy frå Hammerfest deltok.¹⁷⁴ Dette var båtar som truleg var tatt ut av håkjerringfisket då utbyttet av fisket vart redusert som følgje av eit kortvarig prisfall på tran i 1868, samstundes som

¹⁷³ Solhaug 1976: 239

¹⁷⁴ Solhaug 1976: 242

torskfangstane i fjerne farvatn tok seg opp.¹⁷⁵ Ein slik fiskeflåte må ha gitt sesongarbeid og mannskapslott til minst 150 mann. På slutten av 1870-åra då både kystfisket og bankfisket etter håkjerring gjekk sterkt tilbake, deltok eit titals skuter frå Hammerfest nokre år på torskefiske i farvatna rundt Svalbard og på sildefiske utanfor Island, men dette skøytefisket fekk lite å seie økonomisk og tok derfor snart slutt.¹⁷⁶ Skuter som ikkje vart brukt til fiske og fangst kunne også nyttast som oppkjøpsfartøy i dei fiskeværa der loddetorskfisket slo til. I perioden 1867 – 1880 då storparten av fisket gjekk føre seg i Aust-Finnmark, hadde Hammerfest i gjennomsnitt 20 skuter kvar år i slik fart mellom byen og fiskefelta.¹⁷⁷ Også dette gav arbeidsplassar og trakk til seg sjøfolk på jakt etter hyre.

Fisket med dekkfartøy vart aldri nokon stor del av fiskerinæringa i Finnmark på 1800-talet. Likevel kan verksemda illustrere ein viss innovativ og dynamisk mentalitet som var tilstades og gjorde Hammerfest meir til eit innflyttingsområde enn eit emigrasjonsområde. Byen vart såleis ikkje berre sentrum for ei viktig eksportnæring som gav arbeid og pengeinntekter til mange, men også eit næringslivsmiljø som kunne stimulere til høg arbeidarmobilitet og modernisering av ei fiskerinæring som også omfatta havfiske på kystbankane. At denne tendensen til modernisering også fall i smak hos styresmaktene gjev amtmann Holmboe eit døme på når han skriv at ”...Handelsstanden i Hammerfest, som udmerker seg ved rastløs Virksomhed, har ikkje derved ladet sig afholde fra, under de gode Priser paa Fiskeprodukterne paa de udenlandske Markeder, at drage den størst mulige Fordel af de rige Fiskerier inden Amtets Grændser uden Hensyn til Afstand.

4.6 Ishavsfangst

Ishavsfangst er ei gamal og tradisjonsrik næring i Nord-Noreg, der Hammerfest heilt frå starten av spela ei sentral rolle. Alt på slutten av 1700-talet hadde handelsbrørne Buck utrusta fartøy med russarar som kjentmenn for ekspedisjonar til Bjørnøya og Spitsbergen. Men det var først frå 1820-åra at det blei fart i trafikken, og ishavsfangsten blei eit fast og dominerande innslag i byens næringsliv. Allereie frå denne pionertida var næringa prega av eit sterkt utanlandsk innslag. Fleire av dei som klarerte ut for Ishavet frå Hammerfest tollstad, var skipparar på skuter frå Bremen, Hamburg og London. Men frå 1824 kom for alvor kjøpmennene i Hammerfest med i ishavsfangsten, og fleire av dei investerte i eigne fartøy og hyra eigne mannskap. Amtmannen kunne såleis slå fast i femårsmelding si frå 1830-34 at

¹⁷⁵ Solhaug 1976: 627

¹⁷⁶ Sivertsen 1973: 98

¹⁷⁷ Solhaug 1976: 322

”[U]dbyttet av Ishavsfangsten er unægtelig det, som især har bidraget til Hammerfests Opkomst”.¹⁷⁸

Ofte var korkje skutene, utstyret eller den kunnskapen dei baserte ekspedisjonane på tilstrekkelege for dei forholda fangstmennene møtte på Ishavet. Mange forlis, dramatiske situasjonar, lange turar og varierende fangstresultat verka heller ikkje vidare tiltrekkjande på arbeidsfolk som kunne velje alternativ sysselsetting på land eller på sommarfisket. På tjuve år frå 1844 til 1864 forliste 11 fangstskuter frå Hammerfest og 10 frå Tromsø på Ishavet.¹⁷⁹

I byrjinga var det særleg kvalross på fangstfeltet rundt Bjørnøya og Spitsbergen som var fanga, seinare vart også kvitfisk, selhund og isbjørn viktige fangstdyr. Kvalrosskinn var særleg egna til maskinreimer, og spekket vart ei viktig ressurs i tran- og fettproduksjonen, derfor auka etterspurnaden etter slike ishavsprodukt på den europeiske marknaden etterkvart som industriproduksjonen ekspanderte. Dei meir eksklusive varene som til dømes edderdun, isbjørnskinn og kvalrossstener var det heller aldri vanskeleg å få omsett til god pris. Men ressurstilgangen i dei ”nære farvatn var avgrensa, og etterkvart måtte fangstfolka søke til nye og ukjente områder i Vestisen, dra ut på lengre turar og utsetje seg for stadig større risiko for å unngå bomtur. Trass i at kjøpmennene i Hammerfest på ulike måtar prøvde å presse og stimulere fangstmanskapa til kappelyst og tevling, mellom anna ved å utlove pengepremie til dei som kom heim med størst fangst, stagnerte næringa.¹⁸⁰

I løpet av 1840-åra tok fangsten seg opp att og det vart årleg utrusta 5 fartøy til fangst i Nordishavet frå Hammerfest. Dette talet vart meir enn dobla i tiåret etter. Ikkje berre vart fangstane større, men næringa fekk også i denne perioden større tilgang på ledig arbeidskraft. På grunn av stagnasjon ved koparverket i Kåfjord, søkte mange av verksarbeidarane seg til byen som dagarbeidarar, ishavsfolk, eller handverkarar. Mange av desse var kvenar som i staden for å utvandre til Amerika, slo seg ned i Hammerfest. Dei representerte eit nytt innslag i bybiletet og eit kjærkomen tilskot i arbeidslivet, særleg på fangstskutene og i tranproduksjonen. Desse kom i tillegg til dei kvenane som frå før var busette i landsoknet, og kvar vår kom til byen for å konkurrere på arbeidsmarknaden med norske arbeidsfolk. Stadig fleire i byen fekk levebrødet sitt frå ishavsfangsten og behovet for dyktige fangstfolk auka. I 1860 skreiv amtmannen at ”Spitsbergfarten er intetsteds af den Betydenhed som frå Hammerfest”¹⁸¹

¹⁷⁸ Amtmann 1830-35: 334

¹⁷⁹ Sivertsen 1973: 94

¹⁸⁰ Sivertsen 1939, 8.7: notat ”Noen ord om den første ishavsfangsten fra Hammerfest”, Tromsø

¹⁸¹ Amtmannsmeldinga 1855-60: 14

Tabell 15. Årleg gj. snitt av fangstfartøy og mannskap frå Hammerfest 1866-1915

År	Antall fartøy		Mannskap	
	Ishavsf.	Håkj.	Ishavsf.	Håkj.
1866-70	22	35	218	202
1871-75	21	23	221	142
1876-80	15	12	146	57
1881-85	12	12	115	69
1886-90	24	7	237	38
1891-95	23	5	228	28
1901-05	28		281	
1906-10	33		343	
1911-15	27		277	

Kjelde: amtmannsmeldingar 1866-1915, Sivertsen, J 1973

Den mest dramatiske veksten i fangstnæringa kom etter 1867, då fangstområda vart utvida til området aust til Frans Josefs Land, Novaja Semlja og inn i Karahavet. I desse åra blei det i gjennomsnitt kvart år utrusta ein flåte på 22 fartøy kvar med eit mannskap på om lag 10 fangstmenn. I 1869 deltok det tildømes 27 skuter med til saman 268 mann.¹⁸² Desse førte store verdiar til byen og gjorde Hammerfest-firma - som til dømes Finckenhagen, Aagaard & Søn, Feddersen & Nissen og Joh. Berger - til storaktør i ishavsfangsten, og Hammerfest til ishavsby saman med Tromsø og Vardø. Som vi kan sjå av tabell 15 auka innsatsen i fangstnæringa etterkvart som bankfisket etter håkjerring vart redusert frå byrjinga av 1870 talet. Trass i vekslande prisar på fangstprodukta, og generell prisnedgang på den internasjonale marknaden etterkvart som fangstvolumet auka, synte næringa seg lønsam både for reiar og mannskap i heile undersøkingsperioden. På denne måten kunne ishavsfangsten frå Hammerfest stadig auke og utvide fangstfeltet sitt i heile perioden. Store inntekter frå vårtorskefisket og bankfisket, og relativt god etterspurnad etter fiske- og fangstprodukta på den internasjonale marknaden gjorde at det korkje skorta på risikovillig kapital eller investeringslyst blant dei lokale handelshusa i byen, så lenge det var tilgjengeleg arbeidskraft og pattedyr å fange på Ishavet.

Men etter 1877 kom ein kraftig konjunkturedgangen som ikkje var over før ved hundreårskiftet, og som mange i fleire av desse åra må ha opplevd som ei meir eller mindre samanhengande krise. Dårlege prisar på fiske- og fangstprodukt førte til titals konkursar, mellom anna i eit av dei fem store handelshusa i byen. Eksporthandelen krympa og innsatsen i fangstnæringa vart kraftig redusert. I tillegg vart byen og næringslivet ille herja av øydelegging stormvinteren i 1882, då mellom anna pakkhus med store verdiar gjekk tapt i

¹⁸² Sivertsen 1973: 96

orkanen. Åtte år seinare brann ein stor del av byen ned, slik at over halvparten av befolkninga vart huslause. Men slike ulukker hadde også ei positiv side ettersom det gav arbeid til mange arbeidslause, tilførte kommunen store summer frå hjelpeaksjonar og statlege bidrag og lokka handverkarar nordover. På den måten verka dei neppe til å medføre spontan utvandringa frå byen, slik vi også kan sjå frå utvandringstabell 4.

Eit interessant særdrag ved denne næringa er det store innslaget av kvenske arbeidsfolk og skipparar på fangstskutene. ”Spidsbergensfangsten drives for en stor Del med Kvæner, som fremdeles jevnlige indvandre og nedsette sig baade i By og paa Land”, skreiv Finmarkposten i ein artikkelserie om Finmarken Amt i 1866.¹⁸³ I 1870 var det heile 276 kvenar blant dei 639 menn som mønstra på fangstbåtane i Hammerfest, det vil seie heile 43 prosent. Derimot var det stort sett nordmenn som var mannskap på skutene som dreiv håkjerringfiske og bankfiske elles.¹⁸⁴ Når det gjeld tendensen til at kvenske innflyttarar i større grad mønstra som skipparar på ishavet enn på håkjerringsfangst, gjev ein oversikt med opplysningar om ekspedisjonane frå Hammerfest i 1869 eit godt haldepunkt.¹⁸⁵ Av dei 27 skutene med namngjevne skipparar som dreiv ishavsfangst, kan vi ved hjelp av folketeljinga i 1865 og 1875 slå fast at minst 20 av dei hadde skipper med kvensk opphav, det vil seie 74 prosent. I følgje amtmann Holmboe skulle dette ha samanheng med den tidlegare omtalte tendensen blant kvenane om å søkte saman med landsmenn. Mange kvenar som fekk hyre som skipparar i ei tid då ishavsfangsten både var for risikabel og ulønsam til å freiste norske sjøfolk, favoriserte eller tiltrakk seg truleg kvensk arbeidskraft, skriv amtmannen.¹⁸⁶ På denne måten kan vi kanskje seie at ishavsflytten vart dei segregerte innvandarmiljøa som i Hammerfest motsvara *kvenbyane* i Kåfjord og Vadsø.

Ei anna årsak kunne nok vere at ishavsfangsten var eit større sjansespel og som oftast dårlegare betalt enn til dømes håkjerringfiske. I følgje ei detaljert og innsiktsfull utgreiing av dei økonomiske tilhøva i fangstnæringa, skrive av *indrulleringsbetjent* Dahl og prenta i Finmarkposten 1. november 1866, går det fram at fortjenesta til det ordinære mannskapet om bord på ishavsskutene var langt dårlegare enn på håkjerringskutene. Ekspedisjonane varte i gjennomsnitt 136 dagar i begge næringane, gjerne frå april til langt ut i september. Verdien på fangsten kunne ofte vere lik, og utbyttet vart vanlegvis fordelt med 2/3 til reiar og 1/3 fordelt mellom mannskapet. Reiaren betalte kosten om bord. Men fordelinga var likare mellom mannskapet på håkjerringskutene enn blant fangstfolket på Ishavet. Selfangsten

¹⁸³ Finmarkposten nr. 7, 14.8, 1866

¹⁸⁴ Amtmann 1866-70: 61

¹⁸⁵ Sivertsen 1973: 91-97

¹⁸⁶ Amtmann 1866-70: 61

kravde større spisskompetanse hos skipper og harpunar, og for dette fekk dei ekstra lott eller ei viss månadshyre alt etter marknadsverdien.¹⁸⁷ For mannskapet elles kunne dagløna variere sterkt - frå 30 øre til 3 kr - alt etter fangstresultatet og førehandsavtale.¹⁸⁸ Hovudårsaka til dei dårlege lottvilkåra blant fangstfolka på Ishavet skulle i følgje skribenten vere at mange tok forskot og dermed vart økonomisk bunden til reiaren som fritt kunne diktere fordelinga blant mannskapet. Dei som vart mest utnytta på denne måten var innvandra kvenar, drankarar og fattigfolk som kunne vere gode fangstfolk, men utan evne til ”..Enighed , der gjør sterk, lod Pengeinteressen gaa i Sporet av ædlere Interesser og Øiemed.”¹⁸⁹

Det er såleis sannsynleg at arbeidsvilkåra og utviklinga i denne næringa i undersøkingsperioden spela ein betydeleg rolle både når det gjaldt den kvenske innvandringa til Hammerfest og utvandringa frå byen. Frå undersøkinga kan vi sjå at 74 av emigrantane frå Hammerfest var registrerte som sjøfolk. Av desse var om lag 40 prosent av kvensk opphav, medan om lag 53 prosent var norske. Ti av desse sjøfolka var registrerte som skipparar. Av desse var seks av kvensk opphav. Dette gjev ein peikepinn på at kvenane var mykje overrepresenterte blant emigrantane i yrkeskategorien sjøfolk, men ettersom svært mange av dei meldte seg som arbeidarar i utvandringsprotokollane, er det uråd å fastslå kor mange av dei som hadde røynsle frå ishavsfangsten før dei emigrerte til Amerika.

4.7 Samandrag

Den økonomiske utviklinga i Hammerfest prestegjeld i undersøkingsperioden er først og fremst prega av ein relativt sterk vekst fram til midt på 1870-åra, som neppe kan seiast å ha verka som ein *push*-faktor på utvandring frå byen, men heller til å stogge ho på kort sikt. Denne veksten hadde samanheng med ein internasjonal høgkonjunktur på fiske- og fangstprodukt, samstundes som produksjonssystemet i Hammerfest fekk rik tilgang på tilflytta arbeidskraft og dei naturressursane i havet som danna grunnlaget for produksjonen. Rett nok varierte dei internasjonale prisane på tørrfisk og resultata frå ishavsfangten og torskefisket frå år til år, men utan at dette kan forklare kva som utløyste og styrken på utvandringa frå prestegjeldet i den første perioden rundt 1870.

Ved hjelp av finans- og marknadssamband med store handelshus i Hamburg og ein gunstig økonomisk politikk frå sentralmakta, var 5-6 kjøpmenn i byen i stand til slå seg opp som store nordnorske fiskeeksportørar på den internasjonale marknaden. I denne perioden

¹⁸⁷ Finmarkposten nr. 20, 15.11, 1866: svar på Dahl sitt innlegg i nr. 18, 1.11, 1866

¹⁸⁸ Sivertsen 1973: 99

¹⁸⁹ Finmarkposten nr. 18, 1.11, 1866

fungerte det handelskapitalistiske systemet i byen og det tradisjonelle fiskarbondesystemet i landsoknet i hovudsak komplimenterande og gjensidig avhengige av kvarandre, og gjorde det mogleg for mange å pendle mellom sesongprega lønsarbeid i byen og den tradisjonelle hushaldsøkonomien i landsoknet. Også den årvisse bytthandelen med dei russiske pomorane verka til å stimulere og stabilisere dei økonomiske systema på ein avgjerande måte slik at både byen og landsoknet kunne auke folketalet og produksjonen.

Modernisering av produksjonsapparatet i denne tida vart i liten grad stimulert av ein interesse blant handelsborgarane om å skaffe seg kontroll over det tradisjonelle fisket. Kjøpmennene held fram som mellommenn i fiskerihandelen med stor makt over prisane på råfisken, medan båtfolket i stor grad kontrollerer sjølve fangsleddet. Likevel gjorde ho handelsnæringa betre i stand til å tilpasse seg endringar i ressurstilgangen og mindre konjunktursvingingar. Moderniseringa kjem mest til syne i ein sterk auka innsats i bankfisket etter håkjerring og i fangstnæringa. Hammerfest vart ein betydeleg ishavsbby, men også ein nasjonal storaktør i tranproduksjon. Mange innvandra kvenar spela ei viktig rolle som arbeids- og sjøfolk i desse næringane, som både var sesongprega og svært vare for konjunktursvingar på den internasjonale marknaden. På same måte som det fanst kvenhus i byen, fanst det altså også kvenyrke, som til dømes tranbrennar, fangstmann og ishavsskipper. Mange i desse ykene var blant utvandrarane til Amerika.

Men midt på 1870-talet fall prisane og etterspurnaden etter dei tradisjonelle fiskevarene på den internasjonale fiskemarknaden. Dette medførte ein bratt nedtur for eit næringsliv som var svært avhengig av internasjonale konjunkturar og som ikkje hadde førebudd seg godt nok på nødvendige endringar i fiskeproduksjonen. Krisa vart relativt langvarig og må ha sett eit negativt preg på arbeidslivet i byen og såleis verka stimulerande på tanken om utvandring, særleg blant dei som vart hardest ramma.

På byrjinga av 1880-talet får Hammerfest ei ny bølge av utvandring som sjølv sagt kan ha samanheng med nedgangen i håkjerringfisket, tranproduksjonen og den kortvarige nedgangen i ishavsfangsten. Sjølv om ein ikkje ser ein umiddelbar auke i utvandringa då krisa ramma lokalsamfunnet på slutten av 1870-talet, vart truleg dei følgjande åra ein lei motbakke som fekk verknad etterkvart for mange potensielle emigrantar.

5 Politikk, religion og utvandring

5.1 Norsk minoritetspolitikk i Finnmark

På same måte som moderniseringa i det norske samfunnet på 1800-talet føresette ei sterk liberalisering av næringslovgjevinga, som medførte større fridom for aktørane i næringslivet både på land og sjø, vart dette ei tid i norsk politikk prega av liberalisme også når det gjaldt synet på innvandring, etniske minoritetar og religiøs fridom. I 1842 vart konventikkelplakaten, som sette forbod mot lekmannsforkynning, oppheva. Tre år seinare vart dissenterlova vedteke som gav fridom for religiøse utbrytargrupper og vekkingsrørsler utan at staten i vesentleg grad la hindringar i vegen. At folk fritt kunne ta individuelle og personlege val både i forhold til religiøsitet, flytting og arbeid, representerte langt på veg eit brot med dei tradisjonelle autoritetsforholda som verka til å halde bondesamfunnet saman. Dei liberale reformene danna såleis viktige føresetnader for moderniseringa og det sekulariserte samfunnet. Å sjå utvandringa til Amerika i samanheng med slike prosessar inneberer å setje fokus både på politiske, ideologiske og religiøse endringar av samfunnet, som kunne verke inn på folk sine utvandringsval.

I 1860 vart passlova oppheva, noko som i praksis medførte at kravet til pass fall bort og at folk kunne flytte fritt både innanlands og over grensene frå utlandet. Folk som hadde budd tre år i landet vart rekna som norske statsborgarar med praktisk talt fulle statsborgarlege rettar heilt fram til ein ny lov om statsborgarskap vart innført i 1888. Sjølv om Grunnlova utestengde jødar og munkeordnar fram til 1851, og jesuittar like fram til 1950-talet, vart likevel synet på innvandrarar og minoritetar hos embetsmannsstaten i det store og heile i samsvar med fridomstanken frå 1814.¹⁹⁰ Dette hadde truleg samanheng med samtidas ideologiske tenking om innvandring og utvandring som ein naturleg og demokratisk rett i ein moderne stat, med også som positivt for den økonomiske utviklinga i landet. Sjølv om kanskje ikkje folk flest og lokale styresmakter synte like stor toleranse mot framande innvandrarar, var temaet i liten grad oppfatta som rikspolitisk kontroversielt. I Finnmark derimot, vart problem knytt til innvandring, religiøs fanatisme og etniske minoritetar sentralt plassert på den nasjonale dagsordenen frå midten av hundreåret. Den politikken som staten kom til møte desse problema med, verka etter alt å døme også inn på utvandringa blant minoritetane i området.

¹⁹⁰ Niemi 2003: 12-18

Noreg var i perioden fram til 1860-talet i hovudsak eit innvandarland der langt fleire flytta inn enn dei som flytta ut.¹⁹¹ Den nye nasjonalstaten med stor fridom og mektige uutnytta naturressursar verka openbart både utfordrande og tiltrekjande, særleg på svenskar og finnar som heller ikkje vart oppfatta som spesielt framande dit dei kom. Noreg hadde ikkje erfart masseinnvandring, og minoritetsproblem vart i liten grad ei aktuell sak for ein nasjon som mest oppfatta seg som etnisk homogen, med unntak frå eit marginalt innslag av kvenar og samar i befolkninga nordpå. Det var såleis ikkje behov for strenge restriksjonar og ein særskilt nasjonal innvandringspolitikk. Truleg representerte utvandring ein større trussel for styresmaktene enn det ein meinte innvandringa kunne medføre av problem. Men heller ikkje når det gjaldt utvandringa var det særleg offentleg debatt eller politisk vilje til å sette openberre hindringar i vegen, kanskje med unntak for vernepliktige som mange meinte kunne verte freista til å unndra seg militærtjenesta dersom dei fritt kunne utvandre.

Men liberaliteten hadde grenser. Med den nye lova i 1888 om norsk statsborgarskap vart krava skjerpa for dei som ville bli nordmenn.¹⁹² Innvandarar måtte søke amtmannen om statsborgarskap og samstundes gje frå seg sitt tidlegare statsborgarskap. Framfor alt var det i Finnmark at det norske liberale innvandringsregimet tydelegast synte sine grenser i haldninga til innvandring og minoritetar, særleg etter midten av hundreåret. Allereie ved folketeljninga frå 1845 viste staten interesse for å registrere den etniske samansettinga av befolkninga i Nord-Noreg, og dette held fram med skjerpa instruks ved dei nominelle teljingane frå 1865 og utover hundreåret. Trass i at etnisitet kunne vere vanskeleg å registrere, vart det altså likevel oppfatta som så signifikant at registreringa held fram heilt fram til den første verdskrigen. Om lag samstundes vaks det gradvis fram ei endring i det offisielle synet på minoritetane i dei nordlegaste landsdelane, ikkje minst fordi nettopp folketeljningane synte i klartekst at innslaget av folk med anna etnisk bakgrunn enn norsk var oppsiktsvekkjande stort. Både ved folketeljningane i 1845 og 1855 synte det seg at det norske innslaget i det eigentlege Finnmark ikkje var større enn høvesvis 35,3 prosent og 42,5 prosent.¹⁹³ I 1875 utgjorde kvenane aleine 24,2 prosent av befolkninga i Finnmark, og i einskilde lokalsamfunn, særleg i Varanger - utgjorde dei majoriteten.¹⁹⁴ På Stortinget vart det fleirtal for at staten i langt sterkare grad måtte medverke til at dei etiske minoritetane i nord - samane og kvenane - vart integrert inn i riket på nasjonalstaten sine premisser. Statlege assimileringstiltak vart sett inn utan noko tilsløring om kva målet var. *Fornorskingspolitikken* vart såleis det offisielle

¹⁹¹ Niemi 2003: 20

¹⁹² Myhre 2003: 208-209

¹⁹³ Zоргendrager 1997: 468

¹⁹⁴ Eriksen og Niemi 1985: 31

namnet på denne politikken. Det vart særleg skolen og kyrkja som skulle rydde vegen for dei norske nasjonale verdiane. Men også på andre område der staten greip inn i nordområdet, mellom anna i næringslivspolitikken og forsvarspolitikken, vart fornorskingstanken tydeleg.

Fornorskinga skulle snart vise seg å vere ein svært omfattande oppgåve og assimilasjonspolitikken vart møtt med motstand, ikkje minst blant kvenane. Særleg gjekk det dårleg med fornorskingsarbeidet i grenseområda, noko dei sentrale styresmaktene etter alt å dømme oppfatta som ein tryggingssisiko. Fleire sentrale stader særleg i Aust-Finnmark, var det finske innslaget så stort at norsk språk praktisk talt var minoritetsspråk og tapte terreng.

Kvenane fekk merke at dei hadde røtene sine i eit land som heilt sidan 1809 hadde vore eit storhertugdømme under det russiske tsarstyret. Det vart sett i verk ein relativt aggressiv fornorskingsspolitikk som hadde som mål å styrke det norske språket og den norske kulturen i området, men som også medverka til å skjerpe den statlege kontrollen over befolkninga på ulike felt. Den liberale og minoritetsvennlege haldninga som vart forsvart av presten, misjonæren og vitskapsmannen Nils Vibe Stockfleth og seinare eleven hans Jens Andreas Friis slo no sprekkar. Dei heldt samane for å vere urfolk og argumenterte for å ta bruk både samisk og kvensk språk i skole og kyrkje. Særleg vart den kvenske befolkninga i Nord-Noreg - men også skogfinnane i sør - ramma av ein sterk skepsis som ikkje berre kom til uttrykk i offentlege vedtak, men også vart spreidd utover store delar av befolkninga. I ein artikkel i Finmarkposten frå 1866, klaga redaktøren over at staten ikkje gjorde nok for å fornorske kvenane, idet han åtvara mot at den "kvenske og finske Befolkning kan blive exploiteret i en for vort Land fiendtlig retning"¹⁹⁵ I tida etter vart det meir og meir vanleg å framstille kvenane som ein mogleg femtekolonne om det kom til konflikt med russarane. Dette sette truleg eit restriktivt preg på mykje av den offentlege politikken i området og fekk såleis konsekvensar både når det gjaldt opplysningsarbeidet, religionsfridomen og det fritaket folk i Nord-Noreg lenge hadde hatt frå militærtjeneste.

I 1852 vart grensa mellom Noreg og Finland stengt etter at russarane fekk avslag på eit krav om at finske fiskarar skulle få utvida rettar til å drive fiske frå eigen båt i Noreg. Dette medførte at samar på begge sider av grensa ikkje lenger kunne flytte reinflokkane fritt mellom dei tradisjonelle beiteområda i sameland slik dei hadde oppnådd med den såkalla *Lappekodisillen* frå 1751, då riksgrensa mellom dei to landa vart fastsett. Dette la sjølvstøtt press på reindrifta, slik at fleire reindriftssamar måtte flytte til Sverige for å kunne halde fram i næringa. I ein artikkelserie om det samiske folket i Finmarkposten i 1866, skildrar lensmann

¹⁹⁵ Finmarkposten nr. 8, 21.8, 1866

A. Brun grensestenginga som eit alvorleg overgrep mot reindriften og samane. Han legg ikkje skjul på at det var dei norsk-svenske styresmakter som hadde ansvaret for elenda, ettersom han sjølv i samtale med finske autoritetar hadde fått klare haldepunkt for at dei frå finsk-russisk side var villige til å finne løysingar.¹⁹⁶ Lokale styresmakter på begge sider av grensa hadde lang røynsle med å syne toleranse og finne gode løysingar på konflikter i grenseområda.¹⁹⁷ Men no var nordområda for alvor i ferd med å kome i fokus i storpolitikken og gamle hevdvunne reglar som regulerte samspelet mellom det samiske, kvenske og norske folket i grenseområda kom under sterkt press.

Grensestenginga medførte også auka innflytting til Finnmark av finlendingar, som no vart hindra i å halde fram med ei næringstilpassing som sesongmigrantar mellom finsk jordbruk og norsk kystfiske. Grensestenginga førte også til at norske styresmakter svarte med å redusere retten til å drive som sesongfiskar frå Finland. Det vart no forbode for utlendingar å drive jakt, fangst og fiske på norskekysten. Men lova var vanskeleg å handheve. Straumen av illegale finske fiskarar heldt fram, og mange av dei fekk plass som mannskap på båtar hos norske kvenar, mellom anna på ishavsskuter i Hammerfest.¹⁹⁸ Blant anna vart fiskekjøparar skulda for å utstyre innvandrarane med båt og reiskap på vilkår at dei leverte all fangst til den same kjøpmannen.¹⁹⁹

Kveninnvandringa kom elles til å stå sentralt i diskusjonen om den såkalla ”frihavslova” som Stortinget hadde til handsaming på slutten av 1860-talet, og som skulle føre vidare liberaliseringa av fiskeria som fiskeriloven frå 1830 og 1860. Mellom anna kom det fram ein tydeleg skepsis mot at *nordfararar* og utanlandske fiskarar skulle få større rettar på sjøen enn dei alt hadde, og kanskje i større grad trengje inn i fjordane til ulempe for dei fastbuande.²⁰⁰ I 1870 vart lova endra slik at utanlandske fiskarar kunne delta som lottfiskarar på båtar med norsk høvedsmann mot å betale ei viss avgift til staten, men fulle rettar i fisket kunne dei først oppnå ved å flytte og skaffe seg norsk borgarskap. Dette kom truleg til å bremse den kvenske innvandringa og utanlandsk deltaking i Finnmarksfisket.²⁰¹

Også ved stortingsvalet i 1879 vart ”kvenproblemet” eit viktig innslag i debatten. I Finmarkposten vart det mellom anna argumentert for ein lov som kunne redusere innvandringa ved å avgrense den økonomiske fordelene fiskekjøparane hadde ved å utruste kvenar til fiske til foretrekking for dei lokale fiskarane. Skribenten skriv vidare:

¹⁹⁶ Finmarkposten nr. 14, 4.10, 1866

¹⁹⁷ Bottolfsen 1990: 154-158

¹⁹⁸ Solhaug 1976: 278

¹⁹⁹ Finmarkposten nr 28, 1879

²⁰⁰ Finmarkposten nr. 23, 1867

²⁰¹ Solhaug 1976: 279

”Denne fortrængsel er nu blid så utålelig, at selv de her bosiddende kvæner protesterer mod sine egne landsmænds overhændige tilstømning og uvorne fremferd på sjøen og forlanger strengere lovbestemmeser og tilstrekkelig politi for å hemme dette uvesen.”²⁰²

For norske styresmakter var det viktig å hevde norsk suverenitet i Finnmark ved å få kontroll over både det russiske fisket etter gamle hevdvunne reglar, og den finske sesonginnvandringa. Samstundes var det openbart i norsk interesse å ha ei viss innvandring og ein stor arbeidsmobilitet for å oppretthalde den sesongprega handelen og næringslivet som fiske- og fangstnæringa hadde som vilkår. Likevel var ikkje alle velkomne. I ei lov frå 7. september 1854, vart det slått fast at innvandrarar som ikkje kunne forsørgje seg sjølve, skulle utvisast frå landet. Dette var basert på ein gjensidig traktat mellom Noreg og Russland om å utlevere folk som var kriminelle, eller måtte ha offentleg hjelp. At fattige kvenar også vart utvist frå Hammerfest, får vi eit døme på i ein liten notis frå Finmarksposten då ei kvensk enke med tre barn vart sett på dampskipet sørover av lensmannen fordi ho ikkje kunne brødfø familien sin utan hjelp frå fattigkassa.²⁰³ Det var ikkje sjølve utvisinga avisa sette fokus på, men at eit av barna ramla på sjøen og vart heltmodig berga av ein rådsnar bygut. I Vadsø vart fleire titals kvenske innvandrarar utviste med heimel i denne traktaten særleg på 1870- og 1880-talet.²⁰⁴

I den utanrikspolitiske situasjonen i nord spela også aktørar med basis i handels- og ishavsbysen Hammerfest ei viss rolle. På 1850-talet, då Krimkrigen rasa og uroa spreidde seg på Balkan, gjekk den svensk/norske unionen saman med vestmaktene for å trygge seg mot åtak frå Russland ved å signere novembertraktaten frå 1855. Både engelske og svenske statsmenn frykta at Russland hadde aggressive føremål i nordområda, noko som ikkje minst skapte frykt i dei landa som hadde felles grenser med Russland. Då den engelske statsminister, Lord Palmerston formulerte novembertraktaten, var det i særleg grad basert på rapportar frå den tidlegare engelske visekonsulen og handelsmannen i Hammerfest, John Rice Crowe.²⁰⁵

Crowe, som var født i London i 1795, hadde delvis vokse opp hos ein onkel som tenestegjorde som offiser i russisk teneste og såleis hadde god kjennskap til både russisk språk og kultur.²⁰⁶ Då han kom til Hammerfest omkring 1820, var det først som representant for engelske selskap som dreiv handel mellom England og Arkangelsk med Hammerfest som

²⁰² Finmarksposten nr. 28, 1879

²⁰³ Finmarksposten nr 46, 1874

²⁰⁴ Niemi 2003: 143-144

²⁰⁵ Zorgdrager 1997: 46

²⁰⁶ Moberg 1968: 9-10

anløpsstad. Dette innebar sjølvsagt god kontakt både med russiske og engelske representantar for handel og politikk. Samstundes bygde han i kompaniskap med landsmannen Henry Dick Woodfall, opp eit framgangsrikt handelshus på Fuglenes, like utanfor byen. Hit kom også dei to brørne hans, William Henry og James William, som begge deltok som skipparar på Ishavet. Med bakgrunn i England under den industrielle revolusjonen, hadde Crowe ikkje berre interesse for fiskeeksport og ishavsfangst, men også eit stort engasjement for gruvedrift, og gode kontaktar til store engelske mineralselskap.²⁰⁷ Ved å overbevise dei norske styresmaktene om at det var mogleg å starte gruvedrift i Kåfjord, skaffa han seg omfattande rettar og løyve til å utvinne koparmalm i Vest-Finnmark. Dette resulterte i ein omfattande gruvedrift i Alta basert på engelsk kapital både i Kåfjord og Raipas frå 1826, og seinare i Kjækan i Kvenangen i 1840. Som velkvalifisert kontaktperson og ekspert på Russland, var det ikkje rart at han vart oppfatta som ei viktig kjelde som vart lytta til når han stadig, heilt sidan 1830-talet, hadde formidla rykte om russiske intensjonar om å tilrane seg landområde i nord. I *Altas historie* skriv Jens Petter Nilsen at Crowe truleg dreiv eit slags dobbeltspel ”når han advarte mot pro-russiske holdningar blant lokalbefolkningen samtidig som han ansatte hundrevis av *russiske* kvener ved sin egen bedrift.”²⁰⁸

Fornorskingspolitikken og det aukande presset mot den kvenske minoriteten verka kan hende meir til å isolere det kvenske folket i Finnmark enn til å fornorske dei. Rett nok gjekk mange kvenar opp i den norske og samiske kulturen og vart fast etablerte i dei lokalsamfunna dei hadde kome til, men også ei svært stor gruppe av dei forlet det norske samfunnet og emigrerte som kvenar til Amerika. Det er derfor rimeleg å gå ut frå at *fornorskingspolitikken* kunne ha verknad på utvandringa frå Hammerfest som hadde eit stort innslag av kvenar. Sjølv om denne politikken ikkje hadde opphavet sitt lokalt, men må sjåast som ein konsekvens av ein internasjonal nasjonalistisk ideologi som stadig greip sterkare inn i den norske nasjonsbygginga frå midten av 1800-talet, fekk han truleg ulike konsekvensar rundt om i fylket, mellom anna då utvandringa til Amerika starta.

5.2 Hammerfest under fornorskingspolitikken

For kjøpmenn og reiarar i Hammerfest som ofte var i beit for mannskap på båtane dei rusta ut for ishavsfangst og fiske, var den kvenske arbeidskrafta svært viktig og mykje etterspurt. Dei må truleg ha hatt ei reservert haldning til statlege tiltak som hindra fri flyt av arbeidsfolk.

²⁰⁷ Nielsen 1995: kap. 3

²⁰⁸ Nielsen 1995: 217

Kvenske sjøfolk vart ofte framstilt som særleg dyktige og vel eigna til det harde livet på ishavet.²⁰⁹ Fleire av dei kvenske ishavskipparane og harpunarane fekk seg eigne hus og levde truleg godt integrert i sjømannsstanden i Hammerfest. Blant allmugen på lokalt nivå kan ein derimot registrere andre haldningar som understrekar at også tilgjenge til arbeidsmarknaden også på 1800-talet kunne vere ein viktig faktor i synet på innvandring og minoritetar. I Hammerfest vart det til dømes alt på 1830-talet stadig reagert på den liberale arbeidsmarknadspolitikken som gjorde at mange kvenske sesonginnvandrarakar kunne komme til kysten og ta arbeid utan å legge igjen særleg mykje korkje i form av skatt eller som forbrukarar. Derimot kunne somme av dei stundom verte avhengige av litt offentleg stønad om fisket slo feil. Men det er særleg frå midten av hundreåret at vi ser ein meir kritisk haldning til kveninnvandringa lokalt.

I Hammerfest kan ein klart sjå ein slik tendens ved den måten kvenane vart omtala på i byens avis, Finmarkposten, i perioden frå avisa vart skipa i 1866 og utover hundreåret. Ikkje berre vart kvenane stadig oftare nemnd i samanheng med kriminalitet, sjukdomssmitte, alkoholmisbruk og umoralsk livsførsel, den kvenske innvandringa til byen vart også etterkvart karakterisert som ein trussel for folk sin velferd og tryggleik. I 1867 slo redaktøren alarm i ein oppsats med overskrifta "Varsko", der han viste til folks harme og frykt for kva hordar av fattige og desperate kvenske innvandrarakar kunne medføre i Finnmark, samstundes som han minna om dei desperate hendingane som fann stad i Kautokeino i 1852. Den klare budskapet var at styresmaktene måtte ta innvandringa til Finnmark og den spente situasjonen i grenseområda på alvor, og heller ikkje tre tilbake for å ta i bruk militærmakt om det skulle bli naudsynt.

Åtvaringa frå redaktøren skapte sterke reaksjonar i hovudstaden, der mellom anna professor Ludvig Daa i Aftenbladet nr. 48, i sterke ordelag og med syrlig ironi tok til motmæle mot forslaget frå nord om å møte naudlidande nabofolk med våpen i staden for mat. Redaktøren i Finmarkposten vart i klartekst karakterisert som ein kynisk og einfaldig rasefanatiker, med nasjonale føredomar som var ei skam for landet. Men også den politiske atmosfære i Hammerfest og kjøpmennene sin måte å utnytte den kvenske arbeidskrafta på i byane langs kysten, vart sterk kritisert som usundt og farleg. Professoren hadde også sjølv ei åtvaring å kome med både til Finmarkposten og regjeringa. Han meinte det var tryggingpolitisk risikabelt å gje næring til dei fiendtlege ytringar i finske massemedium som

²⁰⁹ Amtmannsmeldinga 1871-75: 45

stundom klaga over at kvenane vart handsama med urett nordpå, og ”at Norge ikkje behandler dets Emigranter saaledes som det er sømmelig i et civiliseret Land.”²¹⁰

I eit seinare svar frå redaktøren i Finmarkposten vert skuldingane om kvenfiendtlege haldningar i avisa og blant folk i Finnmark beint fram avvist. Mellom anna kunne han vise til ein appell som vart skriva til byens befolkning i avisa tidlegare på året, der folk vart oppmoda til å hjelpe fattige arbeidsfolk, særleg blant innvandra kvenske familiar.²¹¹ Avisa hadde også tatt initiativ til ein aksjon for å betre helsetilstanden blant dei fattige, ved å invitere til aksjeteikning blant folk frå handelsstanden for å få bygd fleire arbeidarbustader i byen.²¹² Derimot vart det understreka at ”varskuet” frå Finmarkposten ikkje hadde hevda anna enn at staten måtte ta på alvor og handheve norsk lov i Finnmark

Sjølv om stoda for det norske språket var langt betre i Hammerfest prestegjeld enn mange andre stader i fylket, vart det likevel eit fast innslag ved visitasane for Hammerfest prosti, å klage over at barn frå samiske og kvenske miljø ikkje fekk tilstrekkeleg opplæring fordi dei ikkje meistra det norske språket godt nok. Særleg i landsokna stod det dårleg til med norskkunnskapen, ettersom undervisninga var mangelfull og mange berre snakka samisk og kvensk til dagleg. Dette hemma arbeidet med å opplyse og fornorske minoritetsgruppene, vart det sagt. I landsoknet var det naudsynt å gje norskundervisning på samisk og kvensk. Men i byen vart det oppretta ein innføringsklasse for kvenske barn, der dei kunne få opplæring i norsk året før dei skulle begynne på skolen. Dette gav så gode resultat at undervisninga seinare kunne haldast på norsk i alle klassene på folkeskolen.

Frå om lag midt på 1800-talet gjekk det føre seg ein offentleg debatt i Noreg om norsk språkpolitikk overfor samar og kvenar som resulterte i ein langt strengare assimilasjonspolitik overfor dei etniske minoritetane nord i landet. Tendensen gjekk gradvis i retning av å avvikle norskopplæringa på morsmålet, særleg blant kvenane. Mange argumenterte med at den mest effektive fornorskinga skjedde der dei minoritetsspråklege ikkje fekk høre anna enn norsk i undervisning og gudsteneste. Sjølv dei som forsvarte Stockfleth si line om å bruke samisk og kvensk som middel i fornorskinga, reservert seg no langt på veg når det gjaldt kvenane. I eit svarinnlegg til ein skribent som argumenterte sterkt for den nye og radikale fornorskingspolitikken i Tromsø Stiftstidene i 1868, protesterte Finmarkposten mot at samane ikkje skulle få høre presten sine ord på morsmålet, men når det gjaldt kvenane, vart dei no klart definert som innvandrarar med avgrensa rettar:

²¹⁰ Finmarkposten nr.16,1868

²¹¹ Finmarkposten nr. 3, 1868

²¹² Finmarkposten nr. 2, 1868

”Ligeoverfor den indflyttede Finlænder ere vi vistnok ikke forpligtede til den Grad af Imødekommen som mot vore Lapper, men det synes dog for haardt at nægte den af nød hiddrevne Fin al Sjelepleie for derved at tvinge ham til at lære vort Sprog, noget, man efter min Overbevisning aldrig vik kunne opnaa ved sådanne radikale Midler.”²¹³

Dette synet som langt på veg er representativt for kyrkja si ambivalente haldning i språkspørsmålet, viser det dilemma prestane fekk å handtere når dei på den eine sida skulle vere eit viktig instrument i fornorskinga, samstundes som dei på den andre sida skulle praktisere lutheranismen, som nettopp la vekt på formidling av gudsordet på morsmålet. Med midlar frå eit eige fond som Stortinget oppretta, Finnefondet, vart det sett i verk fornorskingstiltak der tryggingpolitikk og minoritetspolitikk vart to sider ved same sak. Frå Stortinget si side var det såleis ingen tvil om at dette var ein kamp som skulle utkjempast med andelege virkemiddel. Store midlar vart nytta på å bygge og drive skolar, kyrke og kunnskapsinstitusjonar i Nord-Troms og Finnmark som våpen for å fremje det norske og stogge framand påverknad.

Militært utbygging var neppe ein sentral strategi ettersom det i liten grad vart investert i forsvarsutbygging i Finnmark på 1800-talet. Men utover 1880-talet vart det likevel meir temperatur i den såkalla ”forsvarssaka”, som i særleg grad var ein diskusjon om Nord-Noreg skulle få innført allminneleg verneplikt på lik line med resten av landet. I følgje Ulf Tore Aleksandersen, (1999) som har skrivne hovudfagsoppgåve om innføringa av verneplikta i Nord-Noreg, var det først og fremst den kvenske innvandringa og ”den russiske fare” i Finnmark som var avgjerande for etableringa av forsvaret i nord ved slutten av hundreåret.

På eit folkemøte i Hammerfest i 1888 der ein artilleriløytnant Lund frå Kristiania føredrog om den russiske fare og behovet for norsk forsvar i nord, vart det spontant skipa eit lokallag av Norges Forsvarsforening i byen. I følgje Finmarkposten, fekk det nye laget omlag tretti medlemmar same kveld, og seinare vart det også danna ei eige avdeling for kvinner.²¹⁴ Den nasjonale tanken stod i sentrum, medan dei etniske minoritetane generelt sett vart sett på som ein nasjonal trussel. Men også her vart det synt ei viss toleranse for det samiske folket. Det var først og fremst kvenane som vart peika ut som hovudproblemet.

På eit landsmøte i Norges Forsvarsforening i 1889, der representantar frå 15 krinsar vart samla for å diskutere innføring av verneplikt i Tromsø stift, møtte byfut Selmer frå

²¹³ Finmarkposten nr. 1, 1868

²¹⁴ Finmarkposten nr. 52, 1882

Hammerfest og ingeniør H. B. Olsen frå Vardø.²¹⁵ Her vart det ikkje lagt skjul på at ein oppfatta det store innslaget av kvenar i Finnmark som ein nasjonal tryggingssrisiko. Ikkje berre var dei sett på som ein potensiell femtekolonne, men dei kunne også i møtet med fornorskingspolitikken utløyse etniske konflikhtar som kunne gje russarane argument til å fremje krav om grensereguleringar i Finnmark. Til og med innføring av verneplikt kunne verke opphissande på den kvenske befolkninga, vart det hevda. Denne ”frykta frå aust” fekk stadig vekk næring frå finske nasjonalistar, dei såkalla fennomantarane, som ofte gjennom reiseskildringar, bøker og avisinnlegg appellerte til kvensk oppvakning i nord.²¹⁶

At Finnmark hadde ei stor kvensk befolkning som oppfatta samane som eit broderfolk, men der begge minoritetane vart diskriminert og undertrykt gjennom den norske assimilasjonspolitikken, vart fremja som ei nasjonal sak der ein kravde handling frå finske og russiske styresmakter. Til dømes vart lesarane av Finmarksposten i 1888, presentert for desse storfinske ideane frå boka *Suomalaiset Jäämeren rannalla*, (*Finnerne ved Ishavet*), av den finske redaktøren og forfattern A.V. Ervart. Her kunne ein mellom anna lese at det var i ferd med å vekkjast ein kvensk ”Begjærighed etter Finmarken”. Sjølv om Finland, etter forfattern si meining, i lang tid hadde sove og overlata kvenane til seg sjølve i kampen mot nordmennene i nord, spør han retorisk: ”hvem garanterer for, at vort Folk fortsætter sin Søvn...” ”...Finland er jo ikkje saa svagt, at det ikkje i Nødsfald vilde kunne inlde seg paa at maale Kræfter med Noreg.”²¹⁷

Men det vart også argumentert med at innføring av verneplikt i seg sjølve kunne virke assimilerande og jamvel etnisk konfliktdempande dersom ungdom frå dei tre folkegruppene var samla, trenna og disiplinert under felles norsk militær kommando. Då innstillinga om å innføre verneplikt vart lagt fram for Stortinget i 1889, vart forslaget møtt med stor entusiasme både hos futen i Hammerfest og i Varanger.²¹⁸ I tiåret som gjekk før verneplikta endeleg vart vedteke i Stortinget i 1897, var det heile tida målet om å fornorske kvenane som var den berande argumentasjonen i diskusjonen. Eit døme som understrekar dette er ein artikkel om saka i Finmarksposten i 1896, der Axel Hagemann, som då var høgrerepresentant på Stortinget for Finnmark, skriv ”At man faar Værneplikt i Finmarkens amt, er av aller største Betydning saavel i nasjonale Øiemed som af hensyn til Fornorskingsspørsmålet.”²¹⁹

²¹⁵ Aleksandersen 1999: 73

²¹⁶ Eriksen og Niemi 1981: 39

²¹⁷ Finmarksposten nr. 14, 1888

²¹⁸ Hammerfest Fogd- og sorenskriverembede. Kopibok nr. 8 1882-1891. Nr 33 1888. Statsarkivet, Tromsø

²¹⁹ Finmarksposten nr. 3, 25.1, 1896

Sjølv om Hammerfest lenge var amtmannsbyen i Finnmark, hadde størst folketal og den mest trafikkerte hamna i Finnmark, låg byen langt vest frå grenseområdet til Russland og stod derfor ikkje i sentrum når det gjaldt ”trusselen frå aust”. Det var heller ikkje i Vest-Finnmark fornorskinga hadde dei største utfordringane, men primært i austfylket, og særleg i områda rundt Varangerfjorden. Samanlikna med stadane i Sør-Varanger, var både den kvenske innvandringa og språksituasjonen i Hammerfest for det meste under kontroll. Sjølv om staten sin offisielle politikk i Finnmark kasta sine skuggar av russefrykt og høgstemt nasjonalisme også over Hammerfest, vart det likevel eit anna internasjonalt perspektiv som hadde større relevans og dermed i høg grad kom til å prege det norske handelsborgarskapet som rådde i byen.

I Hammerfest var det eksporthandelen med russarane, dei internasjonale konjunkturane og prisutviklinga på den europeiske marknaden for fiske- og fangstprodukt som stod i fokus. Korkje den nasjonale tryggingspolitikken eller den framveksande etnopolitikken med sosialdarwinistiske undertonar, kunne rokke ved det. Neppe nokon som dreiv næringsverksemd kunne vere i tvil om kor avhengig til dømes ishavsfangsten var av kvenske innvandrarar, eller kor viktig det venskaplege forholdet til dei russiske pomorane var for sommarfisket og handelen. Byen var i stor grad bygd opp av innflyttarar, og det kulturelle mangfaldet og det internasjonale kontaktnettet hadde så å seie vore ein føresetnad for den økonomiske og demografiske framgangen. Arbeids- og produksjonslivet i byen var sesongprega, med ein årleg syklus fint tilpassa naturgjevne forhold og migrasjon. Like så viktig som at torsken følgde lodda til kysten om våren, seien søkte til grunnane og fjordane og selen drog seg opp på iskanten om sommaren, var det at dampskipa frå Hamburg, seglskutene frå Arkangelsk og båtfolket langs kysten dukka opp i hamna i Hammerfest om våren. Både det økonomiske systemet og sjølvne produksjonsmåten i byen føresette ei relativ tolerant haldning og eit konfliktfritt forhold til innflyttarar og framandfolk. I eit slikt miljø låg mykje til rette for at innflyttarar lett kunne verte integrert i bysamfunnet. Men det kunne også medføre at til dømes kvenar, som ikkje ville bøye seg for den norske assimilasjonspolitikken, fekk fred til å leve sitt eige liv og bygge opp sterke religiøse og etiske subkulturar som mellom anna kunne verke til organisert masseutvandring til Amerika.

5.3 Læstadianismen – religiøs vekking og etnisk fellesskap

Den læstadianske rørsla på Nordkalotten hadde sitt utspring i Karusoando i Nord-Sverige, der teologen og botanikaren Lars Levi Læstadius var prest på 1840 talet. Med sterk front mot

drukkenskapen, sædløysa og det han meinte var statskyrkjelege vranglære og sløvskap, gjekk han i brodden for ei religiøs vekking blant samar og kvenar som fekk stor utbreiing og sette moralske og mentale spor etter seg overalt der folk tok imot budskapet. Allereie i 1847 fekk rørsla sterk verknad blant samane i Kautokeino og kvenane ved Kåfjordverket i Alta, mellom anna etter at dottera til Læstadius vitja plassen og dreiv misjonering der.²²⁰ Men etterkvart følgde vekkinga med dei interne flyttestraumane og vart spreidd over store delar av Troms og Finnmark. Ikkje minst vart ho sterk blant kvenane i kystbyane i Finnmark, der også emigrasjonen til Amerika vart sterkast. Med utvandrarane følgde den læstadianske trua også med til Amerika, og der fekk ho aukande oppslutning og stor betydning på dei stadene der mange av emigrantane frå Hammerfest slo seg ned. Det kan såleis vere grunn til å spørje i kva grad ho verka inn på, og kan bidra til å forklare utvandringa frå Hammerfest.

Læstadius si lære hadde på mange måtar ein klar basis i det førsekulariserte verdsbiletet, men vekkinga var samstundes eit frampeik mot noko nytt og moderne, med sterk vekt på personleg val og ansvar for eige liv. Dei vakte stod for ei individuell og antiautoritær tru, der den einskilde ut frå personleg religiøs oppleving og lesing frå Bibelen kunne gå langt i å overprøvde og forkasta mange offisielle normer og sanningar. Men på same tid skapte den religiøse rørsla ei ny, sjølvvald gruppetilknytning, som braut med den tradisjonelle fellesskapen. Dei sosiale relasjonane vart løfta ut av dei tradisjonelle og stadbundne rammene for å bli reorganisert, slik at den einskilde ikkje lenger stod i same forpliktande samanheng med den lokale staden og møtet ansikt til ansikt.²²¹ Vekkinga gjekk føre seg i ein radikal og aggressiv retorikk som truleg kunne verke skremmande på folk. Men det var først etter at ein flokk samar under leiing av vakte, gjekk til åtak på handelsmannen og presten i Kautokeino vinteren 1852, at dei offentlege styresmaktene for alvor vart merksame på at det gjekk føre seg ei vekking i nord som retta sterk kritikk mot det offentlege etablerte systemet i landsdelen. Den tragiske hendinga som enda med mord på handelsmannen og vald mot presten og lensmannen, førte til at to av dei dømde leiarane, Aslak Jacobsen Hætta og Mons Aslaksen Somby, vart avretta ved halshugging i Alta i 1853.

Meldingane om opprøret i Kautokeino sendte sjokkbølger inn i det sentrale politiske- og departementale systemet i Kristiania. Ute i Europa var elden etter Februarrevolusjonen knapt brent ut, og i hovudstaden hadde Thranerørsla skremt makteliten til å ty til politi og tvangsmakt på open gate i 1851 mens Stortinget sat samla i Kristiania. At også religiøs vekking og religiøse minoritetar med kontakt til utlandet kunne representere sterke politiske

²²⁰ Nielsen 1987: 50

²²¹ Giddens 1990

krefter og farleg opposisjonsmakt, var ikkje minst røynslene frå kvekarane og haugianarane sin kamp for religiøs fridom eit levande døme på. Særleg i tida før konventikkelplakaten vart oppheva i 1842 og dissenterloven vart vedteke i 1845, var truleg religiøs intoleranse og statleg press på religiøse minoritetar ei medverkande årsak til at desse miljøa vart blant dei mest aktive i emigrasjonen til Amerika. Men frå om lag 1850 var Noreg mest å forstå som ein fristad for dissentersamfunn der både mormonar, metodistar og baptistar kunne etablere seg i religiøs fridom utan at staten i vesentleg grad la hindringar i vegen. I Nord-Noreg vart derimot ein slik statleg religiøs pluralisme av fleire grunnar meir problematisk å praktisere.

Den læstadianske vekkinga i nord medførte ikkje berre at folkelege religiøs krefter vart mobilisert til kamp for religiøs fridom med skarp fordøming av statskyrkja si lære og moral, ho representerte også sosiale og kulturelle spenningar som kunne verke politisk opphissande på fattigfolk og dermed oppløysande på den allminnelege samfunnsorden. Ekstra merksemd fekk ho naturlegvis då det vart på det reine at det valdelege opprøret i Kautokeino vart leia av religiøst vakte med basis i den læstadianske rørsla. Dessutan fekk saka eit klart utanriks- og tryggingpolitisk preg ettersom ho lett kunne sjåast i samanheng med grensestenginga like før og den meir aggressive fornorskingspolitikken som var i ferd med å ta form.

Sentrale styresmaktene var i høgaste grad vakne og langt på veg villige til å ta i bruk sterke virkemiddel for å skaffe seg kontroll over situasjonen.²²² Særleg i dei områda der samane hadde sommarbustadane sine og kom saman med reinflokkane om våren, kunne ein forvente å sjå kva veg det bar. Amtmannen i Finnmark, A.T. Harris, greip raskt inn og påla dei offentlege tenestemennene i dei kritiske områda å rapportere om religiøs svermeri og mistanke om uro blant dei vakte. Elles gjaldt det å samle konkrete bevis på lovbrøt, både ved å infiltrere dei læstadianske miljøa, og halde auge med omreisande predikantar og kvenar som opphaldt seg ulovleg i landet. Frå Skjervøy kom det melding om at presten kjente seg så truga av de vakte, at han ikkje våga å halde gudsteneste før politiet vart styrka på staden. Ved koparverket i Kvenangen sa leiaren opp stillinga si, og reiste bort med grunngeving om at han kjente seg truga på livet. Det vart straks oppretta eit borgarpoliti på Skjervøy, og fleire polititeneestemenn vart tilsette for å reise rundt og halde orden i Kvenangen.²²³

Blant rykte og meldingar til sentrale styresmakter om situasjonen i Finnmark var det særleg ei nyhende som vakte uro og kravde handling, nemleg at det skulle vere fare for aksjonar for å setje fri samane som sat i arrest i Alta etter valdshandlingane i Kautokeino.

²²² Zorgdrager 1997: 333 ff

²²³ Bjørklund 1885: 303-304

Den 13 februar 1853 vart det sendt ein styrke på 50 infanterisoldatar frå Hærvavdelinga i Trondheim til Alta for å oppretthalde orden og demonstrere militær makt. Omtrent samstundes sendte amtmannen i Finnmark rapport til departementet der han gjorde greie for sine lokale polititiltak og kunne melde at alt var roleg i Finnmark. Det var neppe etter hans meining behov for verken spesialpoliti eller infanterisoldatar lenger i Finnmark. Etter fem rolege månader i Vest-Finnmark vart styrken returnert til Trondheim. At situasjonen vart oppfatta som dramatisk og samstundes var vanskeleg å halde oversikt over, gav rom både for utilsikta handlingar, ryktespreiing og kynisk spekulasjon.

5.4 Læstadianismen - frå Hammerfest til Amerika

Meldingane om den religiøse situasjonen i prestegjeldet frå presten Conrad Aars i Hammerfest, var etter alt å døme både nøktern og fornuftig sett i forhold til den spente situasjonen som valdshandlingane i Kautokeino hadde skapt. Rett nok hadde han fått kjennskap til døme på ”vildfarelse” og ”alt for stor omvendelsesiver på utenforstående” blant einskilde vakte, men situasjonen var ikkje verre enn at presten sjølv kunne snakke dei til rette.²²⁴ I Hammerfest var det først hos samane, men etterkvart aller mest blant dei fastbuande kvenane i landsoknet at den læstadianske vekkinga hadde vunne størst gehør. Men også i byen var eit fåtal kvenske familiar alt i 1849 med blant dei vakte. I 1853 hadde rørsla 50-60 aktive tilhengarar, noko som var eit imponerande tal så tidleg, i følgje Dagmar Sivertsen.²²⁵ Eittersom fleire flyttsamar frå Kautokeino hadde sommarbuplassane sine i prestegjeldet, hadde den religiøse budskapen allereie i 1847/48 nådd Hammerfest og raskt fått stor oppslutning. Men ingen av dei namngjevne ”fanatikarane”, eller dei som vart dømde for ugjerningane i Kautokeino, tilhørde siidaene som flytta til Hammerfest om sommaren.²²⁶

Når Aars så fryktlaust kan rapportere om ro og kontroll blant dei vakte i Hammerfest, kan det også ha samband med at læstadianarane i Hammerfest tok avstand frå valdshandlingane. Elles hadde nok presten observert at mange av dei kvenane som hadde bytta ut kortstokken med andaktsboka, var trufaste kyrkjegjengarar når dei fekk høyre gudsordet på sitt eige morsmål. Stort sett gjekk det roleg føre seg med husandakt og lite utagerande verksemd som kunne provosere, om ein ser bort frå visse åtak på handelsmannen som mellom anna selde alkohol i Repparfjord.

²²⁴ Sivertsen 1955: 152

²²⁵ Sivertsen 1955: 152

²²⁶ Zorgdrager 1997: 407

Læstadianarane fekk vere i fred med sitt, medan kyrkja på si side hadde nok å stri med av generell religiøs sløvskap, vankunne og umoral blant allmugen. Det var heller ikkje ukjent at læstadianismen førde med seg sosiale og økonomiske betringar for allmugen, og at vekkinga medførte redusert kriminalitet. På same måte som i Kåfjord, der eit alvorleg alkoholisbruk - særleg blant dei kvenske gruvearbeidarane - så å seie vart utrydda like etter at den læstadianske vekkinga for over industristaden, kunne ein sjå liknande resultat blant dei vakte kvenane i Hammerfest. I kjølvatnet frå den læstadianske vekkinga i prestegjeldet hadde både "Drukkenskablaster" og tendensen til "Banden og Sværgen" gått betydeleg tilbake både i byen og i landsoknet, vart det opplyst i visitasmeldinga frå 1851.²²⁷ Det same vart gjentatt på visitasmøtet i Hammerfest i 1879, med same grunngjeving.²²⁸

Men det kom også andre meldingar om den religiøse tilstanden i Hammerfest som var egna til å skake opp både styresmaktene og folk flest. Den 31 mars 1853 skreiv ein anonym innsendar til Tromsø-Tidende at "I Reppefjorden skal Læseriet saaledes have antaget en meget betænkelig Karakter, og man befrygter, at de der Boende alene vente paa Fjeldfinernes Ankomst for at fornye Kautokeino-Tragendien."²²⁹ Amtmannen tok saka alvorleg. Det same gjorde biskop Juell i Tromsø. Både futen, lensmannen og presten i Hammerfest fekk derfor i oppdrag å etterforske saka grundig. Det er grunn til å tru at dei etterkom denne oppfordringa så godt dei kunne. Likevel vart det lite som kom fram som kunne tyde på at religiøs fanatisme og valdsplanar verserte blant dei vakte i prestegjeldet. I så måte var dei samstemte i sokneprest Aars sin konklusjon om at det ikkje var "nødvendig at sætte inn andre enn Aandens Vaaben imod disse Sværmere, der ingen Ildsindighed røbede." Dette rådet vart følgt av amtmannen, og vidareformidla til departementet.

Det fanst også dei som gjerne ville utnytte den spente situasjonen ved å skape og formidle rykte, anten for å svekke eller styrke eigne eller andre sine posisjonar. I eit brev til amtmannen 2 mai 1853, skriv lensmann Scanning i Hammerfest at det var ein upåliteleg apotekar i byen som utan anna enn lause rykte og misforståingar var kjelda til oppslaget i Tromsø Stiftstidende.²³⁰ Truleg meinte apotekaren at Hammerfest kunne få stasjonert ein militær styrke i byen dersom styremaktene tok ymtinga om religiøs uro blant dei vakte på alvor.

Dei tragiske hendingane i Kautokeino i 1852 og den spente situasjonen som følgde, var utvilsamt med på å tilspisse dei religiøse og etniske konflikhtar mellom folk i Finnmark i

²²⁷ Sivertsen 1955: 152

²²⁸ Visitasprotokoll for Hammerfest prosti, 11.9.1879

²²⁹ Tromsø Tidende nr. 26, 31.mars 1853

²³⁰ Zorgdrager 1997: 356-357

lang tid etter. Sjølv om amtmannen og fleire av dei lokale representantane for styresmaktene gjekk fram med både forstand og relativ god forståing for dei kulturelle og religiøse forholda, vart det truleg skapt splitting, spenning og angst i folket som ikkje gjekk over på lenge. Frå norsk synsvinkel vart opprøret ofte referert til som ei revolusjonær handling og som ein trussel mot norske interesser i Finnmark som måtte medføre større press på dei etniske og religiøse minoritetane i området. Mange av dei vakte sat derimot truleg att med ei kjensle av å bli urettmessig stigmatisert, forfølgd og utestengt frå storsamfunnet.

Men samstundes verka også situasjonen og læstadianismen til å sveise saman samar og kvenar - og seinare også nordmenn - i eit religiøst og etnisk fellesskap, der den læstadianske lære gradvis stimulere til politisk tenking, kulturell legitimitet og identitet i ei vanskeleg tid. Det er truleg ut frå ein slik tankegang forskarar som til dømes Bjørklund og Otnes, har karakterisert hendingane i Kautokeino og den læstadianske rørsla som ein start på ei kvensk og samisk oppvakning og organisering i eit premoderne samfunn.²³¹ I følgje Bjørklund, vart rørsla i første fase primært ein reiskap i den kampen kvenar og samar måtte kjempe for å overleve som minoritetskulturelle grupper med kultur og grunnleggjande verdiar i behald. I neste fase, på slutten av hundreåret, var den læstadianske trua derimot blitt ein del av ei meir offensiv etnopolitisk mobilisering av samar og kvenar i oppgjøret med det norske samfunnet.²³² Eit slikt perspektiv som både vektlegg ideologi, organisering og politisk funksjon vert sjølvstøtt interessant når ein skal fokusere på etniske og religiøse grupper sin rolle i samband med masseutvandring i ei tid då det elles knapt fanst politisk og sosial organisering i Nord-Noreg. Ein kan såleis stille spørsmålet om læstadianismen verka til å stimulere eller bremse emigrasjonen frå det fleiretniske Finnmark.

Sjølv om læstadianismen hadde stor oppslutning blant samane, vart han truleg enno nærare kopla til kvensk kultur og dermed velegna som ideologisk og andleg overbygning i dei kvenske miljøa. Læstadius talte til samane og kvenane på deira eige språk, men finsk vart mest å rekne som eit heilag språk blant dei vakte. Både i form og innhald samsvarte den læstadianske kristendomen også med tankar og verdiar som den nordnorske allmugen kunne kjenne seg att i. Læra om ein streng gud som kravde at folk sjølv betra livsmåten sin, sette kjente ord og bilete på den frustrerte situasjonen mange av dei lågast på samfunnsstigen kjente overfor til dømes handelsmenn, prestar og andre representantar for makta. Fattigfolk vart synt stor respekt om dei makta å halde ut fattigdomen og samstundes leve eit moralsk, edrueleg og gudfryktig liv, og flyttesamane sin kultur og religiøse tenkemåte med drag frå

²³¹ Bjørkund 1985: 407-408

²³² Drivenes og Niemi 2000: 158-159

tradisjonell førekristen tru, vart heller ikkje nedvurdert. Som lutheransk religiøs vekking tok læstadianismen opp i seg ulike element og uttrykksmåtar både frå samisk sjamanisme og tidleg folkekyrkjelege tradisjonar som var levande og hadde appell til folk i nord.²³³ På denne måten var rørsla med på å rette ryggen på mange som kjente seg mindreverdige i møte med dei norske politiske og religiøse institusjonane.

Sjølv om Læstadius slett ikkje gjekk i brodden for eit sosialt opprør med omvelting av den sosiale orden i samfunnet, gjekk ikkje læstadianarane av vegen for å kritisere og påpeike umoral og misgjerningar blant samfunnseliten, snarare var dette eit kjenneteikn på rørsla. Men sjølv om kritikarane kunne verke som ein trussel på det norske kulturelle hegemoniet, var han neppe grunna på eit ønske om sjølv å få tilgang på større ressursar. Å kunne avstå frå materielle godar og all form for luksus, og akseptere den materielle situasjonen slik han var, vart nærast ein dyd. Derfor var det heller ikkje eit poeng å kome seg ut av fattigdomen ved å sterve etter eit liv rikare på gods og gull. Sosial mobilitet og karrieremobilitet vart heller i liten grad aksepterte drivkrefter når vegen vidare i livet skulle stakast ut, eller når viktige avgjerder om til dømes utvandring skulle fattast.

På det religiøse området var dei læstadianske samfunna langt på veg sjølvhjelpne og i liten grad avhengige av statskyrkja sine tenester. Meinigheita som kollektiv spela ei viktig rolle både religiøst og sosialt for det einskilde individ, og omreisande predikantar hjelpte til der dei hadde lite med talegåve lokalt. Heller ikkje på det sosiale området var forankringa til grupper utanfor den religiøse sirkelen sterk. I Hammerfest by der læstadianismen for det meste var lokalisert til det kvenske miljøet, var husmøta halde i dei bygardane der kvenane budde og mange av medlemmane henta også levebrødet sitt og levde i lange periodar av året saman på fangskuter på Ishavet. På den måten bygde dei ein fellesskap med språklege og kulturelle verdiar, og ein sjølvrespekt som gjorde dei vanskelegare å kue og assimilere inn i det norske storsamfunnet. Dette gjorde det truleg lettare for mange læstadianarar å bryte opp og flytte mellom område på Nordkalotten, der dei hadde nære relasjonar til religiøse brør og søstrer, særleg om reisa kunne grunngjevast religiøst. Truleg kan slike kulturelle og sosiale forhold vere med på å forklare kvifor så mange læstadianarar, særleg med kvensk opphav, emigrerte til Amerika frå byane i Finnmark under den mest intensive utvandringsperioden på 1870- og 1880-talet. Det er elles eit faktum at det religiøse og kulturelle fellesskapet mellom det læstadianske emigrantmiljøet i Amerika og dei heimlege meinigheitene på Nordkalotten

²³³ Zorgdrager 1997: 195-197

lenge var sterk og konfliktfylt, og at personar vart sendt begge vegar over Atlanteren, anten for å rydde opp i tvistar eller av andre religiøse grunnar.

Etterkvart vart tragedien i Kautokeino i 1852 gløymd. Etter om lag eit tiår meir prega av lågmælt husandakt enn offensiv misjonering, vart likevel den læstadianske rørsla gradvis spreidd over store delar av Nordkalotten. Då Læstadius daude i 1861, tok Johan Raattamaa over som leiar for dei vakte. Samstundes som det no vart arbeidd aktivt med å utvikle eit omfattande nettverk med reisande predikantar mellom dei ulike lokalsamfunna slik at vekkinga vart halde vedlike, oppsto det indre spenningar og konfliktar om lærespørsmål som truga med å splitte flokken.²³⁴ No var det framfor alt i dei tettbygde og urbane strok som Alta, Vadsø og Hammerfest rørsla skaut fart. I ishavsbysen Hammerfest fekk ho utover 1860-åra gradvis større oppslutning, først og fremst blant kvenane, men også blant samar og enkelte nordmenn. Denne framgangen hadde, i følgje Dagmar Sivertsen, først og fremst samanheng med den gode og støe organiseringa som prega læstadianarane i Hammerfest, med einskap i lærespørsmål og regelmessige møte, ubunden av tilreisande predikantar.²³⁵

På prostevisitasmøtet i Hammerfest i 1866, der det kom fram misnøye med kyrkjjesøkinga i soknet, vart det særleg peika på at "...kvenene sig i mellom holdt private andaktsammenkomster Søndag Formiddag ettersom nyankomne av disse slet ikkje kjente det norske Sprog og også mange av de før Bosatte ialfall ikkje hadde tilstrekkelig norsk sprogkunnskap."²³⁶ Ikkje eit kritisk ord vart bokført korkje om læstadianismen eller om dei kvenske innbyggjarane som samla seg til husandakt under leiing av tranbrennar og huseigar Henrik Maherra i Nedre Grønnevoldsgata.

Men etterkvart som kveninnvandringa auka, vart læstadianarane stadig meir sjølvbevisst og djerv i kritikken sin mot prestane og kyrkja si lære. Konflikten vart tilspissa, den religiøse aktiviteten auka og dei vart meir merkbar i det andelegeliv i byen. I et innlegg i Finmarkposten frå 1877, skriv ein innsendar om ei ny sekt i Finland prega av "religiøs Overspændthed" som hadde fått fleire tilhengjarar blant kvenane i Hammerfest. Utan konkrete lokale referansar til læstadianarane, gjev skribenten seg til å fortelje om den nye religiøse aktiviteten som skulle gå føre seg under stort spetakkel der folk "brøler af fuld Hals, spreller med Lemmerne og forvrider Kroppen på alle mulige Maader."²³⁷ Han kan også formidle eit rykte om at deira "religiøse Fanatisme har gaaet saa vidt at den har forledet

²³⁴ Havdal 1977: 90-94

²³⁵ Sivertsen 1955: 153

²³⁶ Visitasprotokoll for Hammerfest prosti, 1866

²³⁷ Finmarkposten nr. 30, 28.7, 1877

Enkelte til bespottelige Udtalelser mot Kirken og Geisteligheden.”²³⁸ Same året var flokken av vakte og optimismen blant dei blitt så stor at dei tok opp lån i Sparebanken og fekk bygd eige forsamlingshus i byen, slik læstadianarane også hadde gjort i Vadsø året før.²³⁹ Dei fekk også hjelp frå omreisande predikantar. Mellom anna vart truleg den finske Paulus Palovare på vitjing i Hammerfest eit par gongar i perioden 1879-82.²⁴⁰ Han var særleg kjent for grundig vekking og nettverkbygging til dei ”førstefødde” i Nord-Sverige.

Under prostevisitasen i Hammerfest to år seinare, tok kyrkjesangar Olsen bladet frå munnen og fortalde at ”den kvenske retning i den senere tid var optrådt mer bestemt fientlig mot statskirken og havde samlet sig mer for sig selv, siden den for to år siden fikk eget forsamlingshus.”²⁴¹ Enno krassare var tonen blitt året etter då det ved bispevisitasen vart klaga over ”den Uro som navelig Kvænske vakte forvoldte i kirken under altergangen, i det deres Dans enkelte ganger har voldt megen Forstyrrelse og Forargelse.”²⁴² Soknepresten i Hammerfest, Lars Anton Moe, vart oppmoda frå sine overordna til å truge dei villfarne med både politi og utelukking frå kyrkjerommet, men presten ville gå meir forsiktig fram. Rett nok vart ein læstadianar nekta nattverd fordi han ikkje godtok at kyrkja hadde kraft til å frita folk for synd, absolution, men elles prøvde presten å kome dei vakte i møte. Likevel kom det til konfrontasjonar, til dømes i 1884 då to læstadianske kvinner vart kasta ut av kyrkja av dåverande prest Rosengren, og seinare bøtelagt for forstyrring av gudstenesta. Etter dette vart det innført særlege nattverdsermoniar for læstadianarane i Hammerfest kyrkje slik som tidlegare vart innført i Ofoten. Dette skapte meir ro mellom læstadianarane og kyrkja i byen.

Trass i sekteriske haldningar, uønska religiøs framferd og kritikk blant dei vakte, stod trass alt læstadianarane fast på medlemsskapet sitt i kyrkja. Det var derfor ikkje i prestane si interesse å skyve dei frå seg i utrengsmål, men heller å syne toleranse og prøve å integrere dei i statskyrkja. Kyrkja hadde ikkje lenger religiøst monopol og måtte mange stader kjempe for medlemane sine mot dissentersamfunn og den romersk-katolske framrykkinga i nord. Både i Tromsø og i Alta hadde ”papismen” etablert seg og starta arbeidet på den nye nordnorske misjonosmarka. I 1864 kjøpe den katolske misjonen eit hus i Hammerfest, og utover 1870-åra vart det bygd både kyrkje og hospital og etablert ein katolsk kyrkjelyd med om lag tretti medlemmar i byen.²⁴³ I 1889 bestemte metodistane seg for å etablere kyrkjelyd i byen. Dette skulle, i følge Finmarkposten, ha samband med at den amerikanske

²³⁸ Finmarkposten nr. 30, 28.7, 1877

²³⁹ Jørgen Sivertsen : privatarkiv boks 24, Statsarkivet i Tromsø

²⁴⁰ Sivertsen 1955: 155

²⁴¹ Visitasprotokoll for Hammerfest prosti, 11.9. 1879

²⁴² Visitasprotokoll for Hammerfest prosti, 22. 6. - 5. 7. 1880.

²⁴³ Sivertsen 1973: 266

metodistbiskopen D. Fomler vart nekta å halde gudsteneste i Hammerfest kyrkje for ei gruppe amerikanarar han reiste saman med som turist til Nordkap.²⁴⁴ Eit år etter var metodistane på plass i byen med misjon og sterk kritikk av statskyrkja. Det fanst også nokre baptistar. Men det var læstadianarane som fekk størst oppslutning. På 1880-talet nådde truleg den læstadianske rørsla opp i om lag 300 medlemar i Hammerfest by, og frå visitasprotokollen kan vi lese at *"Læstadianarane som utgjør et talrigt Parti inden menigheden, holder seg fremdeles borte fra kirken, når ikkje altergang eller miniserielle forretningar tvinger dem dit."*²⁴⁵ I 1893 var det gamle bedehuset blitt for lite, og eit nytt og større oppført.²⁴⁶

Når kyrkja likevel gjekk så varsamt fram mot denne konkurrenten, hadde det kanskje samband med at prestane alt då observerte det seinare kyrkjehistorikarar har slått fast, nemleg at der læstadianismen stod sterkt, vann dissentarane liten innpass.²⁴⁷ Rørsla vart på sett og vis eit folkeleg religiøst alternativ til dissentersamfunna, innanfor sjølve statskyrkja.

Ikkje berre var det ein relativ stor konsentrasjon av læstadianarar i Hammerfest mot slutten av hundreåret, men både meinigheita og einskildpersonar frå byen kom til å stå sentralt i dei viktige kampane som læstadianismen måtte utkjempe både mot kyrkja og mellom ulike fraksjonar innafor eigne rekkjer i dei neste tiåra. Særleg når det gjeld kontakten til dei utvandra læstadianarane i Amerika spela Hammerfest-læstadianarane truleg ei viktig rolle.

Tidleg på våren 1871 forlot den kvenske tranbrennaren Salomon Kortetniemi bustaden sin og den læstadianske menigheita i Hammerfest med kurs for Trondheim, der han saman med kona Helena og sonen Peter kjøpte billett med dampskipet Norway for å emigrere til Amerika. Destinasjonen var gruvesamfunnet Hancock, Copper Peninsula, Michigan, dit mange av utvandrarane frå Hammerfest reiste på denne tida.²⁴⁸ Kortetniemi, som var ein av leiarane for læstadianarane i Hammerfest, vart truleg bodsende av venen Antti Viitikkahuhta for å hjelpe til med å bygge opp den læstadianske rørsla blant dei nordiske gruvearbeidarane som slo seg ned på halvøya. Mange læstadianarar var komne i konflikt med dei norsk-lutherske kyrkjene i området av same grunn som vi kjenner frå Noreg, og fleire av dei var utstøytte.²⁴⁹ og Han var ikkje den einaste predikanten som emigrerte frå ishavsbyen. I 1875 drog Henrik Maherra og familien hans same vegen, og fleire følgde etter, ofte med liknande

²⁴⁴ Finmarkposten nr. 66, 1889

²⁴⁵ Visitasprotokoll for Hammerfest prosti. 30.des. 1890

²⁴⁶ Sivertsen 1973: 265

²⁴⁷ Havdal 1977: 96

²⁴⁸ Eigen database

²⁴⁹ Lunde 2000: 97

oppdrag frå dei læstadianske leiarane på Nordkalotten. Då Kortetniemi kom til USA, var han om lag femti år og hadde lang røynsle frå meinigheitsarbeid i Hammerfest, der læstadianarane framfor alt var velorganisert under leiinga av dei to kvenske tranbrennarane, Isak Teppola og Salomon Kortetniemi. Han kom snart til å spele ei sentral rolle i skipinga av den læstadianske kyrkjelyden i Calumet, og i 1873 vart den først læstadianske kyrkja i USA bygd. At Kortetniemi ikkje var særleg audmjuk eller bøyeleg fortel kanskje det faktum at meinigheita faktisk fekk namn etter predikanten frå Hammerfest, nemleg *The Salomon Kortetniemi Lutheran Society*.

Kontakten var sterk mellom dei læstadianske meinigheitene i USA og på Nordkalotten. Etterkvart som det auka på nye nordiske innvandrarar som stilte seg kritisk til leiarane og den amerikanske måten å organisere rørsle på, oppstod det splitting både innanfor dei amerikanske meinigheitene og mellom dei religiøse maktsentra på Nordkalotten og i USA. Strida gjaldt særleg den såkalla *førstefødt dogma*, som la til grunn at modermeinigheita i Karesuando hadde overordna autoritet i lærespørsmål over den læstadianske rørsle, same kva for land det gjaldt. Dette sette Kortetniemi og krinsen rundt han seg kraftig imot. På nytt vart ein predikantant frå Hammerfest sendt over til USA i religiøst ærend. Det var Johan Lumijärvi, ein ung kvensk arbeidsmann som berre var tjue år då han kom til Amerika i 1882. Han vart plukka ut av Johan Raattaamaa til den vanskelege oppgåva å representere dei nordiske gamallæstadianarane og samstundes verke som konfliktdempar mellom dei stridande partane i Calumet.²⁵⁰ Etter berre eit par år flytta han vidare til Astoria, Oregon der han vart leiar for læstadianarane der. Korkje han eller seinare utsendingar kunne hindre at konfliktane i Calumet enda i brot og splitting på slutten av 1880-talet. Men det kan neppe vere tvil om at det læstadianske miljøet i Hammerfest spela ei sentral rolle i den indre striden i rørsle allereie i ein tidleg fase i byrjinga av 1870-talet, og at kontakten mellom læstadianarane i Hammerfest og Amerika var tett.²⁵¹

5.5 Samandrag

Ettersom både den kvenske og den læstadianske minoriteten stod sterk i utvandringa til Amerika frå Hammerfest prestegjeld, er det god grunn til rette søkelys mot ideologiske og mentalhistoriske minoritetsoppfatningar frå undersøkingsperioden i forklaringa. Sentralt i utviklinga av ein offentleg finnmarkspolitik i denne perioden vart den offentlege *fornorskingspolitikken*. Denne politikken vart retta mot det samiske og kvenske folket i nord,

²⁵⁰ Sivertsen 1955: 154

²⁵¹ Sivertsen 1955: 188

og hadde særleg ved hjelp av språkpolitiske virkemiddel som mål å assimilere dei etniske minoritetane inn i den norske kulturen. I dei første tiåra var tiltaka stort sett prega av den tradisjonelle liberale norske haldinga i minoritetsspørsmål, men etter 1880 auka presset mot den kvenske minoriteten. Også i Hammerfest der næringslivet i stor grad var avhengig av tilflytta arbeidskraft, vart kvensk kultur og *kvensk religion* oftare kritisert offentleg. Dette verka nok til å motivere mange i den kvenske flokken for emigrasjon når lokkande tilbod om arbeid i Amerika dukka opp.

Fornorskingspolitikken og det aukande presset på kvenane i Finnmark hadde samanheng med den storpolitiske situasjonen i Europa som i Nord-Noreg kom til uttrykk som "den russiske fare" eller "den finske fare". Etterkvart som den kvenske innvandringa auka og fornorskingspolitikken syntte dårlege resultat, auka også den alminnelege skepsis mot kvenane i Finnmark. Dette må sjåast i samanheng med den vanlege oppfatninga ein finn i mange samtidige kjelder om at kvenane isolerte seg og heldt fast på den kvenske kulturen.

Med referanse til den ekspanderande *frontieren* av arbeidsfolk som gradvis rørde seg over Nordkalotten mot ishavskysten og deretter over Atlanteren til USA, kan ein også sjå utbreiinga av den læstadianske rørsla. Frå utgangspunktet sitt i samiske og kvenske miljø utvida vekkinga seg til norske og deretter til amerikanske samfunn, og vart truleg ein viktig faktor i den kontakten som ein slik etappevandring føreset. Med religiøse bruhovude i byane på Finnmarkkysten og i gruvesamfunna i Michigan, gjekk det føre seg ein straum av emigrantar over Atlanterhavet. Mange av dei som emigrerte vart rekruttert frå og kanskje også stimulert av den læstadianske rørsla, medan andre først vart læstadianarar då dei kom til USA.²⁵²

Same kva grunnen var til at dei einskilde valde å emigrere, hadde læstadianarane med seg ei felles røynsle frå gamallandet som i høg grad var prega av religiøs stigmatisering, og verknader etter den norske assimileringspolitikken og dei konfliktane dei hadde kjempa mot den norske statskyrkja. I så måte hadde dei mykje til felles med dei første emigrantane frå Noreg tidleg på 1800-talet. Truleg verka både sjølve vekkinga og budskapen i den læstadianske læra til å organisere og kalle mange av dei vakte til religiøse oppgåver i det folkerike Amerika, der korkje statskyrkje eller skole spela den same religiøse rollen som i Noreg. Men også blant læstadianarane verka nok sosiale nettverk og håp om betre materielle levevilkår som *pull*-faktorar i det "løfterike landet".

²⁵² Lunde 2000: 102

6 Konklusjon

6.1 Tilbakeblikk på teori og metode

Temaet for denne oppgåva er utvandringa til Amerika frå Hammerfest prestegjeld i perioden 1865-1925. Prestegjeldet, som omfatta ein bykommune og to landsokn i Vest-Finnmark, representerte betydelege økonomiske og kulturelle kontrastar som var karakteristisk for det nordnorske samfunnet av samar, kvenar og nordmenn då amerikafebereren nådde fram nordpå. Undersøkinga har derfor kunne hente støtte og inspirasjon frå ein relativt ny og framveksande litteratur om nordnorsk og norsk migrasjon og utvandring der både den etniske dimensjonen, kulturen og modernisering i by og land har fått stor plass.

Utgangspunktet for undersøkinga var at utvandringa frå Hammerfest prestegjeld - lik utvandringa frå Finnmark generelt - var relativ stor samanlikna med andre delar av landet i dei mest intensive periodane på 1870- og 1880-talet. Ser ein derimot heile den undersøkte perioden under eitt, var Finnmark blant dei fylka i landet med lågast utvandring, og heller ikkje Hammerfest skil seg ut med særskilt høg utvandringvolum. Ved hjelp av kjelder som foketeljingar, kyrkjebøker og utvandringprotokollar kan det dokumenterast at minst 1013 personar med bustad i Hammerfest emigrerte frå prestegjeldet til Nord-Amerika i undersøkingsperioden. Om lag 95 prosent av desse kan lokaliserast til byen.

Utvandringraten der var på det høgaste i året 1872, med om lag 45 emigrantar pr tusen innbyggjarar. Men også i åra 1881 og 1887 var det toppår i utvandringa. Eit viktig særtrekk ved utvandringa frå Finnmark er det store innslaget av kvenske emigrantar. Også i undersøkinga frå Hammerfest er det kvenske innslaget stort. I den første femårsperioden representert dei den største gruppa, og det er elles grunn til å tru at emigrantar med kvensk opphav totalt sett neppe utgjorde færre enn den norske utvandring. Det samiske innslaget i utvandringa var derimot minimalt, og det stadfestar såleis den svake utvandringa frå landsoknet, der det samiske folket i all hovudsak budde.

Det kan i røynda verke svært ambisiøst å søke etter årsaker og forklaringar på utvandringa til Nord-Amerika på 1800-talet i lokale undersøkingar. Ettersom emigrasjonen var eit all-europeisk fenomen, der folk frå ulike land og kulturar smelta saman i store emigrasjonsbølgjer som slo inn over det amerikanske kontinentet til ulik tid og med ulik styrke, må naturlegvis forskning og teoridanning på dette feltet alltid ha eit makroteoretisk perspektiv som utgangspunkt. Likevel kan ein observere variasjonar i utvandringa både på nasjonalt, regionalt og lokalt plan som kan gje innsikt i korleis folk på grasrotnivå responderte på dei overordna migrasjonstendensane i samtida. Emigrantane gjorde sine val

om å emigrere i lokalsamfunn forankra til lokale kulturar, og svarte av den grunn med ulikt handlingsmønster på ulike *push-* og *pull-*faktorar. Ikkje minst kan vi sjå dette skilje mellom by og landsokn, og mellom grupper med ulik etnisitet og sosioøkonomiske kjenneteikn. Slike val fekk naturlegvis også konsekvensar lokalt på utreisestaden og på dei stadane folk eventuelt emigrerte til og slo seg ned på. På den måten vert undersøking av lokal utvandring også eit studie av lokal utvikling og samfunnsendring.

I undersøkinga av utvandringa frå Hammerfest har eg tatt utgangspunkt i ein moderniseringsmodell definert i forhold til den allmenne vesteuropeiske moderniseringsprosessen på 1800-talet som omfattar og utdjupar samanhengen mellom både økonomiske, teknologiske, politisk-ideologiske og kulturelle endringstendensar. Også Hammerfest var i meir eller mindre grad del i denne prosessen. Ved å undersøke den lokale utvandringa i relasjon til moderniseringa slik ho kom til uttrykk i næringstilpassinga, fornorskingspolitikken og den læstadianske rørsla i byen og landsoknet, har eg freista å kome fram til ein *syntese* der heilskap og samheng mellom sentrale utvandringsfaktorar i Hammerfest blir mykje vektlagt. I følge Kjeldstadli er utfordringa i ein slik metode å integrere relevante faktorar til komplekse samanhenger.²⁵³ Heller enn å fokusere på årsaker til emigrasjonen i rein *empiristisk* forstand, har eg vald å søke bredt i dei økonomiske, politiske og kulturelle bakgrunnsfaktorane for fenomenet, ikkje minst for å framkalle trekk ved den mentaliteten som rådde i lokalsamfunnet og som gav rammer for dei val folk gjorde om utvandring. For å kompensere for mangelen på reine kvalitative kjelder - som det ville vere naturleg å ta i bruk i ein slik samheng - har eg både gjennom den kvantitativ og kvalitativ undersøkinga prøv å halde fast på ei hermeneutisk tilnærming.

Dei store tala på emigrantar frå Noreg og andre europeiske land til Nord-Amerika i siste halvdel av 1800-talet er vel egna til dramatiske historiske framstillingar. Særleg på grunn av store variasjonar i omfang og intensitet i emigrasjonen i mange lokalsamfunn, har mange historiske *forteljingar* søkt etter forklaringar i til dømes økonomiske og kulturelle *push-*faktorar i utvandringsområdet. Ved å sette fokus på demografiske drag, arbeidsmarknaden, kjedemekanismar og flyttekultur i forhold til den økonomiske utviklinga i Hammerfest og til ein viss grad i USA, får vi fram eit langt meir avdramatisert bilete av utvandringa frå prestegjeldet.

²⁵³ Kjeldstadli 1992: 216-217

6.2 Drivkrefter og utvandringmotiv

Då utvandringa frå Hammerfest til Nord-Amerika tok til på slutten av 1860-åra og fekk preg av masse-emigrasjon tidleg på 1870- og 1880-åra, skjedde dette etter eit par tiår prega av sterk økonomisk og demografisk vekst og utvikling på fleire område i prestegjeldet. Medan mykje heldt fram som før i landsoknet, gjekk det føre seg ei betydeleg modernisering og urbanisering av den gamle handels- og ishavsstaden Hammerfest. Bakgrunnen for denne veksten må ein for det første søke i ei politisk styrt utvikling attende i den dansk-norske unionen, då einevaldskongen i 1778 bytta ut den tradisjonelle merkantilistiske finnmarkspolitikken, basert på monopolhandel, med dåtidas moderne økonomiske liberalisme. Dermed fekk Hammerfest status som ein av tre nye kjøpstader i Finmarken amt, der det kunne vekse fram eit handelsborgarskap med fulle rettar til handel og eksport og eit miljø av offentlege tenestemenn. På denne måten vart Hammerfest gjeve ei viktig rolle i styresmaktene sin politikk for å integrere nordområda i riket, der målet var både å intensivere og effektivisere utnyttinga av ressursane i havet og å markere norsk herredøme i eit fleirkulturelt område der nordmenn mange stader var ein minoritet.

På ulike måtar var det frå offentleg hald stimulert til økonomisk utvikling gjennom ei omfattande liberalisering av lovverket for gruvedrift, handel og fiske som bidrog til å trekke innflyttarar til amtet både sørfrå og frå grannelanda på Nordkalotten. Men utviklinga av byen må også sjåast i samanheng med den viktige plassen han fekk i den internasjonale fiske- og finansmarknaden. Gjennom langvarig kontakt med store handelshus i Hamburg som gav tilgang på kapital, kreditt og marknad, og ved årvisse besøk frå dei russiske pomorane som kjøpte opp store kvantum med handelsvarer det elles ikkje var marknad for, kunne handelsstanden i Hammerfest langt på veg halde fram som eit protokapitalistisk mellomledd i den tradisjonelle fiskerinæringa. Tradisjon og modernitet i næringstilpassinga fekk i stor grad levde side ved side i prestegjeldet, gjensidig avhengige av kvarandre. Då utvandringa til Amerika tok til, kom dette til uttrykk gjennom ein svært ulik respons mellom by og land. Medan bylivet i Hammerfest stimulerte til mobilitet og utvandring, verka det tradisjonelle fiskarbondesamfunnet i landsoknet stabiliserande og bremsande på utvandringstrongen.

På 1800-talet auka folketalet i landet meir enn nokon sinne, særleg i Nord-Noreg. Samstundes fekk kysten oppleve ein positiv langtidstendens med vekst i fiskeria utover hundreåret. Vårtorskefisket tok seg kraftig opp i Finnmark frå 1840-talet, og dermed vart Nord-Noreg og Finnmark eit alternativ til emigrasjon for mange sørfrå. Fylket vart i høgaste grad meir eit innflyttings- enn eit utvandringssområde med berre nokre titals emigrantar før

1855. Dette medførte at Finnmark saman med dei nordnorske nabofylka kom seint med i den store utvandringa til Nord-Amerka i forhold til landet elles. Men då utvandringa for alvor kom i gang i nord på 1860-talet, skjedde det først og med størst styrke i Finnmark, særleg i byane. Hammerfest, Vadsø, Vardø og Tromsø fekk ein utvandringsintensitet i forhold til folketalet som overgjeikk dei fleste byane i landet. Først i perioden var det særleg heile familiegrupper som drog, seinare vart utvandringa dominert av ung og einslege, slik mønstret også elles var.

Men samstundes som mange emigrerte frå Hammerfest, flytta enda fleire inn og bidrog til prestegjeldet sitt jamt aukande folketal i undersøkingsperioden. Dessutan var befolkninga relativt ung, og derfor var den naturlege folketalveksten stor. Det er såleis ikkje mange spor etter uro og dramatikkk knytt til emigrasjonen korkje i offentlege rapportar eller i aviser i samtida. Då næringslivet ekspanderte sterkast på 1850- og 1860-talet, var innflyttingsstraumen og tilgangen på arbeidskraft stor. Men då nedgangstider og stagnasjon meldte seg på 1870-talet, verka emigrasjonen til Amerikas som ein tryggingsventil for lokalsamfunnet og tok seg av overskotet av arbeidskraft som hadde hopa seg opp i byen.

Ein stor del av dei som busette Finnmark på 1800-talet var ikkje ukjent med oppbrot og flytting. Den tradisjonelle ressurstilpassinga føresette langt på veg flytting, ikkje berre for dei samiske nomadane og *nordfararane* frå Troms og Nordland, men også for dei mange som søkte levebrødet i det sesongavhengige arbeidslivet i byar og tettstader. Myten om det stillestående tradisjonelle fiskarbondesamfunnet slår såleis sprekkar i møte med kjelder som fortel om årvisss sesongmigrasjon og sterke og langvarige flyttestraumar både innan og på tvers av regionar og landegrensar. Då kysten og fjordstroka av Finnmark kom med i den allmenne industrialiseringsprosessen i landet utover 1800-talet, med gruveindustri og organisert fiske og fangst i langt større skala enn tidlegare, vart tilgangen på tilflytta arbeidskraft ein viktig føresetnad. Straumen av innflyttarar vart såleis enda tydelegare enn før, ikkje berre frå landsbygda mot byane, men også frå fjernare stork til Finnmark.

I tillegg til å trekke til seg overskotet av arbeidskraft frå nærområdet, vart det også med initiativ frå verksemdene sett i gang aktiv rekrutteringsarbeid både innanlands og i utlandet for å skaffe kvalifisert arbeidskraft til industrien. Då koparverket i Kåfjord starta drifta i 1826 vart arbeidarar henta frå Sør-Noreg, England, Sverige og Finland, og til Hammerfest kom det ikkje få kvenske handverkarar, lausarbeidarar og fangstfolk frå områda rundt Botenvika og Tornedalen, men også mange tenestejenter, kontorfolk og handelsmenn sørfrå. På fleire vis kunne Finnmark med sine opne ressursar og tynne busetjing, fungere som ein dynamisk *frontier*, og gje levebrød til mange eigedomslause i den tradisjonelle

hushaldsøkonomien i fiskarbondesamfunnet. Når konjunkturane svinga og det meldte seg nedgangstider, var ikkje det tradisjonelle bondesamfunnet lenger noko freistande alternativ for mange i denne nye flokken av mobile lønsarbeidarar. Frå kopargruvane i Kåfjord gjekk vegen for mange til ishavsbyen Hammerfest, og mange heldt fram ferda vidare til Amerika. Dei var blitt ein del av den moderne *atlantershavsøkonomien* og pionerar i utvandringa frå Nord-Noreg. I denne samanhengen synes tesen om at *vandring skapar vandring* å stemme.

I Finnmark fekk byane ein arbeidsmarknad, som til visse tider av året kravde ein langt større arbeidsstyrke enn dei fastbuande kunne fylle. I Hammerfest var særleg nærleiken til dei enorme ressursane av loddetorsk, skrei, sei, håkjerring og sel eit vilkår som drog til seg både kreative kjøpmenn og dristige sjø- og fangstfolk. Lik mange av emigrasjonsmåla i Amerika, der jorda var billig og det var mogleg å starte med to tomme hender, verka truleg Hammerfest tillokkande med sin tilgang på uendelege naturressursar i havet og i Arktisk. For folk som tok til takke med dei harde arbeidsvilkåra som det raskt ekspanderande næringslivet i byen kunne tilby, var det openbart mogleg å slå seg opp både som skipper og handverkar med eige hus og eigedom. I samfunn med tradisjonelt låg sosial mobilitet og aukande befolkningspress i jord- og skogbruksbygder på Nordkalotten, vart derfor det urbane livet i Finnmark eit reelt alternativ til emigrasjon for mange. Hammerfest vart såleis ein by med ei svært samansett befolkning både med omsyn til kultur og etnisk opphav, der meir enn halvparten av den fastbuande befolkninga til utpå 1900-talet var født andre stader.

Ikkje alle som kom til byen og tok seg arbeid der hadde eit liv i Hammerfest som endeleg mål for si vandringa. Både blant dei kvenske innflyttarane og innflyttarane frå landsoknet, vart det mange som hadde opphaldet i Hammerfest som berre ein etappe i utvandringa til Amerika. Tal som viser deltakinga i loddetorskefisket i Finnmark syner ein aukande kvensk deltaking i perioden då utvandringa tok til for alvor. Om dei ikkje hadde vurdert utvandring før dei kom til byen, var det fleire sider ved livet i Hammerfest som kunne verke til å stimulerte tanken i den retninga etter kvart. Dessutan gav vårtorskefisket eller ein sesong på Ishavet høve til å tene dei pengane som skulle til for å skaffe seg einvegsbillett til Amerika. Undersøkinga viser at særleg i dei mest intensive periodane av utvandringa var ein stor del av emigrantane folk som ein ikkje ved hjelp av kyrkjebøker eller folketeljingar kan knytte til prestegjeldet. Også dei lokale rapportane frå lensmannen i Hammerfest hadde ein tendens til å underrapportere utvandringa frå prestegjeldet i same periode. Etter namn å døme var dette personar med finsk opphav, men som let seg registrere i dei sentrale utvandringsprotokollane med Hammerfest som siste bustad. Denne gruppa av tidlege utvandrarar frå Finland kan ha vore langt større enn vi kan lese ut frå dei lokale

kjeldene ettersom vi også finn emigrantar frå norske hamner som berre meldte *Stor-Finland* eller *Finland* som siste bustad. Ut frå slike observasjonar og elles forskning på finsk utvandring via byane i Finnmark, er det grunn til å tru at også Hammerfest spela ei viktig rolle i denne tidlege finske utvandringa til Nord-Amerika.

I forhold til fleire studiar frå lokalsamfunn som kan peike på ein klar samanheng mellom utvandringsintensitet og konjunktursvingar i det lokale næringslivet, kan det synast paradoksalt at starten på masseutvandringa frå Hammerfest by i stor grad fell saman med relativt gode tider for dei viktige næringsvegar i byen. Næringslivet hadde i hovudsak synt framgang og gode resultat sidan Krimkrigen midt på 1850-talet, og det var lite som kunne varsle om dramatisk endring då utvandringa tok til. Omkring 1870 vart det investert meir enn nokon sinne i fangstnæringa, som i denne tida ekspanderte kraftig ved å utvide felta austover til Novaja Semlja. Også tranproduksjonen, som var så viktig for verdiskapinga og sysselsettinga i byen, auka kraftig både i kvantum og verdi frå 1868 til 1870. Rett nok var 1868 eit svært dårleg år i loddetorskefisket i Vest-Finnmark, og i byrjinga av 1870- og 1880-åra var det nedgang i dette i fisket i Finnmark både når det gjaldt kvantum og gjennomsnittforteneste for fiskarane. Men i Vest-Finnmark kunne amtmannen rapportere om middels og gode år både i vårtorskefisket og sommarfisket etter sei dei fleste åra på slutten av 1860-talet og i byrjinga av 1870-åra.²⁵⁴

Samstundes kan vi sjå at kjøpmennene i byen hyrte enda fleire sjøfolk til oppkjøpsfartøy i denne perioden for å sikre sine interesser i fiskeeksporten. Dette var skuter som vart tatt ut av havfisket etter torsk. I relasjon til pomorhandelen og den internasjonale marknaden for produkt frå Hammerfest, var det heller ikkje noko som tyda på dårlegare tider. Det er derfor neppe grunnlag for å påvise ein klar og umiddelbar samanheng mellom konjunktursvinging i næringslivet og utløyisinga av utvandringa frå Hammerfest prestegjeld. Derimot verka truleg dei langsiktige konjunkturane inn både på næringslivet og utvandringslysta.

I løpet av undersøkingsperioden flytta tyngdepunktet i loddetorskefisket seg austover, håkjerringfisket gjekk sterkt tilbake på grunn av overfiske på slutten av 1870-åra, og ishavsfangsten nådde eit botnnivå rundt 1880. Omkring midt på 1870-talet opplevde handelsnæringa i Hammerfest ei kraftig prisnedgang som reduserte omsetninga med det halve, og det tok fleire tiår før dette var helt over. Då inntektskurvane stupte i Hammerfest

²⁵⁴ Amtmannsmeldinga 1866-70 og 1871-75, se også Solhaug 1976: 269-271

omkring 1875, var likevel utvandringa svak i åra rett etter, men utover 1880-talet tok ho seg kraftig opp igjen.

Både når det gjaldt fordelinga av verdiskapinga mellom menneskapa i selfangsten og utviklinga av den gjennomsnittlege dags- og årsløna for arbeids og tenestefolk i byen, var det lite reell framgang å spore for dei svakaste gruppene. Mange måtte nok spørje seg om utbyttet av strevet i arbeidslivet kunne konkurrere med det ein kunne forvente å oppnå på den andre sida av Atlanterhavet. Det vart i heile undersøkingsperioden sett inn ulike tiltak mot fattigdomen som herja blant byens *arbeiderstand*, som offentleg naudsarbeid, bustadbygging for arbeidsfolk og privat innsamling. Men vi får likevel eit klart inntrykk av at livet blant allmugen var sterkt prega av tronge husvære, husnaud og eit risikofylt og barskt arbeidsliv. I tillegg søkte mange eigedomslause og naudstruga innflyttarar Hammerfest på jakt etter arbeid og levebrød først og fremst om sommaren, men mange av dei vart vinteren over i byen. Sjølv om både undersøkinga frå Hammerfest og forskning elles viser at det ikkje først og fremst var dei aller fattigaste som emigrerte, kunne likevel fattigdomen og mangelen på bustader få verknad på flyttrongen også blant folk elles i byen. Når amtmannen vanlegvis meldte om problem med fattigdom i Hammerfest, var det helst allmugen i landsoknet han var mest uroleg for. Når sommarfisket slo feil og det var lite å bytte til seg russemjøl med, var trusselen om hungersnaud reell. Men det har ikkje vore råd å påvise resultat av slike svingingar i dei lokale levevilkåra i utvandringstala direkte. Heller ikkje akutte kriser, som etter stormvinteren i 1882 og bybrannen i 1890, viser tydelege endring i utvandringslysta.

Utvandringa frå Hammerfest var i all hovudsak ei arbeidsutvandring og fall i tid saman med den nye store emigrasjonen frå Sør- og Aust-Europa. I motsetting til bondeutvandringa tidlegare på 1800-talet der billig jord og tradisjonelt landsbyliv freista, var det no moderne industri og byliv som mobiliserte emigrantane. Utvandrarane vart i stor grad det nye industriproletariatet i USA, prega av høg mobilitet på jakt etter lønsarbeid i fabrikkar og gruver. Ein stor del av emigrantane frå Hammerfest valde såleis staten Michigan og dei framveksande kopargruvesamfunna der som destinasjon, etter at agentar frå Quincy Mining Company tidleg på 1860-talet hadde starta aktiv emigrantverving i Finnmark. I byar som Calumet og Hancock, dit mange frå Hammerfest drog, må det ha oppstått sterke miljø av emigrantar som kunne halde oppe den nordnorske og kvenske/finske identiteten, kommunisere heim og gje ei trygg hamn for dei som kom etter. I denne samanhengen spela informasjon og kontakt med emigrantmiljøa i Amerika ei stor rolle.

Ei viktig side ved moderniseringa i Hammerfest var den sterke utviklinga av kommunikasjonane og informasjonsstraumen folk i byen må ha opplevde om lag samstundes

med at talet på emigrantar frå byen tok til å auke tidleg på 1870- og 1880-talet. Med aukande innanlandsk og utanlandsk skipstrafikk og dampskipssamband med Hamburg og Bergen kvar veke, vart byen eit knytopunkt for samferdsla i nord, med stor kontaktflate mot resten av kysten og utlandet. Men også to avisetableringar og utviklinga av telegraf og telefon verka til å gje byfolket god tilgang på informasjon om den norske emigrasjonen til Amerika. Slike forhold må i tillegg til den store innflyttinga ha gjeve byen særlege føresetnader til å utvikle ein særeigen *flyttekultur* med låg terskel for emigrasjon. Ikkje minst kan ein få auge på sider ved ein slik flyttekultur ved å studere kva avisene skreiv om emigrasjonen og livet som venta emigrantane i Amerika, eller marknadsføringa av reisetilboda som agentar fremja gjennom annonsar i avisene. Slike annonsar var eit dominerande trekk i avisbiletet i delar av undersøkingsperioden, og dette fall i stor grad saman med periodar då utvandringa var størst.

Avisredaksjonane i byen heldt seg i stor grad borte frå å kommentere utvandringa i utrengsmål. Det kan verke som det var ein etablert norm blant redaktørane å balansere informasjonen for å unngå å påverke opinionen på dette området, men stadig vekk vart det referert frå telegram og henta inn meldingar som gav nyttig informasjon om vilkåra for dei lokale emigrantane og den økonomiske utviklinga i det amerikanske næringslivet. I periodar verka truleg negative signal og ulike formar for åtvaring om dårlege tider i Amerika til å stogge utvandringslysta frå Hammerfest, særleg i dei amerikanske kriseperiodane omkring 1873 og etter 1893.

I eit område med ein sterk flyttekultur kan ein forvente å finne kjedemigrasjon basert på sosialt nettverk. Særleg blant dei kvenske arbeidarane som søkte til arbeidslivet i Hammerfest etter at gruvedrifta ved koparverket i Kåfjord stagnerte, hadde mange alt brote opp og etappeflytta fleire gonger før dei til slutt gjorde valet om å emigrere. Slike hadde vel fått "flytting i blodet". Familiemedlemmar og landsmenn hadde ofte reist på førehand og kunne lokke med førehandsbetalt billett, arbeid og mottaking i Amerika. Finmarkposten gjev også døme på amerikabrev og avisinlegg med direkte oppmoding om utvandring, nesten som rein marknadsføring av einskilde område i Amerika eller spesielle dampskipsselskap. Nokre få av emigrantane kom tilbake til Hammerfest for å verke som agentar, men også for å hente med seg resten av familien til den nye heimlassen i Amerika. I fleire tilfeller finn vi registrert i utvandringsprotokollane einslege kvinner som melder at målet med reisa var å slutte seg til ektemennene sine. Ein stor del av dei som emigrerte frå Hammerfest, reiste med førehandsbetalt billett. I mange tilfelle var nok dette døme på familieforeining, men elles kunne også arbeidsgjevarar i Amerika rekruttere arbeidskraft på denne måten.

Men framfor alt kjem den tette kontakten mellom Hammerfest og USA til uttrykk gjennom det nettverket dei læstadianske *vakte* etablerte på tvers av Atlanteren. Dei læstadianske kyrkjelydane som vart skipa i Calumet, Copper Peninsula i staten Michigan mellom anna ved hjelp av den utsende kvenske predikanten, Salomom Kortetniemi frå Hammerfest, vitnar om ein sterk organisasjon med god kontakt til heimlandet som kunne representere eit trygt bru hovud i USA for mange religiøse søsken frå Finnmark. I dette sambandet var det ikkje berre familie og sosialt nettverk som knytte folk saman. Også den læstadianske læra og praksis med vekt på misjonering og reisepredikantar, kunne i seg sjølve gjere det svært meiningsfullt å slutte seg til rørsla på den amerikanske misjonsmarknaden.

Men læstadianarane i Hammerfest fekk også oppleve stress som kunne stimulere draumen om religiøs og kulturell fridom i det nye landet. Trass i dei store liberalistiske reformene i 1840-åra, med opphevinga av konventikkelplakaten og vedtaket om dissenterloven, vart dei læstadianske gruppene i meir eller mindre konstant i konflikt med statskyrkja om trusspørsmål og religiøs praksis. Sjølv om dei *vakte* ofte praktiserte religionen sin privat og relativt isolert, var dei ofte møtt med skepsis og motstand frå stat og kyrkje etterkvart som dei vann i styrke eller stod offentleg fram som medlemmer av statskyrkja med trua si.

I Hammerfest fekk rørsla stor oppslutning særleg i den kvenske befolkninga, med eige forsamlingshus og aktive leiarar som kunne spele ei sentral rolle då det oppstod splitting mellom læstadianarane både i Finnmark og i meinigheitene i Amerika på byrjinga av 1870-talet. Eit slikt etno-religiøst miljø må også ha vore eit kraftfelt ikkje berre for den religiøse dimensjonen, men også for den spenninga som etterkvart oppstod som følgje av den norske assimilasjonspolitikken. Etter det tragiske opprøret i Kautokeino i 1852, vart det umiddelbart sett inn sterke verkemiddel frå styresmaktene si side for å få kontroll over dei samiske og kvenske religiøse opprørstendensane. Denne politikken var på fleire måtar intensivert og ført vidare gjennom den offisielle *fornorskingspolitikken* som på brei front tok sikte på å innlemme dei etniske minoritetane i det norske samfunnet både språkleg og kulturelt.

Særleg vart kvenane sett under sterkt press etter kvart som den finske innvandringa til Finnmark auka og det oppstod eigne kvenske samfunn i by og bygd. Det sterke innslaget av innflyttarar med finsk språk og kultur var også oppfatta som eit nasjonalt tryggingproblem i relasjon til *den russiske fare* i nord. I den politiske retorikken var kvenane ofte marginalisert som gruppe og mellom anna sett på som ein potensiell femtekolonne i ein eventuell konflikt om nordområda.

Overalt der kvenane slo seg ned i Finnmark samla dei seg om den kvenske kulturen og heldt fast på det finske språket. I Vadsø og i Kåfjord fekk vi egne kvenbyar. I Hammerfest kan vi også sjå at kvenane samla seg i visse bygardar. Men først og fremst var det i den læstadianske meinigheita og i arbeidslivet vi finn dominante kvenske miljø, særleg i ishavsflåten og i tranproduksjonen. Den læstadianske fellesskapet gav styrke til mange i denne situasjonen. Ivar Bjørklund skriv om den læstadianske rørsla i Kvenangen at ho vart "...eit symbolsk uttrykk for motstand mot det norske samfunns utvikling og mot dets administratorer."²⁵⁵ Den læstadianske læra og den tette fellesskapet gav dei samiske og kvenske minoritetane makt til å kjempe mot den uretten fornorskingspolitikken utsette dei for. No kunne samar og kvenar avvise det norske samfunn som tidlegare hadde avvist dei, skriv han.²⁵⁶ For mange læstadianarar og kvenar vart emigrasjon til Amerika vegen ut av denne pressituasjonen og isolasjonen i gamallandet. Rørsla gjekk klart tilbake i Hammerfest på slutten av undersøkingsperioden, då også det kvenske innslaget i byen vart redusert.

Både når det gjeld den kvenske og den læstadianske minoriteten som utvandra frå Hammerfest, er det god grunn til å anta at dei i stor grad fekk merke etnisk og religiøs motstand frå verdsleg og kyrkjeleg hald. Kritikkk og stigmatisering av desse minoritetane sette såleis preg på den lokale offentlege debatten og fekk dermed verknad på opinionen og folks oppfatning av kvensk kultur og den strenge læstadianske vekkingsrørsla. Dette verka til å segregere kvenane og læstadianarane i lokalsamfunnet og dermed gjere dei særskild disponert for oppbrot og emigrasjon. I så måte kan både *fornorskingspolitikken* og den generelle *sekulariseringsprosessen* i samfunnet vere med på å forklare utvandringa frå Hammerfest. Det er likevel relativt sparsamt med forskning som kan kaste skapt lys over kultur, tenkjemåte, religiøs mentalitet frå emigrantane sitt kvardagsliv både frå norsk og amerikansk side. I dei kjeldene eg har lagt til grunn i dette arbeidet kjem aktørane sjølve i liten grad til ordet, og det er heller ikkje grunn til å tru at det finst *berettande* kjelder i særleg stort omfang der emigrantane sjølve fortel om motiv og val. Likevel kan det neppe vere tvil om at det framleis finst oppgåver for historieforskning på dette området både basert på norske, finske og amerikanske kjelder. Dette gjeld ikkje minst arbeid med spørsmål knytt til den kulturelle og religiøse dimensjonen i utvandringa.

²⁵⁵ Bjørklund 1985: 314

²⁵⁶ Bjørklund 1985: 315

7 Kjelder og litteratur

Forkortingar

RHD	Registreringssentralen for historiske data, Universitetet i Tromsø, www.rhd.no
DA	Digitalarkivet, Universitetet i Bergen, www.digitalarkivet.no
SAT	Statsarkivet i Tromsø
RA	Riksarkivet
NOS	Noregs offisielle statistikk
PA	Privatarkiv i statsarkivet/riksarkivet
HB	Hammerfest bibliotek
MN/PF	Serienamn på kyrkje og klokkebøker
NSD	Norsk samfunnsvitenskapleg datateneste, kommunedatabase (Løyve til bruk er gitt frå Norges samfunnsvitenskaplege datatjeneste, NSD)

Trykte kjelder

Amtmannsmeldingar

Økonomiske femårsmelding frå amtmannen i Finnmark: (mikrofilm), SAT
1851-55, 1861-65, 1866-70, 1871-75, 1876-80, 1881-85, 1886-90, 1891-95, 1896-1900,
1901-05, 1906-10, 1911-15

Norges Offisielle Statistikk

NOS VII. 25. Utvandringsstatistikk Kristiania 1921, SSB Oslo
NOS Folketeljing Hammerfest 1825-1920, NSD, kommunedatabase
NOS Folkemængdens bevægelse 1866-1930, NSD, kommunedatabase

Folketeljingar

Folketeljing for Hammerfest by 1865, 1875, 1900, RHD og DA
Folketeljing for landsoknet 1865, 1875, 1900, RHD og DA
(Løyve til bruk er gitt frå Norges samfunnsvitenskaplege datatjeneste, NSD)

Kyrkjebøker

Dåps- og gravferdslister for Hammerfest 1822-1856, RHD
Dåps- og gravferdslister for bysoknet 1863-1897, RHD
Dåps- og gravferdslister for landsoknet 1857-1897, RHD

Emigrantprotollar

Emigrantar frå Trondheim 1867-1930, DA
Emigrantar frå Bergen 1874-1930, DA
Emigrantar frå Oslo 1867-1930, DA
Emigrantar over Ålesund 1878-1930, DA

Utrykte kjelder

Aviser

Finmarkposten, Hammerfest : 7/66, 8/66, 14/66, 18/66, 20/66, 21/66, 9/67, 23/67, 1/68, 2/68, 3/68, 16/68, 19/71, 7. des 1872, 30/77, 5/78, 40/78, 28/79, 7/80, 42/81, 17/82, 52/82, 5/83, 9/83, 11 juni 1887, 14/88, 52/88, 91/88, 5/89, 66/89, 10/90, 30/90, 7. okt. 1895, 3/96,
Tromsø Stiftstidende, Tromsø : 7.4 1864, 8.5 1884
Adresseavisen, Trondheim 28.1.1955

Kyrkje- og klokkarbøker (mikrofilm) HB

Hammerfest by og land 1843-1856, NM 16
Hammerfest by og land 1857-1869, NM 17
Hammerfest by og land 1876-1884, NM 17 (K3)
Hammerfest land 1869-1884 (K9)
Hammerfest by 1869-1877 (K8)
Hammerfest land 1869-1884 Ministralbok
Hammerfest land 1898-1908
Hammerfest by 1878-1905 Ministralbok
Hammerfest by 1869-1877 Ministralbok
Hammerfest land m/Kvalsund 1885-1897 Ministralbok
Hammerfest land 1898-1908 Ministralbok

Folketeljingar

Folketeljing 1891 for Hammerfest landsokn (487), RA
Folketeljing 1891 for Kvalsund (488), RA

Visitaprotokollar

Visitaprotokollar for Hammerfest prosti 1865-1896.
13-14. juni 1866, 7-8. aug. 1870, 17-20. sept. 1874, 11. sept. 1879, 2-4. juni 1884, 11-13. juli 1886, 1888, 30. des.1890, 23-27. okt.1892, 30.9-3.10.1894

Privatarkiv

PA : Jørgen Sivertsen, NR 44, SAT
PA : Centralkomiteén for Innsamling af Bidrag til Nødlidende i Tromsø og Finnmarkens Amter. P-00115, RA

Kart

Hammerfest prestegjeld, DA
Hammerfest by 1937, utlånt frå Gjenreisningsmuseet for Finnmark og Nord-Troms.

Litteratur

- Aleksandersen, U. T. 1999: Spørsmål om verneplikt i Nord-Norge 1815-1897, de sikkerhetspolitiske motivene for vernepliktsloven av 28. juni 1897, hovedoppgåve i historie, Tromsø
- Andresen, A. 1994: *Tromsø gjennom 10000 år. Handelsfolk og fiskerbønder 1794-1900*. Tromsø kommune
- Anttonen, P. 2001: Etnopolitikk, Nord-Norge og finsk kulturforskning. To doktoravhandlinger om kvenspørsmålet. I Ryymin, Teemu & Elin Karikoski (red.): *Kvensk forskning*. Tromsø
- Backer, J. E. 1965: *Ekteskap, fødsler og vandring i Norge 1856 – 1960*, Statistisk Sentralbyrå, Oslo
- Balsvik og Drake 1994: *Menneskene i Nord-Norge fra istid til nåtid, fra vogge til graven, i Nordnorsk Kulturhistorie 1, Det gjenstridige landet*. Oslo
- Bjørklund, I. 1985: *Fjordfolket i Kvenangen. Fra samisk til norsk utkant 1550-1980*. Tromsø
- Bottolfsen, Ø 1990: *Finnmark fylkeskommunes historie 1840-1990*, Vadsø
- Brox, O. 1984: *Nord-Norge – fra allmenning til koloni*. Tromsø
- Burke, P. 1992: *History & Social Theory*. Polity Press
- Capell Brookes, A. (1827), 1936: *Reiser i Finnmark, Ophold på Hammerfest 1820-21, frå A Winter in Lapland and Sweeden*, Hammerfest
- Dahl Bratrein, H. og Niemi, E. 1994: Inn i riket, politisk og økonomisk integrasjon gjennom tusen år. I *Nordnorsk kulturhistorie 1. Det gjenstridige landet*. Oslo
- Dahl, O. 1976: *Grunntrekk i historieforskningens metodelære*. Oslo, Bergen, Tromsø
- Drake, M. 1969: *Population and Society in Norway 1735-1865*. Cambridge
- Drivenes, E. A. og Niemi, E. 2000: Også av denne verden? Etnisitet, geografi og læstadianisme mellom tradisjon og modernitet. I Norderval, Ø. og Nettet, S. (red.): *Vekkelse og vitenskap. Lars Levi Læstadius 200 år*. Tromsø
- Eriksen, K. E. og Niemi, E. 1985: *Den finske fare. Sikkerhetsproblemer og minoritetspolitikk i nord 1860-1940*. Oslo/Bergen/Stavanger/Tromsø
- Eriksen, O. 1996: Den nordnorske modernisering. I Erik Oddvar Eriksen (red.), *Det nye Nord-Norge*, Bergen
- Flå, V. 1995: *Utvandring og intern flytting. Emigrasjon fra Vardø 1864-1920*. Hovedoppgåve i historie, Tromsø
- Forsdahl, A. 2000: *Utdrag av Medisinberetninger fra Finnmark 1863-1929. Gode og dårlige tider - helse følger svingningene*. Fylkeslegen i Finnmark, Vadsø
- Fuglerud, Ø. 2001: *Migrasjonsforståelse – flytteprosesser, rasisme og globalisering*. Universitetsforlaget. Oslo
- Fulsås, N. 1996: Kvifor fekk ikkje industrikapitalismen fotfeste i Nord-Noreg? I Erik Oddvar Eriksen (red.): *Det nye Nord-Norge*, Bergen
- Giddens, A. 1990: *Modernitetens konsekvenser*. Oslo
- Hansen, E. 1957: *Nordreisa bygdebok*. (Utgjevarstad ikkje oppgjeve)
- Hansen, L. I. 1994: Samene i forrige århundres folketellinger – registreringspraksis i Astafjord prestegjeld 1865-1900. I festskrift til Ørnulv Vorren, Tromsø Museums skrifter. Tromsø
- Hansen, L. I. og Niemi, E. 2001: Samisk forskning ved et tidsskifte: Jens Andreas Friis og lappologien - vitenskap og politikk. I Seglen, L. (red.): *Vitenskap, teknologi og samfunn. En innføring i vitenskapes teori og praksis*, Oslo 2001
- Hauglid, A. O. 1991: *Balsfjorden og Malangens historie*, bind 2. Balsfjord kommune
- Haukedal, G. 1980: Den kvenske innvandring til Nord-Troms og Vest-Finnmark 1700-1865. Hovedoppgåve i historie, Bergen
- Havdal, O. 1977: *Læstadianerne - Fra Nordkalottens kirkehistorie*. Trondheim

- Hylland Eriksen, T. og Arntsen Sørheim, T. 1999: Kulturforskjeller i praksis, Oslo
- Iversen, K. 1989: *Krise, utslettelse og nytt liv, Hammerfest etter 1914*. Hammerfest kommune
- Iversen, K. 1991: *100 år med lys og varme, Hammerfest Elektrisitetsverk 1891-1991*, Alta
- Jacobsen, R. 1963: *Sørøysund lokalhistorie*. Sørøysund kommune
- Jacobsen, R. 1989: *Bygdebok om Kvalsunds folk og forhold*. Kvalsund kommune
- Kaldal, I. 2002: *Frå sosialhistorie til kulturhistorie*. Oslo
- Kjeldstadli, K. 1992: *Fortida er ikke hva den en gang var*. Oslo
- Kvalnes, M. 2000: *Utvandringen fra Skjervøy prestegjeld til Amerika 1865-1914*.
Hovedoppgave i historie, Tromsø
- Langhelle S. I. 2002: Religiøst svar på samfunnsmessige utfordringer? Det kulturelle og religiøse normskiftet i Nord-Rogaland 1820-1850. Historisk Tidsskrift 1/2002
- Lunde, M. 1983: *Assimilation of the Old Apostolic Lutheran Church of Calumet, Michigan*.
Hovedoppgave i engelsk, Universitetet i Oslo
- Lunde, M. 1990: "The Emigration to North America from the Provinces of Troms and Finnmark as Reflected in Three Northern Norwegian Newspapers 1860-1900" i Ø.T. Gulliksen. I. R. Kongslien & D. Tølfesby (red.) Essays on Norwegian-American Literature and History, bind 2. NAHA-Norway, Oslo
- Lunde, M. 2000: Læstadianismen: hovedtrekk fra historien til Nordkalottens vekkelsesbevegelse i Nord-Norge og i USA. I Nygård, D og Aarek, H. E. (red.): *Dissentere og emigrasjonen : rapport fra seminar i Tysværtunet kulturhus, Aksdal, Tysvær, 22.-23. september 2000*
- Maurseth, P. B. 1997: Historiske handelsstrømmer mellom Norge og Russland, betydningen av pormorhandelen fram mot første verdenskrig. HT 4/1997
- Medick, H. 1981: The protoindustrial family economy. I. Kriedte, P., Medick, H. og Schlumbohm, J.: *Industrialization*. Cambridge
- Moberg, A. 1968: *Ett bidrag till Nordkalottens historia*, Norrbottens museum, Luleå
- Myhre, J. E. 2003: i *Norsk innvandringshistorie 2, i nasjonalstatens tid 1814 – 1940, del 2* (red. Kjeldstadli, K.) Pax, Oslo
- Nielsen, J. P. 1987: *I kopperverkets tid, Kåffjord kirke 150 år*. Alta
- Nielsen, J. P. 1995: *Altas historie, bind 2, Det arktiske Italia (1826-1920)*. Alta kommune
- Niemi, E. 1977: *Oppbrudd og tilpasning. Den finske flytting til Vadsø 1845-1885*. Vadsø
- Niemi, E. 1992: Naboer gjennom 1000 år, i Pomor. Nord-Norge og Nord-Russland gjennom 1000 år, Gyldendal, Oslo
- Niemi, E. 1994: "Fra Nord-Norge til Amerika. Noen refleksjoner om problemstillinger, perspektiver og utfordringer", i Heimen nr. 3 1994.
- Niemi, E. 1996: Emigration from Northern Norway: A Frontier Phenomenon? I Gulliksen, Ø. et al.(red.): *Norwegian-American Essays 1996*. Oslo .
- Niemi, E. 1998: Norsk emigrasjonsforskning siden Ingrid Semmingsen. Veien videre? I Lovoll, Odd S. (red.): *Migrasjon og tilpasning*. Oslo
- Niemi, E. 1999: From Northern Scandinavia to the United States. Ethnicity and Migration, the Sami and the Artic Finns. I Blanck, D. et al. (red.): *Migration och mångfald*. Uppsala
- Niemi, E. 2001: Kvenforskningen: et forskningshistorisk perspektiv. I Ryymin, Teemu & Elin Karikoski (red.): *Kvensk forskning*. Tromsø
- Niemi, E. 2002: American, Norwegian or North Norwegian? Dilemmas of Identity for Immigrants from Northern Norway in the United States, 1900-1930. I Nichol, Todd W. (red.): *Interpreting the Promise of America*. Northfield
- Niemi, E. 2003: i *Norsk innvandringshistorie 2, i nasjonalstatens tid 1814 – 1940, del 1* (red. Kjeldstadli, K.) Pax, Oslo

- Niemi, E. 2003-b: Kvenene fra innvandrere til utvandrere. I Mellem, R. (red.): *Innsyn i kvensk historie og kultur*. Tromsø
- NOU 1994: Bruk av land og vann i Finnmark i historisk perspektiv, NOU 1994:21, Oslo
- Onnela, S. 1978: Emigrasjon från Finland till Amerika över Nord-Norge 1867-1892. Religion and the Decline of Magic, Harmondsworth
- Richter Hansen, E. 1977: Pomorhandelen i Finnmark, Emnehefte 1, Skoledirek. i Finnmark 1977
- Ryymin, T. 2001: Creating Kvenness: identity building among the Artic Finns in northern Norway, *Acta Borealia* 1/2001
- Sandal, P. 1985: Emigrasjonshistoria i bygdebøkene, *Heimen* 4/1985
- Sanders, H. 1995: *Vækkelse og sekularisering. En protestantisk folkelig kultur i Danmark og Sverige 1820-1850*. Doktoravhandling ved Stockholms universitet
- Semmingsen, I. 1950: *Veien mot vest. Bind 2*, Oslo
- Semmingsen, I. 1972: *Emigration from Scandinavia*. *The Scandinavian Economic Review* 20.
- Semmingsen, I. 1977: Nordisk utvandringsforskning, *Historisk Tidsskrift*, 1977
- Sivertsen, D. 1955: *Læstadianismen i Noreg*. Forlaget Land og Kirke, Oslo
- Sivertsen, J. 1973: *Hammerfest 1789 – 1914*. Hammerfest kommune
- Skaaren, K. E. 1971: Utvandringen til Amerika fra Brønnøy og Vik 1867-1899, Hovedoppgåve i historie, Trondheim
- Smith, A. D. 2001: Nations and History. I M. Guibernau og J. Hutchinson (red.), *Understanding Nasjonalism*, Cambridge
- Soleim, Neerland M. 1998: *Emigrasjon og etnisitet. Utvandringen fra Vadsø til Amerika 1860-1914*. Hovedoppgave i historie, Tromsø
- Solhaug, T. 1976: *De norske fiskeriers historie 1815-1880*, Bergen, Oslo, Stavanger, Tromsø
- Svendsen, T. 1997: *Amerikafeber i ishavsbyen. Emigrasjon fra Tromsø til Amerika 1860-1925*. Hovedoppgave i historie, Tromsø
- Thorvaldsen, G. 1999: *Databehandling for historikere*. Tromsø
- Thorvaldsen, G. 1996: *Håndbok i registrering og bruk av historiske persondata*. Otta
- Tilly, C. 1977: Migration in modern European history, i J. Sundin & E. Söderlund (red.) *Time, Space and Man. Essays on Microdemography*, Umeå
- Vorren, Ø. 1990: *Samer, rein og gull i Alaska, Emigrasjon av samer fra Finnmark til Alaska*. Karasjok
- Weber, M. 1920/73 : *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd*, Gyldendal, Oslo
- Ytreberg, N. A. 1980: *Handelssteder i Finnmark*. F. Bruns bokhandelsforlag, Trondheim
- Zorgdrager, N. 1997: *De rettferdiges strid – Kautokeino 1852*. Norsk Folkemuseum, Vett og Viten AS
- Østrem, N. O. 2002: Utvandrarkultur – Ei migrasjonshistorisk undersøkning av Skjold prestegjeld 1837 – 1914, Dr. art.-avhandling, Institutt for historie, Det samfunnsvitenskaplige fakultet, Universitetet i Tromsø
- Åkerman, S. 1971: Intern befolkningsomflytting och emigration. I Hvidt, K.: *Emigrationen fra Norden inntil 1. Verdenskrig*, rapporter til det nordiske historikermøde i København 1971. København
- Aas, S. 1995: Nordnorsk migrasjon og "Nordens frontier". *Håløygminne* 1/1995

8 Tabellar og figurar - oversikt

Tabellar

Tabell 1. Befolkningsutviklinga i Hammerfest prestegjeld 1815-1920, absolutte tal.	29
Tabell 2. Utvandringa frå Finnmark 1866-1915, by/land, absolutte tal, femårsbolkar	32
Tabell 3. Utvandringa frå Nord-Noreg 1866-1925, årleg utvandring i promille av middelfolkemengda.....	34
Tabell 4. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, absolutte tal.....	35
Tabell 5. Årleg utvandringa frå Hammerfest by 1869-1920, promille av folketallet	37
Tabell 6. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, alder/kjønn	38
Tabell 7. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, femårsbolkar, etnisk	43
Tabell 8. Emigrantar frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, blanda etnisk opphav	45
Tabell 9. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1867-1920, offisielle og egne tal.	47
Tabell 10. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, yrkesfordeling	49
Tabell 11. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, reisemål, femårsbolkar.....	51
Tabell 12. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, billett-type, etnisitet.....	54
Tabell 13. Befolkninga i Hammerfest by etter fødselsstad 1865-1900, tal og prosent.....	58
Tabell 14. Gj. s. verdi av utførte fiske- og fangst produkt frå Hammerfest 1871-75	82
Tabell 15. Årleg gj. snitt av fangstfartøy og mannskap frå Hammerfest 1866-1915	98

Figurar

Figur 1. Befolkningsutviklinga i Hammerfest 1845-1900, etnisk, faktiske tal	30
Figur 2. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, faktiske tal, femårsbolkar.....	36
Figur 3. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, alder, tiårsbolkar	39
Figur 4. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-24, kjønnsfordeling i prosent	40
Figur 5. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1925, einslege og grupper	41
Figur 6. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, vaksne, sivilstand	42
Figur 7. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, etnisk, tiår, prosent.....	44
Figur 8. Utvandring frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, vaksne etter yrkesgrupper	48
Figur 9. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, reisemål, tiårsbolkar	52
Figur 10. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, reisemål, etnisitet.....	52
Figur 11. Utvandringa frå Hammerfest prestegjeld 1865-1924, billett-type	53